

All that is solid melts into Blair?

Ein historiografisk studie av New Labour

Jørgen Lien



Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi, historie,
kultur- og religionsvitskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Vår 2014

Abstract

Through an examination of selected academic works, this master's thesis updates the «New Labour» historiography and explores how the British Labour Party's renewal has been explained and historicised, from a variety of angles. Taking an untraditional, non-chronological approach to the material, Chapter 1 examines the academic debate surrounding the relationship between «The Third Way» and New Labour and different interpretations of New Labour's place in the broader view of Labour Party history and research. Chapter 2 concerns the historiography of the party-unions link. Making a distinction between works about Labour's relationship with the unions and the unions' relationship to Labour (the «party-union relationship» and the «union-party» relationship, respectively), a closer reading of several important works sheds light on how different perspectives can produce different «histories». In addition to seeing the history of the party-union link in relation to the ascendancy of New Labour, different methodological approaches to explaining and historicizing organisational and policy reforms are also discussed. Chapter 3 examines the historiography of writing *about* and *from the perspective of* the «Right» and the «Left» wings of the Labour Party. Drawing on insights from previous chapters about the historicisation of New Labour, I discuss the «social democratic-revisionist» and «socialist» schools of historical writing and research.

Føreord

Det har vore mange utfordringar på vegen mot å fullføre denne oppgåva, men når eg no har nådd den dagen eg meir enn ein gong trudde aldri ville komme, er det mange som fortener takk.

Takk til Sissel Rosland, min lojale og kloke rettleiar gjennom mange år. Her er det vanleg å takke for «gode råd og konstruktive tilbakemeldingar» eller noko slikt, men eg må nesten gå lenger: Sissel har vore til uvurderleg hjelp med det faglege, men eg vil mest av alt takke for tolmodet og den menneskelege klokskapen. Til tider har ho ikkje berre redda masterprosjektet mitt; ho har redda meg.

Takk til seminarleiar Jan Heiret, som leidde meg til å skrive om fagrørsla, og som tillet at eg gjorde ting på min eigen måte.

Takk til familien; som løfta meg opp når eg tvilte, og som aldri mista trua på meg. Til bror min, Stein Ove, for all mental og faglege hjelp og støtte, og for avgjerande viktig korrekturlesing. Til systers mi, Siw-Anita, som lytta og hjelpte meg til å diskutere meg fram til kva slags oppgåve dette skulle bli.

Takk til alle vener og kjente, som delte av sin kunnskap og interesse. Takk for at de stilte spørsmål, og for at de forstod når de ikkje skulle spørje om når eg kom til å bli ferdig.

Og viss lesaren tillet at eg skifter til engelsk: Thank you to my friend Bryan Borland. Your thoughts and words of encouragement and wisdom helped me more than you know.

Alle som ein har dei bidrege til at denne oppgåva såg dagens lys. Eg kunne ikkje ha ønskt meg eit betre støtteapparat.

Denne oppgåva er tileigna Tore Eikeland. Han fekk aldri sjå resultatet, men han er der, på og mellom linene, i kvart ord og kvar tanke.

Bergen, 31. januar 2014

Abstract	iii
Føreord	iv
Innhald	
INNLEIING	1
Oppgåvestruktur og kapittelinnndeling	1
Tilhøvet mellom analyse struktur og forskingsprosess	4
Historiografi, kanondanning og “fagleg kontekst”	6
Å oppdatere historiografien	10
KAPITTEL 1: “DEN TREDJE VEGEN” OG DET “NYE” I NEW LABOUR	12
Del I: “Den tredje vegen” og tilhøvet til New Labour	14
Anthony Giddens og “fornyninga av sosialdemokratiet”	14
<i>Den tredje vegen</i>	15
<i>Ein sosial marknadsøkonomi og ein “ny sosial kontrakt”</i>	16
<i>Fellesskap, likskap og politikk “hinsides høgre og venstre”</i>	18
<i>“Den tredje vegen” i teori og praksis: Giddens’ tilhøve til New Labour</i>	19
Will Leggett og status for debatten om “den tredje vegen”	20
<i>Kritikarane: Nymarxistar</i>	21
<i>Kritikarane: Anti-teknokratar</i>	21
<i>Kritikarane: Sosialdemokratar</i>	22
Del II: Tre perspektiv på New Labour: Kor nytt er det egentleg?	22
Steven Fielding og kontinuitetsperspektivet	23
<i>Fieldings historiografi: Tre historiske “skular”</i>	24
<i>Om samanlikningsgrunnlag og kontekstualisering</i>	26
<i>Å følge veljarane, eller overtyde dei?</i>	27
<i>Kor “nytt” er New Labour?</i>	29
Colin Hay som “thatcheristisk revisjonisme”	30
<i>Oppgjeret med moderniseringstesen</i>	31
Stephen Driver & Luke Martell: New Labour som “post-thatcheristisk”	32
<i>Førsteutgåva: “Post-thatcherisme”</i>	33
<i>New Labour-verdiane: Likskap og fellesskap</i>	34
<i>Andreutgåva: New Labour som “a composite”</i>	35
Oppsummering	37
KAPITTEL 2: ORGANISATORISKE REFORMER OG TILHØVET TIL FAGRØRSLA	39

Eit historisk oversyn	39
Del I: Forskinga på organisatoriske strukturar og reformprosessar	42
Lewis Minkin og “den omstridde alliansen”	43
<i>Den faglege konteksten</i>	44
<i>Minkins narrativ</i>	46
Thomas Quinn: Rational choice som forklaringsmodell	48
<i>Den faglege konteksten</i>	48
<i>Quinns moderniseringsnarrativ og framstillinga av reformprosessane</i>	51
<i>Politisk sentralisering</i>	52
<i>Økonomiske bindingar mellom parti og fagrørsle</i>	53
Meg Russell: Forhandla forandring og utilsikta konsekvensar	54
<i>Den faglege konteksten</i>	54
<i>Russells narrativ</i>	56
<i>Framstillinga av reformprosessane</i>	58
Deloppsummering	59
Del II: Forskinga på lenkja mellom fagrørsla og partiet	60
Innledning	60
Eit historisk oversyn: 1960-1979	63
Andrew J. Taylor: “There is no labour <i>movement</i> ”	63
<i>Respekten for ikkje-innblanding</i>	65
<i>Den nye realismen</i>	66
Robert Taylor: Fagforeiningane og staten	68
<i>Korporatisme</i>	68
<i>“Voluntarism”</i>	69
<i>Fagforeiningsmakt som “nasjonal myte”</i>	69
Kapitteloppsummering	72
KAPITTEL 3: “Sosialdemokratisk revisjonisme” og “venstrekritikk”: Historieskriving om og frå fløyene?	74
Innleiing	74
Kva står på spel? Nokre sentrale konfliktliner	76
Del I: Forskinga på den “sosialdemokratiske revisjonismen”	77
Tudor Jones og den sosialdemokratiske revisjonismens lange liner	77
<i>“Den politiske myten”</i>	79
<i>“Ein kjensleboren revisjonisme?”</i>	82

Labour og det liberale	83
David Marquand og “det progressive dilemmaet”	84
<i>Problemet med “labourismen”</i>	85
<i>Ny von med New Labour?</i>	87
<i>Kritikk</i>	88
Radhika Desai og sosialdemokratiske perspektivets intellektuelle tradisjon	89
Patrick Diamond og røtene til New Labour	90
<i>Revisjonisme som “haldning”</i>	92
Del II: Venstrekritikk som tema og perspektiv	94
Det “milibandianske perspektivet”: Labour som konservativt systemparti?	95
Å skrive venstresidas historie: Patrick Seyd	97
<i>Suksess som ein kime til nederlag</i>	99
Leo Panitch/Colin Leys: “Den parlamentariske sosialismens” svanesong?	100
<i>Å rehabilitere sosialismen</i>	101
<i>Erfaringane med New Labour</i>	104
Oppsummering	105
Konklusjon	107
Litteratur	112

Innleiing

I valkampen om leiarvervet i Labour i 2010 nytta David Miliband merkelappen «Next Labour» om sin visjon for partiets framtid¹. Ed Miliband, som til slutt vann leiarstriden mot sin eigen bror, nytta landsmøtetalen sin i 2012 til å måle fram biletet av «One Nation Labour»², i ein freistnad på å knytte Labour til tradisjonen frå Benjamin Disraeli³. Begge døma syner at både fortid og framtid er avgjerande viktig for korleis samtida blir oppfatta. David Milibands omgrep signaliserte at han var klar til å ta eit steg vidare frå Tony Blair og Gordon Browns «New Labour», medan Ed Miliband skreiv Labour inn i ei langstrekt historie for nasjonsbyggjande konsensuspolitikk og omsorg for dei svakaste. Begge anerkjente New Labours tyding for den nyare partihistoria gjennom å freiste å overskride den heller enn ved å omfamne den. Men viss New Labour no verkeleg *er* historie; kva *var* New Labour, og kva *slags* historie er historia om New Labour? Kva kan historieforskinga fortelje oss om denne tidsperioden? Kven er det som kjem til orde når forskarane skal fortelje denne historia? Dette er berre nokre av spørsmåla denne oppgåva freistar å gje svar på. Labour står ved atter eit vegskilje i si historie, og ei kontinuerleg oppdatering av historiografien er viktig for å forstå kva rammer partiets utvikling blir avgjort innanfor. Samstundes er denne historia naturlegvis interessant i eigen rett, for å få kunnskap om historieskrivingas ulike former.

Oppgåvestruktur og kapittelinndeling

Denne masteroppgåva er ein historiografisk studie av utvald forskingslitteratur om Labours historie, med særleg fokus på framstillinga av ulike sider ved partiets utvikling i perioden 1979 til cirka 2005. I denne perioden opplevde partiet både opposisjonstilvere og regjeringsansvar, og det var i kraftig endring, både politisk, ideologisk og organisatorisk. Føremålet mitt har vore å undersøkje historieskrivinga om Labour frå eit mangfald av vinklar, men hovudvekta vil liggje på konstruksjonen «New Labour»: Korleis har New Labour blitt forstått og historisert, og kva konsekvensar har den forståingsramma New Labour skapte fått for historieskrivinga om partiets fortid og samtid?

¹ «David Miliband: New Labour is dead. What counts now is next Labour», *Daily Mirror*, 18.05.2010. URL: <http://www.mirror.co.uk/news/uk-news/david-miliband-new-labour-dead-222138> (Lasta opp 04.01.2014)

² «Ed Miliband's speech to Labour Party Annual Conference 2012» URL: <http://www.labour.org.uk/ed-miliband-speech-conf-2012> (Lasta opp 04.01.2014)

³ Disraeli var statsminister for toryane i to periodar på 1860- og 70-talet, og tok til orde for eit samfunnssyn kor den nasjonale samanhengskrafta skulle sikrast gjennom overklassen særskilte ansvar for å ta vare på dei svakare stilte. I Labours moderne taping handlar det om styrka sosiale fellesskap og samfunnssolidaritet på tvers av sosiale skilje.

Kapittel 1 har to delar, og set seg føre å undersøkje korleis to sentrale omgrep i nyare Labour-historie - «den tredje vegen» og «New Labour» - har bidrege til å forme referanserammene for korleis historia om Labour blir skriven. Det at mykje av forskinga på denne perioden i partihistoria har halde seg aktivt til desse to omgrepa er eit historiografisk funn i seg sjølv. Gjennom å nytte representative døme frå forskingslitteraturen har eg freista å syne korleis dette rammeverket påverkar forteljinga om fortida og førestillingane om framtida.

Først presenterer eg sosiologen Anthony Giddens' omgrep om «den tredje vegen»; eit program for «fornyng av sosialdemokratiet» som sette igong ein større debatt om kva det ville seie å vere sosialdemokrat på steget inn i det tjuetførste hundreåret. Eg ser nærare på den akademiske og politiske responsen på Giddens' debattskrift *The Third Way* (1998), særleg frå venstreorienterte kritikarar, og på kva historie om «det tradisjonelle sosialdemokratiet» Giddens med dette var med på å etablere. I måten Giddens og motdebattantane hans aktivt gjekk inn i eit ordskifte om eit omgrep som allereie var omfamna av Tony Blair, ser vi at politikk og forskning i nokon grad hentar energi frå kvarandre. Eg trekkjer også på sosiologen Will Leggett (2005) for å vise breidda i debatten som følgde om sambandet mellom New Labour og «den tredje vegen», og kva forståing av «moderne» og «tradisjonelt» sosialdemokrati som her vart lagt til grunn.

I den andre delen av første kapittel tek eg så med meg innsiktene om «den tredje vegens politikk» over i ei drøfting av korleis New Labour-prosjektet har vore freista historisert. Her tek eg utgangspunkt i tre representative verk, som høvesvis ser på New Labour i eit «kontinuitetsperspektiv» der prosjektet blir framstilt som eit naturleg framhald av ein «revisjonistisk», sosialdemokratisk tendens i partiets historiske utvikling som gjer skiljet mellom «Old Labour» og «New Labour» overflødig (Steven Fielding, 2003); eit utslag av knefall for thatcherismen i «thatcheristisk revisjonisme» (Colin Hay, 1999); og ein mogleg mellomposisjon kor New Labour representerer både ei vidareføring av tradisjonelle sosialdemokratiske verdiar og ei medviten tilpassing til eit «post-thatcheristisk» samfunn («a composite», Stephen Driver/Luke Martell, 1998/2006). Som drøftinga vil tydeleggjere, er det likevel nokre tangeringspunkt mellom desse perspektiva. Med Fielding gjer eg dessutan bruk av oppdelinga mellom ein «sosialistisk» og ein «sosialdemokratisk» skule i forskarane si forståing av Labours historie, som vil danne noko av bakteppet for drøftingane som kjem i kapittel 3.

Kapittel 2 undersøker historieskrivinga om organisatoriske endringar og tilhøvet mellom partiet og fagrørsla, og samanhangen mellom desse to temaa. Kapittelet nyttar nokre av innsiktene frå

historiseringa i kapittel 1 på eit konkret saksfelt. Også dette kapittelet er todelt: Den første delen undersøker korleis to framståande forskarar, Thomas Quinn (2004) og Meg Russell (2005), historiserer New Labour når det gjeld reformer av partiets organisatoriske struktur, og korleis desse reformene la opp til politisk endring. Igjen ser eg på korleis bruken av ulike omgrep (høvesvis «modernisering» og «forhandling») er med på å leggje premissane for forteljinga, her med støtte i historieteoretikaren Hayden Whites tankar om det narrative si meiningsskapande rolle i historieforteljinga. I tillegg drøftar eg korleis Quinns og Russells respektive metodiske val, faglege og politiske bakgrunn kan vere med på å forme og forklare den overordna framstillinga deira.

Både Quinn og Russell legg stor vekt på fagrørsla si tyding for gjennomføringa av politiske og organisatoriske endringar. Etter å ha presentert Lewis Minkin, tek eg opp Quinn og Russell sine kritiske merknader til Minkins klassiske verk om det fagleg-politiske samarbeidet, *The Contentious Alliance* (1992), innan eg i kapittelets andre del ser på nokre utvalde verk frå den forskingslitteraturen som heilt konkret har freista å historisere tilhøvet mellom Labour og fagrørsla. Ettersom det er smått med nyare bokverk om dette,⁴ har eg vald å ta for meg korleis det fagleg-politiske samarbeidet trer fram i to litt eldre bøker, skrivne av Andrew J. Taylor (1987) og Robert Taylor (1993a). Desse verka er historiografisk interessante ikkje berre fordi dei kan fortelje oss noko om korleis historieskrivinga om det fagleg-politiske samarbeidet kom til uttrykk før «New Labour», men også fordi dei legg an eit perspektiv som ser utviklinga «frå fagrørsla sin synsstad» («fagrørsl-parti-perspektivet») i større grad enn det Quinn og Russell gjer med sitt utgangspunkt i Labours interne organisatoriske struktur («parti-fagrørsl-perspektivet»). I tråd med sitt blikk og sin omfattande ambisjon, legg Minkin seg ein stad mellom desse to perspektiva.

I det tredje og siste kapittelet undersøker eg kva historie som blir fortalt viss vi tek utgangspunkt i «historieskriving om og frå fløyene». Gjennom ei grundig drøfting av ei rekkje døme frå forskingslitteraturen, gjer eg her bruk av så vel kategoriseringane (og problematiseringa av dei) frå kapittel 1, som konstruksjonen av ulike maktkonstellasjonar frå kapittel 2. På denne måten kjem tidlegare innsikter i spel på nye måtar. Med Fieldings ord frå kapittel 1 om «sosialdemokratiske» og «sosialistiske» skular i Labour-forskinga, ser eg på korleis Tudor Jones (1996) og Patrick Diamond (2004) frå ulike innfallsvinklar og ulike historiefaglege sjangrar fortel historia om New Labours tilhøve til «sosialdemokratiske revisjonismen». Eg diskuterer kva konsekvensar forfattarane sine ulike definisjonar av «revisjonisme» får for omgrepets rolle i historia som blir fortalt, og drøftar i

⁴ Ludlam (2003) har peika på at dette feltet sjeldan har blitt handsama i bokverk. Han gjev opp at det fins ein dryg handfull bøker som omhandlar dette temaet, og av desse er tree omtalt her (Minkin, Taylor, Taylor). Fleire av bøkene Ludlam nemner har meir avgrensa innretting, og det er få som omhandlar denne perioden eg skriv om.

kva grad og eventuelt korleis forfattarane grip inn i løpande debattar om den sosialdemokratisk-revisjonistiske tradisjonen.

Som eit supplement til historieskrivinga om den sosialdemokratiske tendensen, og New Labours plassering i høve til denne, kastar eg ved hjelp av David Marquands formulering av «det progressive dilemmaet» (1999) og Radhika Desais (1994) idehistoriske studium av sambandet mellom den sosialdemokratiske revisjonismen og liberale verdiar og -parti, eit supplerande sideblikk på historiografien knytt til tilhøvet mellom Labour og det liberale. Denne spenninga har ofte blitt skildra som ein viktig understraum i den sosialdemokratiske revisjonismen, særleg tydeleg hjå revisjonismens åndsfar, Anthony Crosland⁵. Ved å gå inn i to utvalde verk om Labour og det liberale på denne måten, blir vi også presentert for omgrepet «labourisme», og tanken om Labour som «klasseparti».

Forutan å sjå på korleis omgrepsbruken, tilskjeringa av stoffet og den verdimeessige ladninga i tekstane verkar inn på framstillinga, handlar kapittel 3 mykje om kva det vil seie å skrive *om* fløyene i Labour, kontra det å skrive *frå* fløyene. Poenget mitt er ikkje nødvendigvis normativt - å ta til orde for eit kategorisk skilje - men å vise korleis mykje av forskinga på fløyene har karakter av å vere *både* freistnader på «objektive» framstillingar av eit sakskompleks, og meir normative politiske intervensjonar. I den andre og siste delen av kapittel 3 vil dette mellom anna kome til syne i handsaminga av forskingslitteratur som har halde seg aktivt til Ralph Milibands omgrep om «den parlamentariske sosialismen» (1972), og korleis labourismens ideologi om at Labour skulle vere ein parlamentarisk og korporativ representant for arbeidarklassen snevra inn den praktiske og ideologiske handlefridomen til å krevje grunnleggjande samfunnsendringar. Eg drøftar ulike måtar å «skrive venstresidas historie» på, med utgangspunkt i det «milibandianske perspektivets» kontinuerlege resonans i verk av Patrick Seyd (1987) og Leo Panitch/Colin Leys (2001).

Tilhøvet mellom analyse, struktur og forskingsprosess

Som denne introduksjonen til kva masteroppgåva handlar om har vist, har oppgåva ein struktur som ikkje nødvendigvis ligg oppe i dagen. Å skrive ei oppgåve av denne typen inneber, som all historieskriving for øvrig, å ta ei lang rekkje val. Det er fullt mogleg å førestille seg ei oppgåve som snur min struktur fullstendig på hovudet: Å byrje med å forankre Labour-historiografien i dei

⁵ Crosland var mangeårig parlaments- og regjeringsmedlem for Labour under statsministrane Harold Wilson og James Callahan, og forfattar av boka *The Future of Socialism* (1956), som vi vil kome attende til fleire stader i oppgåva.

historiske røtene til den «sosialdemokratiske revisjonismen» og den milibandianske kritikken av «labourismen» og den «parlamentariske sosialismen», innan ein går vidare til å sjå på framstillinga av dei organisatoriske og politiske føresetnadene for New Labours framvekst, og til slutt gå inn i samspelet mellom «den tredje vegen» og New Labour, og den historiografiske plasseringa av prosjektet i høve til dei omtalte tradisjonane. Det ville kan hende ha gjeve ei «smidigare» oppgåve, som flaut lettare frå det eine punktet til det neste. Begge tilnærmingane kunne sikkert ha resultert i innsiktsfulle oppgåver. Lat meg no likevel presentere bakgrunnen for at eg valde ein annan struktur.

Om eg skal sjå på desse to skisserte tilnærmingane med historiografiske briller, så vil eg seie at ein studie kor ein først undersøker revisjonismens idehistorie på 1950- og 60-talet, følgt av reformstridene på 1970- og 80-talet, og til slutt New Labour-epoken på 1990- og 2000-talet, risikerer å framstille ei historie med mykje større grad av underliggjande historisk kontinuitet enn den eg var interessert i å vise fram. Eg minner om at mi oppgåve dekkjer det same tidsrommet, og i så måte fortel delar av den same historia, men eg tykkjer det er ein styrke at mi framstilling tek seg tid til å arbeide seg «bakover», i staden for «framover». Forståinga av New Labour og det sosialdemokratiet Giddens opponerte mot med «den tredje vegen», blir her undersøkt frå stadig nye vinklar, med røter bakover i historia. Resultatet er ei oppgåve som etter mitt syn seier noko vesentleg om kva historiografi faktisk er for ei *handling*. Gjennom å gå frå ein analyse av dei sentrale omgrepa si historie til å sjå på framstillinga av organisatoriske og politiske reformer, og på sett og vis tilbake til omgrepshistoria frå ein annan vinkel og med ein lengre tidshorisont, har eg freista å vise at sjølv om kontinuiteten kanskje er der, så treng den ikkje bli den styrande krafta i framstillinga av forskingslitteraturen. Eg har gjort eit val, og det illustrerer at også framstillingsforma er ein vesentleg del av det historiografiske arbeidet.

Når det er sagt, skal det likevel ikkje underslåast at den kanskje viktigaste årsaka til den valde strukturen er at den i nokon grad speglar att måten eg sjølv har lese meg inn og ut av stoffet på over fleire år. Masterprosjektet byrja i utgangspunktet med at eg var nyfiken på korleis New Labour hadde blitt framstilt og forklart som del av partiets historie, og dette danna til slutt ryggraden i det første kapittelet. I og med at eg i denne fasen framleis las for å bli kjent med både realhistoria og det historiografiske blikket, oppdaga eg raskt at eg las meg stadig lenger og lenger «bakover» i historia. Om eg byrja med ei førestilling om at endringa av føremålsparagrafen «Clause 4» i 1995⁶ var eit uomgjengeleg vendepunkt, forstod eg raskt at eg samstundes måtte setje meg inn i vilkåra for

⁶ Den opphavlege føremålsparagrafen i prinsipp-programmet frå 1918 la vekt på kollektivt eigarskap til produksjonsmidlane, og har ofte blitt peika ut som ei forplikting til statleg økonomisk styring. Tony Blair fekk gjennomslag for å endre paragrafen i meir marknadsvennleg lei i 1995. Sjå note 227.

«Policy Review»⁷ i tiåret føre. Når dette så leidde meg til å lese meir om keynesianismens kollaps på 1970-talet, fekk eg ei kjensle av at trådane eg måtte trekkje ikkje berre var lengre enn eg hadde trudd, men at dei også utgjorde eit nett som var meir finmaska. Dette praktiske og gradvise arbeidet med stoffet, som også over tid øvde opp blikket mitt for det spesifikt historiografiske, vekte ein interesse i meg for dei lange idehistoriske linene som til slutt vart omdreiingspunktet for kapittel 3, men illustrerte samstundes at oppgåva kunne ha godt av å konsentrere seg om eit litt snevrare felt i den samla partihistoria. I tillegg til at eg avgrensa tidsperioden eg ville sjå på til i hovudsak tida etter 1979, leidde interesse og venlege råd meg til å grave djupare i det fagleg-politiske og organisatoriske perspektivet. Faktisk var det ein stund meininga at heile oppgåva skulle handle om kva plass dei fagleg-politiske og organisatoriske endringane fekk i ållmennhistoria om Labour. Etter mange samtalar med rettleiar og andre konkluderte eg likevel med at freistnadene på å isolere og skjere til dette saksfeltet innanfor verk som også omtalte mykje anna, risikerte å gjere forfattarane urett. Forskinga på det organisatoriske og fagleg-politiske feltet fekk istaden sitt eige kapittel, kor dei to områda vart handsama jamsides kvarandre.

Dette siste bringer meg til eit relatert argument for den strukturen som her er vald; nemleg at fleire av forskarane eg omtaler kunne ha høyrte heime i fleire kapittel, eller til og med på ulike stader i same kapittel. Med sin tese om at New Labour i praksis er eit framhald av langvarige tendensar i partihistoria, kunne Steven Fielding like gjerne vore plassert i kapittel 3 i forlenginga av Patrick Diamonds tankar om den sosialdemokratiske revisjonismen, som i andre del av kapittel 1. I tilfellet Lewis Minkin var det endåtil eit spørsmål om kvar han helst burde plasserast internt i kapittel 2. Eg valde å plassere han først i delen om organisatoriske endringar, fordi både Thomas Quinn og Meg Russell kommenterer verka hans, men også for å signalisere at det fagleg-politiske nivået har blitt tillagt avgjerande forklaringskraft i skildringa av føresetnadene for Labours interne reformer. Det var likevel ikkje eit opplagt val. Minkins blikk på tilhøvet mellom partiet og fagrørsla kunne naturleg også ha gjeve han plass i kapittelets andre del. Når eg til slutt enda opp med å la Minkin stå i lag med Quinn og Russell i den første delen, medan Andrew J. Taylor og Robert Taylor utgjorde andredelen, skuldast det mellom anna at det å la Taylor og Taylor stå åleine opna for sjå på korleis tilhøvet mellom partiet og fagrørsla såg ut «frå fagrørsla sin synsstad».

Historiografi, kanondanning og «fagleg kontekst»

⁷ Etter valnederlaget i 1987 sette partileiar Neil Kinnock ned arbeidsgrupper med mynde til å gå igjennom vedteken politikk og føreslå endringar. Arbeidet resulterte i ei politisk nyorientering, til dømes i synet på private initiativ, EU og atompolitikken. Prosessen heldt fram i ei litt anna form også etter at rapporten vart lagt fram i 1989.

Studieobjektet er ikkje «realhistoria» om partiets utvikling i eit gjeve tidsrom, men forskningslitteratur om temaet. Historiografi blir her forstått som studiar av korleis historia blir skriven og framstilt i historiske tekstar. For å avgrense kjeldetilfanget har eg i denne oppgåva konsentrert meg om eit utval av omlag tjuefem akademiske bokverk eg har gjort grundigare lesingar av, og som vil kome att gjennom heile oppgåva. Som det vil gå fram av fortløpande drøftingar, fotnoter og litteraturliste, har eg i tillegg halde meg aktivt til ei omlag like lang liste av bøker som fyller ut biletet av kvar historiografien står. Der det har framstått som avgjerande for forståinga av det historiografiske feltet, har eg også supplert med bokkapittel og forskingsartiklar.

Litteraturutvalet eg har gjort heng i nokon grad saman med skildringa over av korleis innrettinga på oppgåva endra seg over tid. Det tok tid for meg å få oversikt over litteraturen som fanst tilgjengeleg, og eg føregjev sjølvsagt ikkje å ha oversikt over eller innsikt i alt som er av relevant litteratur. Men utval av tema er, forutan personleg interesse og kva som har vore tilgjengeleg, i nokon grad bestemt av kva litteratur forskarane har vist til seg i mellom. I forkinga på det fagleg-politiske samarbeidet kom det til dømes stadig opp referansar til Lewis Minkin og *The Contentious Alliance*, og boka vart som regel omtala som ein «klassikar» og uomgjengeleg kjelde til innsikt på feltet. Den vart dessutan framleis vist til mange år etter utgjevinga, noko som også var tilfellet med Andrew J. Taylor på same felt. Eg forstod difor at desse to verka var vanskelege å kome utanom, både for å skaffe meg oversikt over den fagleg-politiske «realhistoria» i den aktuelle perioden, men også ganske særskilt for å kunne seie noko om historiografiske tendensar.

Avsnittet over kan seie noko om min inngang til spørsmålet om «vitskapleg signatur»⁸ og ditto autoritet. Etter at eg hadde opparbeidd meg grunnleggjande innsikt i dei ulike forskingsfeltene, anten det galdt New Labour eller det fagleg-politiske samarbeidet, vart det viktig for meg å velje ut litteratur som ikkje berre var representativ for ulike faglege tilnærmingar, men som også hadde status som seriøse akademiske arbeid. Her nytta eg som nemnt kjeldetilvisingar og drøftingar frå andre forskarar som ein indikator. Eg kunne sikkert ha skriven ei oppgåve kor kontrastane mellom forskarane som vart drøfta var større, og kor det difor hadde vore enklare å trekkje eintydige konklusjonar. Det er vanskelegare å freiste å peike ut nyanseskilnader, som til dømes i Tudor Jones' og Patrick Diamonds respektive forståingar av revisjonismeomgrepet, enn mellom Thomas Quinns metodologisk reinskorne «rational choice»-teori og Meg Russells meir «tradisjonelle», empiriske form for historieskriving om Labour og fagrørsla. Å samanlikne to ytterleggåande perspektiv kan sjølvsagt vere opplysende, og dei har uansett si eiga utsegnskraft om spennet som finst i Labour-

⁸ Heiret, Ryymin og Skålevåg (2013) s. 29.

forskninga. For å underbygge desse tilgongane til kjeldeutvalet, ønskte eg altså likevel å stø meg på kjeldetilvisingar og kritiske drøftingar frå andre forskarar for å sikre meg at verka var seriøse og respekterte, ikkje berre kuriøse. Å gå i kritisk dialog med og kartleggje resepsjonshistoria til klassikarar og andre betydelege verk innanfor fagfeltet, har større verdi som historiografisk studium enn eit studium basert på lettvinnt nedsabling av obskure verk som har blitt møtt med eit skuldertrekk frå seriøse forskarar på grunn av sviktande kvalitet eller relevans. Dette fokuset på korleis forskjellige verk har opparbeidd seg fagleg autoritet over tid, kan også gje oss innsikt i korleis historiefagets kanondanning fungerer.

Ettersom det er eit gjennomgåande tema for meg å problematisere dei vala som er gjort i forskingslitteraturen, skuldar eg lesaren å gjere merksam på nokre av dei vala eg sjølv har teke i arbeidet. Å arbeide med så store mengder forskingslitteratur og så mange ulike tema, krev nødvendigvis ein viss pragmatisme når det gjeld kva eg kan kaste lys over i dei einskilde verka. I kvart høve har eg etter beste evne freista å vere open og reieleg når eg har gjort tilskjeringar i stoffet for å finne område kor forskarar går i dialog og konflikt med kvarandre. I nokre verk vil det vere mest naturleg å fokusere på omgrepshistorie og korleis den retoriske og ideologiske verknaden av eit omgrep er med på å setje rammene for kva historie som blir fortalt. Det er altså ikkje berre eg som må gjere tilskjeringar i stoffet for å få fram dei poenga eg tykkjer er mest interessante. Det er også noko forskarane sjølve gjer heile tida. Ein del av mi oppgåve har difor vore å stille meg sjølv ei rekkje spørsmål. Med den tilskjeringa av stoffet forskaren her har gjort, kva er det eigentleg som har fått plass på boksidene? Kva fell utanfor forteljninga? Og korleis er det fortalt? I eit anna verk kan det vere like viktig og naturleg å ha auge for korleis forfattarane set verket i scene som ein intervensjon, anten i ein kontinuerleg debatt om forskingsfeltet, eller i ein politisk kontekst. Nokre trekk ved min metode vil likevel framstå som gjennomgåande.

For det første har eg eit særleg blikk for historieskriving som «forteljning». Her stø eg meg mellom anna på Heiret, Ryymin og Skålevåg (2013), og i nokon grad også på den amerikanske historikaren og litteraturvitaren Hayden White (2003). Eg vil undersøkje «kva» tekstane fortel, «korleis» historia blir fortalt, og kva følgjer eit bestemt rammeverk for forteljninga får for det den kastar lys over:

Undersøkelser av fortellingene i historiske tekster – hvordan de er bygget opp, hva slags perspektiv eller plott de legger til grunn, hva eller hvem det fortelles om, og hvilke sammenhenger som skapes i og for fortellingene – retter den analytiske oppmerksomheten mot historietekstene selv. Slike lese måter kan vise hvor sentrale verdivurderinger, politisk-ideologiske posisjoner eller teoretiske modeller er, og de kan vise hvordan fortellingene preges av kildekritikken, forklaringsmåter som anvendes, og tilskjæringsprinsippet som brukes.⁹

⁹ Heiret, Ryymin og Skålevåg (2013) s. 27.

White har peika på korleis historie blir konstruert på eit litterært og retorisk nivå, og denne innsikta vil liggje under mykje av det som står på sidene som følgjer, sjølv om Whites teoretiske apparat berre i avgrensa grad vil komme i direkte bruk. Sjølv om eg ikkje har trong for å sjangerdefinere verka på den stringente måten White tok til orde for, er denne oppgåva prega av eit medvit om at til- og fråval, språkleg vekting og forteljingskonstruksjon kan ha stor tyding for historieforteljingane.

Samstundes vil eg kontinuerleg ta opp faglege og metodiske val i tekstane. Når ein skal forstå prioriteringane som er gjort, er det etter mitt syn openbert interessant kva fagleg tradisjon ein forskar arbeider innanfor. Sosiologar, statsvitarar og historikarar kjem frå ulike akademiske kulturar og har ulik spisskompetanse, og det er min ambisjon å illustrere korleis dette verkar inn på framstillinga. Thomas Quinns bruk av Anthony Downs' «rasjonell aktør»-teori gjev til dømes eit heilt særskilt perspektiv på organisatoriske endringar, medan Colin Hay, med si orientering mot politisk økonomi, kan utdjupe og supplere med innsikter frå andre fagdisiplinar. Det eg har kalla «den faglege konteksten» kjem særleg i fokus i kapittel 2, men det er likevel noko eg kjem attende til kontinuerleg i alle kapitla.

Mange bidragsytarar til Labour-forskinga har anten sjølve bakgrunn frå politikk og/eller arbeidarrørsla, eller har klare ambisjonar om at deira akademiske verk skal kunne fungere som politiske eller ideologiske innspel til det løpande politiske ordskiftet. Lesaren vil sjå at drøftingar av tilhøvet mellom det politiske og det forskingsmessige nivået vil gå som ein raud tråd gjennom oppgåva. Her lyt det strekast under at føremålet med å drøfte dette ikkje er å deligitimere denne typen historieskriving. Eg kjem derimot til å hevde at slike røynsler i mange høve snarare kan vere ein føremon, ettersom dei ikkje berre kan gje verdifull førstehandskjennskap til partikulturen og dei politiske prosessane, men også i nokre høve opne for nye perspektiv og gje tilgang til nye kjelder. Meg Russell var til dømes medlem av Labours programførebuande National Policy Forum på 2000-talet, medan Patrick Seyd trekte på bakgrunnen som aktivist på lokallagsnivå då han skreiv si historie om venstresidas vekst og fall. I tilfellet Lewis Minkin gav hans bidrag til forståinga av lenkja mellom partiet og fagforeiningane han status som ein akademisk autoritet Labour kunne gjere bruk av når framtidens fagleg-politiske tilhøve skulle greiast ut tidleg i 1990-åra. I praksis handlar mi interesse for sambandet mellom den faglege og politiske bakgrunnen om å syne korleis den har verka inn på historieskrivinga til forskarane, kva det har medført for verknadshistoria og utsegnsposisjonen deira. Den britiske historikaren E.H. Carr spissformulerte dette til at ein laut «studere historikaren for ein byrjar å studere fakta.»¹⁰ Heiret, Ryymin og Skålevåg har supplert med

¹⁰ Carr (2001) s. 17, også gjeve att i Heiret, Ryymin og Skålevåg (2013). Mi omsetjing frå engelsk.

nokre refleksjonar som summerer opp min eigen innfallsvinkel til kvifor samanhengen mellom forskaren sine uttalte føresetnader har historiografisk interesse:

Dette [å setje seg inn i forskaren sin politiske bakgrunn, min merknad] har vært sett på som maktpåliggende fordi historikeren nødvendigvis vil prege hvordan fortiden blir grepet og framstilt i historikernes tekster: Fortiden taler ikke direkte i historiske tekster; det er historikeren som skriver fram en fortid i sine tekster, som velger og fortolker fortidens spor, ut fra sin samtidsbundethet.¹¹

Å oppdatere historiografien

Denne oppgåva følgjer opp og oppdaterer fleire tradisjonsrike felt i den historiografiske Labour-forskinga. Nær sagt kvart einaste nye bidrag til korpuset av forskingslitteratur om Labour inneheld ei eller anna form for oppsummering og vurdering av den litteraturen som alt finst på feltet, anten det gjeld idehistorie, fagforeiningshistorie, eller organisasjonshistorie. Fordi eg har lese så breitt, har ambisjonen med denne oppgåva difor blitt å freiste å sjå på desse felta i ein litt annan og breiare samanheng enn det som har vore vanleg. Igjen har målet ikkje vore å glatte ut friksjonar mellom dei ulike forskingsfelta, men heller å undersøkje korleis innsikter frå fleire felt kan bidra til å kaste nytt lys over kvarandre. Artikkelsamlinga *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* (2003) er på si side symptomatisk for nokre dominerande tendensar i Labour-historiografien. Sett saman av artiklar som vart omarbeidde frå føredrag ved ein konferanse om Labour-forsking, gjev boka ei innsiktsfull innføring i dei viktigaste vitenskaplege arbeida på ei rekkje felt i Labour-forskinga, men historiografien på det einskilte feltet blir gjennomgåande betrakta meir eller mindre isolert. Det kjem til dømes opp til diskusjon i kva grad perspektiva til Miliband og Minkin framleis kan seiast å vere relevante, men dei blir i hovudsak handsama som representative for sine felt. Vonleg vil eg kunne risse opp eit meir mangefasettert bilete av omlandet kring arbeida deira, sjølv om eg ikkje har sett meg føre å konstruere rettlina syntesar om samanhengen mellom til dømes venstreaktivismen og det fagleg-politiske og organisatoriske arbeidets historieskriving.

I tillegg bidreg denne oppgåva med ei oppdatering av historiografien, på minst to måtar. Den første og kan hende viktigaste handlar om at eg har handsama også litteratur om og utgjeven undervegs i New Labour-perioden (Quinn, Russell, Driver/Martell og andre). Desse bøkene har sjølv sagt blitt melde i fagtidsskrift og referert til i artiklar og oppsummerande bokkapittel, men eg vonar at eg her er i stand til å gje dei ei grundigare drøfting og historiografisk plassering. Vidare inneber arbeidet mitt nødvendigvis også eit nytt bidrag til verknadshistoria til eldre verk og etablerte klassikarar. Å lese Lewis Minkin på 2010-talet vil innebere å ta med seg ei konkret, tidsspesifikk forståingsramme

¹¹ Heiret, Ryymin og Skålevåg (2013) s. 30.

for det fagleg-politiske samarbeidet i lesinga. Her som på fleire andre felt, kan mykje ha endra seg berre sidan antologiutgjevinga på tidleg 2000-tal. Det same er tilfellet for mi handsaming av til dømes David Marquand og Ralph Miliband.

Min ambisjon er at denne kombinasjonen av å drøfte nye og eldre verk samla sett vil gje ny innsikt i kvar forskingsfeltet står no. Om eg har funne balansen mellom den nye litteraturen og dei etablerte verka, lyt lesaren avgjere. Eg har dessutan lese veldig breitt – om den tidlegare partihistoria, utanrikspolitikk, minoritetsrepresentasjon, kommunikasjonsstrategi, og særst mykje anna. Ikkje alt dette har fått plass på desse sidene, men eg er viss på at denne metoden har gjort oppgåva betre, fordi eg har fått god oversikt over Labours politiske kultur, historie og politikk, og ikkje minst over Labour som forskingsfelt.

Kapittel 1: «Den tredje vegen» og det «nye» i New Labour

Hovudfokuset i denne oppgåva vil liggje på Labours nyare historie, og korleis forskning på denne har arta seg, men eg vil like fullt byrje dette kapittelet i ein litt annan ende. Kapittelet har to delar: Den første delen blir innleidd med ein presentasjon av sosiologen Anthony Giddens' omgrep om «den tredje vegen» og hans føreskrivne resept for ei «fornyng av sosialdemokratiet». Både omgrepsbruken og Giddens' samfunnsanalyse var med på å leggje grunnlaget for ein brei debatt om forståinga av kva det ville seie å vere sosialdemokrat ved inngangen til det tjuetførste hundreåret. Tony Blairs New Labour-prosjekt gav Giddens ei referanseramme for hans idear om korleis ei fornyng av sosialdemokratiet kunne sjå ut, medan innspela frå Giddens gav Blair ein slags ideologisk og teoretisk legitimert overbygning til det mange hevda var eit prosjekt utan noko tydeleg formulert innhald. I eit historiografisk perspektiv er det interessant korleis den politiske og akademiske sfæren kan hente legitimitet frå kvarandre. «Den tredje vegen» vart, til liks med «New Labour», nær uomgjengelege referansar i forskinga på partiet, iallfall for ei tid. Blair var, saman med ei rekkje andre politikarar og tenkjarar, skapar av «den tredje vegen», men han var ikkje redd for å hente autoritet frå akademia for å underbygge trongen for å halde fram på den nye kursen.

Debatten som følgde i kjølvatnet av intervensjonen frå Giddens, let seg av plassårsaker ikkje oppsummere på utfyllande vis i ei nokså kort oppgåve som denne. Eg vil difor runde av den første delen av kapittelet ved å trekkje fram overordna drøftingar frå sosiologen Will Leggett¹² for å syne at Giddens og andre talspersonar for «den tredje vegen» sette igong ein omfattande og vesentleg debatt som i nokon grad verka inn på debattar om Blair-regjeringa sin praktiske politikk. Leggett har sirkla inn særleg tre vesentlege grupper av «tredje veg»-kritikarar, og eg vil presentere dei kort etter tur. Kva konsekvensar fekk desse innvendingane for Giddens sitt rammeverk, og viktigare, i kva grad kan debatten seiast å ha verka inn på forståinga av den historiske forteljninga New Labour freista å skape?

Måten samlande omgrep som «den tredje vegen» og «New Labour» har forma debatten om partiet både i Labour og i akademia på, og korleis desse to miljøa dels har drege nytte av kvarandre, kjem også til å prege den andre delen av kapittelet. Der tek eg utgangspunkt i nokre utvalde døme frå en rikholdig litteratur om emnet,¹³ for å illustrere og drøfte korleis New Labour blir plassert i Labour-

¹² Leggett (2005): *After New Labour. Social Theory and Centre-Left Politics*

¹³ Inndelinga er lånt frå Driver/Martell (2006). Eg kunne sjølvsagt ha gjort andre tilskjeringar eller lagt vekt på andre aspekt ved debatten om New Labour-prosjektet, men eg gjorde dette valet mellom anna fordi det kan fungere som ein introduksjon av perspektiv eg kjem attende til i kapittel 3.

historiografien. Det er uråd å gje ei fullt fyllestgjjerande framstilling av alle nyansane i denne historiografiske debatten, men eg meiner likevel at litteraturen kan bidra til å syne fram nokre av dei ulike tilnæringsmåttane som har avteikna seg over tid. I og med at dei neste kapitla vil røre ved nokre av dei same problemstillingane frå andre vinklar, kan oppgåva som heilskap generelt kaste lys over utfordringane med historiografisk arbeid og historisering av nylege og pågåande politiske prosessar. Meir konkret vil eg undersøkje kva konsekvensar konseptane «New Labour» og «den tredje vegen» har fått for historieskrivinga om denne perioden i partiets nyare historie. Fordi måten vi ser på den nære fortida uunngåeleg verkar inn på korleis vi forstår samtida, vil dette også fortelje oss noko om korleis forhistoria blir framstilt. Kva slags forteljing kjem då til syne?

For å syne fram korleis kontekstualiseringa kan verke inn på korleis New Labour blir forstått, presenterer eg i denne andre delen av kapitlet difor to freistnader på historisering av New Labour. Steven Fielding hevdar at mykje av Labour-forskinga har hatt som mål å forklare kvifor partiet ikkje makta å realisere sitt politiske og veljarmessige potensial. Han ser på Labour i eit langt historisk perspektiv, og deler inn Labour-historiografien i tre «skular»; ein «sosialistisk» skule, forma kring Ralph Miliband, som legg vekt på at Labour aldri realiserte ein sosialistisk målsetjing; ein «sosialdemokratisk» skule, leidd av David Marquand, som forklarar utviklinga med utgangspunkt i samarbeidet med fagrørsla og brotet med det liberale partiet; og ein «mellomposisjon», representert ved Ross McKibbin, som held fram eksterne faktorar som forklaring. Eg presenterer så heilt kort David Coates sine innvendingar mot forståinga av den «sosialistiske» skulen, innan eg går nærare inn på Fieldings eiga plassering i høve til desse tradisjonane.

I tillegg til Fieldings historiografi, supplerer eg med vi tre ulike forståingar av New Labour, med utgangspunkt i ei inndeling frå Stephen Driver og Luke Martell: Fielding får hjå meg representere ei retning som ser på New Labour som eit naturleg framhald av det han sjølv definerer som ein lengelevande «revisjonistisk» tendens i partiets utvikling,¹⁴ medan Colin Hay motsett hevdar at New Labour ikkje lenger kan kallast eit sosialdemokratisk parti, men heller må forståast som eit utslag av «thatcheristisk revisjonisme».¹⁵ Ein stad i mellom desse to ytterpunkta finn vi Driver og Martell, som over tid har gått frå å omtale New Labour som «post-thatcheristisk»,¹⁶ til å bruke omgrepet «a composite».¹⁷ Partiet er altså korkje tradisjonelt sosialdemokratisk eller thatcheristisk.

¹⁴ Fielding (2003): *Continuity and change in the making of 'new' Labour*.

¹⁵ Hay (1999): *The Political Economy of New Labour*. G. Taylor (1997) og Martin Pugh (2010) er mellom dei som forfekter same syn.

¹⁶ Driver/Martell (1998): *New Labour. Politics after Thatcherism*.

¹⁷ Driver/Martell (2006): *New Labour*. (Second edition).

Sams for alle desse tre perspektiva er eit vakent blick for historias lange liner og endra kontekstar, og freistnaden på å gje svar på spørsmålet om kor «nytt» New Labour eigentleg kan seiast å vere. Desse to historiseringsfreistnadene er ikkje meint å vere gjensidig utelukkande, men å gje eit betre oversyn over den kontinuerlege forhandlinga som historiseringsarbeidet er.

For historikarar kan det vere freistande å sjå seg om etter store syntesar, med eit ønskje om at ting skal hengje saman på ein saumlaus måte. Eg vil difor streke under at eg ikkje meiner at det går ei rett line mellom det intellektuelle fundamentet som Giddens la med *The Third Way*, og korkje det partiet New Labour har blitt under leiing av Tony Blair og Gordon Brown, eller den debatten som har kome i kjølvatnet av New Labour. Eg fann ganske enkelt at båe desse debattane øvde innverknad på korleis forståinga av New Labour, og i forlenginga av det britisk sosialdemokrati i stort, har blitt forma. Ambisjonen er korkje større eller mindre enn å drøfte nokre sentrale utviklingstrekk ved begge debattane.

Del I: «Den tredje vegen» og tilhøvet til New Labour

Anthony Giddens og «fornyinga av sosialdemokratiet»

«Vi hadde nok fått ein annan debatt om eg hadde halde på den opphavlege tittelen, *Fornyinga av sosialdemokratiet*»,¹⁸ skreiv Anthony Giddens i 2007. Det er nærliggjande å tru at han hadde fått rett. Omgrepet «den tredje vegen», som var tittelen på ei bok frå 1998 kor Giddens tok til orde for ei nyorientering i europeisk sosialdemokrati,¹⁹ utløyste ein brei debatt, og opphissa innvendingar frå høgre og venstre. Når det ikkje er openbert at alle innvendingane botna i klar politisk usemje, kan det, som sosiologen Will Leggett har hevda, ha med å gjere at Giddens var diffus og altomfemnande i måten han definerte sosialdemokratiet på.²⁰ Sjølv om diskusjonar om kvar grensene for sosialdemokratiet reellt sett går kan vere produktive i seg sjølv, leidde det samstundes til at mange debattantar enda med å snakke forbi kvarandre. Vi skal komme attende til at nokre av dei samstundes meinte at nett det vanskeleg handgripelege ved «den tredje vegen» var ein del av sjølv poenget, då det etter deira meining dekte over at Giddens' prosjekt hadde som intensjon å pakke inn gamle høgreløysingar i sosialdemokratisk retorikk.²¹

Noko av det interessante med korleis Giddens utvikla ideane som låg til grunn for «den tredje

¹⁸ Giddens (2007), *Preface*, xiii.

¹⁹ Giddens (1999): *Den tredje vei. Fornyelsen av sosialdemokratiet*.

²⁰ Leggett (2005) s. 93-94.

²¹ Cammack (2004), Callinicos (2001).

vegen», er at det både må forståast som ein freistnad på samfunnsanalyse, og ei slags rørsle som gjev seg utslag i ulike former for praktisk politikk over heile verda. I oppfølgjarbøkene til *The Third Way* blir Giddens modigare i si insistering på at det finst eit slags «vi» av moderne sosialdemokratar, som freistar omsetje «tredje veg»-idear og analysar i praktisk politikk, tilpassa ulike nasjonale kulturar og kontekstar.²² Det gjeld anten han skriv om «neue Mitte» i Tyskland, «New Democrats» i USA, «New Labour» i Storbritannia, eller andre eksperiment med «modernisering» i så forskjellige land som Spania, Italia og Brasil. Den potensielle veikskapen med slike freistnader på å føre så ulike prosjekt saman under eitt banner, er at ein risikerer at det er så lite som eigentleg sameinar dei at det kan bli vanskeleg å gjere meningsfulle samanlikningar. Men Giddens sjølv kunne samstundes skaffe seg autoritet gjennom å trekkje på alle dei politiske partia som i større eller mindre grad gjorde bruk av rammeverket og omgrepsapparatet hans for å underbygge sin politikk.

Viktigare for mitt siktemål med denne oppgåva, er det likevel at *The Third Way* då den kom ut bidrog til å gje ei ny ramme til den kursen Tony Blair hadde styrt Labour etter sidan han tok over leiarsvervet i partiet i 1994. På det tidspunktet hadde partiet tapt tre strake val, og føregjengarane Neil Kinnock og John Smith hadde gjennomført ei omfattande nyorientering av partiets program. Det hadde i årevis strøymt på med kronikkar, debattartiklar og bøker som i fullt alvor spurte om Labour nokon gong kom til å vinne makta tilbake,²³ og i Blairs auge stod partiet ved eit vegskilje. Reformkursen under Kinnock hadde mislukkast i å overtyde veljarane om at Labour meinte alvor med at det no var eit moderat, økonomisk ansvarleg sosialdemokratisk parti. Det var trong for sterkare lut. Svaret var i første omgang lanseringa av partinamnet «New Labour», og i neste omgang freistnaden på å setje Blairs variant av britisk sosialdemokrati inn i ein ny ideologisk samanheng. Dette prosjektet kalla han i ein pamflett for «den tredje vegen».²⁴ I tid fall det saman med ei liknande nyorientering internasjonalt. Dette var altså konteksten Giddens skreiv seg inn i då han året etter Labours overveldande valsiger i 1997 sette seg føre å gje ein meir ideologisk robust overbygning til prosjektet Blair hadde skissert.

«Den tredje vegen»

Kva var så «den tredje vegen»? Først og fremst byggjer det Giddens kallar «den tredje vegens politikk» på ein analyse som legg til grunn at dei ideologiske og geopolitiske realitetane er

²² Sjå *The Third Way and its Critics* (2000), *Where now for New Labour?* (2002), *Over to you, Mr. Brown* (2007).

²³ Denne pessimismen er heller ikkje ny: Alt i 1960 staka Mark Abrams ut ein ny kurs for eit kriseråka Labour med boka *Must Labour Lose?* (Pugh, 2010: 319)

²⁴ Blair (1998): *The Third Way. New Politics for the New Century*. Sjå utdrag i Chadwick/Heffernan (eds., 2003): *The New Labour Reader*.

fundamentalt annleis på slutten av 1990-talet enn dei hadde vore berre eit tiår tidlegare. Den marknadsfundamentalistiske nyliberalismen som hadde dominert 1980-åra hadde spelt fallitt mange stader, noko som gjorde det enklare å peike på veikskapane utan å bli skulda for å søkje kortsynt politisk gevinst eller skåre billige retoriske poeng. Samstundes hadde thatcherismens og nyliberalismens ideologiske motpol, sosialismen, kollapsa i Aust-Europa. Ifølgje Giddens gjer det kapitalismen til det einaste attverande alternativet som økonomiske system, og sosialdemokratiets tradisjonelle sjølvdefinering i ein mellomposisjon mellom eit nyliberalt og eit sosialistisk samfunnssyn set såleis sosialdemokratiet i ei klemme.²⁵ I tillegg meiner Giddens å sjå ein framveksande individualisme som gjer det naudsynt for sosialdemokratrar å tenkje igjennom sitt tilhøve til den sentraliserande staten på nytt, og ein globalisert verdsøkonomi som gjer at organiseringa av velferdsstaten og arbeidsmarknaden krev nye løysingar. Forståingsramma til Giddens er gjennomgåande sosiologisk, og byggjer på at ein av dei grunnleggjande oppgåvene for det nye sosialdemokratiet må vere å skape gjensidig tillit mellom stat og folk.

Vi ser allereie her at Giddens argumenterer med stor retorisk kraft. Om det ikkje nett er «historias slutt»²⁶ som utspeler seg her, så er det vanskeleg å unngå inntrykket av at vi står andsynes ei slags «ny byrjing». Det kjem naturlegvis også fram ei tydeleg verdivekting i ordbruken. Den som protesterer mot Giddens' røyndomsforståing, må tole å bli omtala som «gamaldags».²⁷ Det er ikkje opp til underskrivne å vurdere om denne retoriske strategien leidde til nokre av det Giddens altså har kalla misoppfatningar av kva «den tredje vegen» er, men den bidrog sannsynlegvis til å heve temperaturen nokre hakk.

Ein sosial marknadsøkonomi og «ein ny sosial kontrakt»

I tillegg til å ta inn over seg ein slik globalisert verdsorden, må den tredje vegens politikk, stadig ifølgje Giddens, lære seg å bruke marknaden til det beste for venstresidas mål og verdiar. Det nyttar ikkje lenger å gjere marknaden til fiende, korkje av arbeidarar eller av målet om rettvis fordeling av samfunnsgoda.²⁸ Tvert imot. Etter «sosialismens død» gjev det heller ikkje lenger mening å gjere motstand mot marknadsmekanismar til ein avgjerande del av kva det vil seie å høyre til på

²⁵ Giddens (1999) s. 26.

²⁶ Her viser eg til Francis Fukuyamas klassiske analyse av kapitalismens endelege siger over kommunismen i verket *The End of History and the Last Man* (1991).

²⁷ Giddens (1999) s. 13. Giddens nyttar både «klassisk» og «gamaldags» om denne forma for sosialdemokrati. Det har sjølvsagt ein konsekvens for tonen i teksten, ettersom «gamaldags» let mykje meir normativt ladd. Samstundes lyt vi leggje til at tonen til Giddens er langt meir konfronterande i *The Third Way and its Critics* (2000) enn i *Den tredje vei* (1999), tilsynelatande iallfall delvis fordi Giddens her svarte på det han oppfatta som mistolkingar av hans eige syn.

²⁸ Giddens (2000) s. 28-9.

venstresida, hevdar Giddens.²⁹ Uansett om ein er tilhengjar eller motstandar av denne utviklinga, er sosialdemokratar nøydde til å tilpasse seg den og innsjå at valfridomen den har ført med seg er eit naudsynt svar på ein ny individualisme og veljarane sine forventningar.

Når dette er slege fast, må politikken oppgåve istaden vere å få på plass det Giddens kallar «ein ny sosial kontrakt».³⁰ For at ein regulert marknadsøkonomi skal fungere i tråd med sosialdemokratiske verdiar, er det trong for «ein aktiv tilbodsside-politikk». Giddens problematiserer det ikkje sjølv, men omgrepsbruken er openbert interessant. Omgrepet «tilbodsside» kjem som kjent frå sosialøkonomien, og omgrepet «tilbodsside-økonomi» var ein heilt grunnleggjande del av Margaret Thatchers og Ronald Reagans politiske prosjekt i 1970- og 80-åra. Den gongen vart det nytta til å argumentere for at lågare skattar ville stimulere folk til å arbeide meir, og såleis auke den samla skatteinngangen. I Giddens' tapning handlar det om at reformer av velferdsstaten må sjåast i samanheng med auka investeringar både i menneske og i materiell infrastruktur. Istaden for å detaljregulere marknaden for å skape dei arbeidsplassane ein trong, burde det offentlege investere i utdanning og åtgjerder for å setje arbeidslause og deltidsarbeidande i stand til å fylle dei jobbane den frie marknaden skaper. Den statlege plikta handlar om store investeringar i menneske - «wherever possible, invest in human capital»³¹ - men samstundes må mottakarar av velferdsytningar forpliktast til å stå aktivt til rådvelde for arbeidsmarknaden. Giddens framstiller det som ei oppdatering av den gamle sosialdemokratiske devisa om «ingen rettar utan plikter»,³² botna i tanken om sjølvstendigjering av individa. Om sosialdemokratiet i generelle vendingar trong «fornyng», noterer vi at Giddens her streka under kontinuiteten med lengelevande idear i partihistoria.

Retorisk og politisk kan påkallinga av «tilbodsside-politikk» lesast på minst to måtar: Den vrangsynte lesemåten vil leggje vekt på at Giddens har akseptert eit omgrep som tradisjonelt har blitt nytta av høgresida, og at han følgjeleg har tilpassa seg dei konservative si innramming av spørsmålet, slik at også sosialdemokratar no ser på arbeidslivet og utdanningsvesenet på ein måte som først og fremst handlar om å kome næringslivets trong for kompetent arbeidskraft i møte. Den meir vennlegsinna lesemåten vil derimot kunne sjå på Giddens' innramming som ein freistnad på å «vinne attende» definisjonsmakta over eit omgrep som lenge har tilhøyrt høgresida åleine. Om det

²⁹ Giddens (2000) s. 34.

³⁰ Det er vanskeleg å førestille seg at omgrepet «sosial kontrakt» er tilfeldig vald. «Sosial kontrakt» var også namnet Harold Wilson gav på samarbeidet mellom Labour-regjeringa og fagrørsla på 1960- og 1970-talet, som hadde til hensikt å trekkje fagforeiningane med i avgjerdsprosessane, i byte mot moderate lønnskrav. Denne delen av partihistoria er også nemnt i kapittel 2.

³¹ Giddens (2000) s. 52.

³² Giddens (2000) s. 52

så nødvendiggjjer ei viss tilpassing til høgresidas røyndomsoppfatning, kan det likevel vere eit naudsynt og velkome initiativ.

Felleskap, likskap og politikk «hinsides høgre og venstre»

Ved hjelp av den mykje siterte italienske samfunnsvitaren Norberto Bobbio, slutter Giddens seg til at sosialdemokratiets plikt til å streve etter eit rettferdig samfunn gjer det til eit prosjekt som ligg til venstre for sentrum.³³ Samstundes meiner han at venstresida lyt tenkje igjennom på nytt kva ein eigentleg meiner med «rettferd». Historisk har venstresida halde fram «resultatlikskap» som ein grunnleggjande verdi, og dette har vore freista oppnådd gjennom statlege åtgjerder og omfordeling av sosiale gode over skattesetelen. Men når Giddens strekar under prinsippet om «ingen rettar utan plikter», ønskjer han på same tid nytenking kring likskapsspørsmålet. I korte trekk vil han flytte fokuset frå «resultatlikskap» til «like livssjansar». Ein rigid politikk basert på resultatlikskap føreset ein byråkratisk stat som kan passivisere borgarane, hevdar Giddens, og den risikerer difor å skape like mange problem som den løyser,³⁴ og såleis misse folkeleg forankring. På same tid er det viktig at sosialdemokratar, alltid med rettferdsperspektivet i botn, er medvitne om at eit samfunn basert på like livssjansar ikkje kan basere seg på ei meritokratisk samfunnsordning åleine.³⁵ Det er så mange faktorar som risikerer å låse fast plasseringa i det økonomiske hierarkiet, at det trengst ein aktiv politikk for å motverke desse konsekvensane.

For at ein politikk tilpassa ein global arbeidsmarknad skal fungere, der ein samstundes unngår både passiviserande, toppstyrt byråkrati og meritokratiets lotteri, trekkjer Giddens fram sivilsamfunnet og dei mindre sosiale fellesskapa som heilt sentrale. Oppgåver som til no har høyrte til det statlege domenet kan løysast på lågare nivå, og fungerande lokalsamfunn er avgjerande for å gje folk tryggleik og tillit.³⁶ Dette heng igjen i hop med det Giddens kallar spørsmål som går «hinsides høgre og venstre». Basert på ein analyse av veljarane som tilseier at gamal partiloyalitet basert på mellom anna klassebakgrunn er i endring, trekkjer han fram ei rekkje saker sosialdemokratiet lyt finne nye løysingar på, men som ikkje nødvendigvis passer inn langs den gamle høgre/venstre-aksen.³⁷

Familiepolitikken må til dømes tilpassast ein situasjon kor kjernefamilien ikkje lenger er den einaste naturlege eininga, og trygge lokalsamfunn må vere grunnpilaren for ein politikk som tek innover

³³ Giddens (1999) s. 37.

³⁴ Giddens (1999) s. 21.

³⁵ Giddens (1999) s. 28.

³⁶ Giddens (1999) s. 63-64.

³⁷ Giddens (2000) s. 41-44.

seg at nokre politikkområde overskride høgre/venstre-aksen. Det er også ein føresetnad for at det britiske sosialdemokratiet skal forbli attraktivt og aktuelt også i slike spørsmål, men utan å misse av syne rettferdsperspektivet som utgjer ankerfestet på venstresida. Som Giddens sjølv gjer klart, er «den tredje vegen» meir enn noko anna eit spørsmål om dei verdiane eg har freista å skissere her.³⁸ Giddens vil skape plass for eit nytt sentrum-venstre:

Ideen om «den alternative mellomposisjonen,» eller det radikale sentrum bør tas alvorlig. (...) Begrepet venstre-sentrum er derfor ikke noen uskyldig merkelapp. Et fornyet sosialdemokrati må ligge til venstre for sentrum, fordi et fokus på sosial rettferdighet fortsatt må være selve kjernen. Men sentrum bør ikke anses som et tomt begrep. Vi snakker om allianser som sosialdemokratiet kan veve sammen utfra dagens mangfold av livsstiler. Både tradisjonelle og nye politiske problemer bør vurderes på denne måten. En reformert velferdsstat må for eksempel oppfylle kriteriene for sosial rettferdighet, men den må også anerkjenne og inkorporere aktive livsstilsvalg. (...) Vi kan ikke lenger sette likhetstegn mellom det å befinne seg på venstresiden og det å være radikal – hvis det noen gang var riktig å gjøre det.³⁹

«Den tredje vegen» som teori og praksis: Giddens' tilhøve til New Labour

I sine bøker om New Labour-prosjektet har Stephen Driver og Luke Martell peika på korleis omgrepet «den tredje vegen» gradvis forsvann ut av New Labour-vokabularet,⁴⁰ og Will Leggett har kritisert Giddens for å vere uklar i korleis han skil mellom sitt eige teoretiske rammeverk og den politiske praksisen til parti som på ulikt vis meiner seg å sokne til ei form for sosialdemokratisk «tredje veg».⁴¹ Over tid er kanskje det mest interessante korleis Giddens har intervenert i den offentlege debatten også på vegner av andre definisjonar av «den tredje vegen» enn dei som fell nøyaktig i hop med hans eigen. I *Where now for New Labour?* (2002) vil han såleis «forsvare» Tony Blairs versjon av «den tredje vegen» mot påstandar om at omgrepet er tømt for mening,⁴² og han gjer dessutan opp ein slags rekneskap over politikkområde der New Labour kan seiast å ha lukkast eller mislukkast. I samband med det han forventa ville bli eit snarleg «vaktskifte» frå Tony Blair til Gordon Brown, oppdaterte han sin kritiske revisjon av New Labour i 2007. Sjølv om den overordna konklusjonen framleis var at Blair-regjeringa hadde gjennomført eit vellukka «tredje veg»-program, tok han no til orde for at partiet burde formulere ei tydelegare forplikting på verdiar som likskap og like moglegheiter; noko han såg som ein invitasjon til at New Labour på ny kunne bli sameint med «den sosialdemokratiske [parti-]familien».⁴³ Igjen; Giddens har halde fram med å engasjere seg i debatten kring «den tredje vegen», uansett kva definisjon som ligg til grunn. I botnen var og er «den tredje vegen» som sagt like mykje ein samfunnsanalyse som eit konkret politisk program. Gjennom å insistere på at den framleis er nyttig for å forstå sosialdemokratiets notid, har Giddens gjeve sitt

³⁸ Giddens (2000) s. 38.

³⁹ Giddens (1999) s. 40.

⁴⁰ Driver/Martell (2006) s. 53.

⁴¹ Leggett (2005) s. 93-94.

⁴² Giddens (2002) s. 1.

⁴³ Giddens (2007) s. 2-4.

bidrag til å forme historieførståinga av sosialdemokratiet i både fortid og framtid.

Will Leggett og status for debatten om «den tredje vegen»

Då sosiologen Will Leggett sette seg føre å trekkje nokre konklusjonar i debatten om New Labour og «den tredje vegen» og peike ut eit program for ein meir progressiv variant, var det i seg sjølv eit vitneprov om at denne måten å betrakte britisk sosialdemokrati på framleis var relevant. Leggett tek «den tredje vegen» i forsvar, og kallar den «the closest thing to a governing ideology of the centre-left (...)».⁴⁴ Sjølv om omgrepet hadde fått global utbreiing held Leggett seg til New Labour som hovuddøme, mellom anna fordi Tony Blair etter hans meining var den som hadde gått lengst i freistnaden på å utmynte eit politisk program basert på analysen som låg til grunn for «den tredje vegen».⁴⁵ Samstundes åtvarar han om at det kan vere vanskeleg å skilje mellom kritikk av den teoretiske overbyggnaden eller dei sosiologiske føresetnadene på den eine sida, og «den tredje vegen» som politisk praksis på den andre.⁴⁶

Han ønskjer særleg å kommentere den venstreorienterte kritikken, og stør seg på Giddens' sosiologiske rammeverk. Leggett tek til orde for at kritikarane må «ta den tredje vegen på alvor», og dette tyder mellom anna å akseptere at føresetnadene for politisk handling ifølgje talspersonane for «den tredje vegen» har endra seg radikalt, med auka globalisering, individualisering, og framveksten av ei rekkje politikkområde som går på tvers av høgre-venstre-aksen. Med dette kriteriet i botn går han så i gang med å kategorisere tre hovudretningar innan kritikken av «den tredje vegen»; ei «nymarxistisk», ei «anti-teknokratisk» og ei «sosialdemokratisk» retning. Innanfor desse kategoriane skisserer han «harde» og «mjuke» variantar, men desse vil det føre for langt for meg å skildre i noko særleg djupn her. Føremålet mitt her er først og fremst å syne at «den tredje vegen» fostra ein debatt som har hatt avgjerande innverknad på korleis New Labour har blitt forstått og historisert. Eg har ikkje sjølv lese alle artiklane og bøkene Leggett refererer til, men freistnaden hans på å gå inn i særleg dei venstreorienterte innvendingane mot «den tredje vegen» kan vere med på å bygge ei bru over til neste del av dette kapittelet. Når vi kjem til drøftinga av historieskrivinga om Labour frå ulike «ideologiske» perspektiv i kapittel 3, kan det dessutan vere nyttig å ha på minnet Leggetts inndeling av kritikken mot «den tredje vegen» i ulike «marxistiske» og

⁴⁴ Leggett (2005) s. 3.

⁴⁵ Leggett (2005) s. 5-6.

⁴⁶ Leggett (2005) s. 5: «Academic and other commentary *about* the Third Way provides the context for my examination of responses to it. Given the constant interaction between academic, political and journalistic actors, commentaries about the Third Way cannot be clearly separated from the elaboration of the project itself.» (Kursivering i original.)

«sosialdemokratiske» perspektiv.

Kritikarane: Nymarxistar

Den første kategorien Leggett peikar ut, er dei såkalla «nymarxistane». Han finn eit interessant tangeringspunkt i det at både framståande eksponentar for «den tredje vegen» og nymarxistiske kritikarar som etter Leggetts meining «tek den tredje vegen på alvor», tek utgangspunkt i at samfunnsendingar kan og bør forklarast i overordna termer.⁴⁷ Skilnaden oppstår i kvar ein finn desse endringane, korleis dei blir forklart, og kva ein ønskjer å gjere med dei. Nymarxistisk kritikk av «den tredje vegen» er å finne både i ein «hard» («rejectionist») og ein «mjuk» variant, men dei har sams at dei meiner samfunnsanalysen som ligg til grunn for «den tredje vegen» retter for lite merksemd mot mellom anna klassesamansetnad og økonomiske forklaringar for å forklare dei nye føresetnadene. Medan talspersonar for «den tredje vegen» viser til at globalisering og individualisering har endra det politiske handlingsrommet, vurderer nymarxistane derimot denne nye røynda som berre nok eit resultat av den utbytande kapitalismens utvikling. Leggett roser nymarxistane for å ha blikk for at marknadsmechanismane har konsekvensar for makttilhøva i samfunnet og for høgre-venstre-aksens relevans,⁴⁸ men han hevdar samstundes at deira deterministiske tilgang reduserer moglegheitene for politisk endring.

Dei «mjukare» nymarxistane deler langt på veg meiningsfellene sine innvendingar mot «den tredje vegen» som blind for klasseperspektivet og kapitalismens negative verknader, men motsett meiner dei at dette er ein vilja politikk. Leggett borer seg her inn i det han meiner er eit svakt punkt i den marxistiske analysen. Dersom globaliseringa og «dei nye tidene» berre er endå eit logisk utslag av kapitalismens verkemåte; korleis kan ein då samstundes skulde politiske aktørar for med vit og vilje å ha sett denne utviklinga i stand?⁴⁹

Kritikarane: Anti-teknokrat

Leggett kallar den andre gruppa av kritikarar for «anti-teknokrat». Dei kritiserer «den tredje vegen» for å leggje for stor vekt på målstyring og ein instrumentell styringsrasjonalisme. I motsetnad til mange følgjarar av «den tredje vegen» hevdar dei at mange saker ikkje kan setjast opp i tal og kolonner, og at tiltrua til den teknokratiske «fornufta» risikerer å radere ut dei politiske motsetnadene som eit sunt og velfungerande demokrati er avhengig av. Vidare tilskriv Leggett «anti-teknokratane» ein kritikk av ideen om det samfunnsvitarar kallar «catch-all-partiet»,⁵⁰ kor eit

⁴⁷ Leggett (2005) s. 65.

⁴⁸ Leggett (2005) 124-125.

⁴⁹ Leggett (2005) s. 76.

⁵⁰ Leggett (2005) s. 84-85. For meir om «catch-all-partiet», sjå til dømes Fielding (2003) s. 117-118., Quinn (2004) s.

avpolitisert parti lausrive frå sosiale klasser eller sentrale motsetnader i samfunnet går vegen utanom det etablerte politiske systemet, for i staden å hente styringslegitimiteten sin direkte frå «folket».⁵¹

Leggett meiner «anti-teknokratane» har eit betre grep om dei politiske, institusjonelle og kulturelle sidene ved «den tredje vegen» enn nymarxistane, men han meiner like fullt dei manglar svar på korleis spørsmålet om avpolitisering kan løysast. Det skuldast ifølgje Leggett mellom anna at dei er usamde seg imellom om i kva grad avpolitiseringa er eit resultat av ei generell samfunnsutvikling i retning av meir styring og kontroll, eller om dette i størst grad er ei vilja utvikling frå Labour si side.⁵² I denne motsetnaden ser vi at «nymarxistane» og «anti-teknokratane» tangerer kvarandre.

Kritikarane: Sosialdemokratane

Når Leggett skal skildre sosialdemokratiske kritikarar av «den tredje vegen», skil han mellom såkalla «tradisjonalar» og såkalla «modernisatorar». Litt forenkla sagt plasserer han kritikarar som er skeptiske til «den tredje vegens» sosiologiske analysar, og som vil halde Labour til eit sett med historisk definerte sosialdemokratiske verdiar, i den første gruppa. Den andre gruppa – modernisatorane - omfattar då for ein stor del «tredje veg»-tilhengjarar⁵³ som har akseptert globaliseringa og den nye individualiseringa, men som likevel meiner ein kunne ha noko å tene på å vere meir uttalte i forfølginga av sosialdemokratiske mål, som til dømes likskap.⁵⁴ Leggett ser på kritikken frå dei sosialdemokratiske «modernisatorane» som den mest løfterike for å utvikle ei meir progressiv utgåve av «den tredje vegen»,⁵⁵ fordi dei i større grad enn nymarxistar og anti-teknokratane avviser determinismen som ligg til grunn for å erklære høgre-venstre-aksen overflødig. Samstundes gjev han eit stykke på veg dei «tradisjonelle» sosialdemokratane rett i deira oppgjer med det Leggett kallar «stråmannsargumentet mot det gamle sosialdemokratiet»,⁵⁶ kor «den tredje vegen» framstiller sosialdemokratiet som langt meir einskapleg enn kva det etter hans syn nokon gong har vore.

Del II: Tre perspektiv på New Labour: Kor «nytt» er det eigentleg?

20-21.

⁵¹ Leggett (2005) s. 86.

⁵² Leggett (2005) s. 91-92.

⁵³ Leggett (2005) s. 99: «What can be seen as *modernising* social democratic responses to the Third Way also have positive and critical versions. Given that Third Wayers describe themselves as modernising social democrats, the positive variant often consists of limited self-criticism and reorientation by Third Wayers; it is largely indistinguishable from what we have been treating as the Third Way itself.»

⁵⁴ Leggett (2005) s. 99.

⁵⁵ Leggett (2005) s. 114.

⁵⁶ Leggett (2005) s. 101-102.

I førre delen trekte eg opp grunnlaget for debatten om «den tredje vegen», som har danna bakteppet for ordskiftet om korleis og i kva grad New Labour kan seiast å representere noko nytt i partihistoria. Vi såg at mykje av analysen som låg til grunn for Giddens og andre med truskap til denne fornyinga, bygde på ei kontekstualisering av New Labour i lys av ikkje berre globalisering og nye krav til mobilitet på arbeidsmarknaden, men også arven frå thatcherismen. Eg har freista å bygge ei bru frå den breie diskusjonen om kva «den tredje vegen» har vore og korleis den har påverka ideologiske og pragmatiske debattar om britisk sosialdemokrati, og over til Tony Blairs New Labour-prosjekt. I det følgjande skal vi sjå nærare på tre bidragsytarar som alle har gjeve forskjellige svar på spørsmålet om korleis det er mest frukbart å historisere New Labour.

Steven Fielding og kontinuitetsperspektivet

Diskusjonen av New Labour-prosjektet er for brei og mangefasettert til at eg kan gje eit fullstendig oversyn, og endå klarare kontrastar vil kome fram i eit seinare kapitel om den meir eksplisitt politiske lesinga av nyare Labour-historie, men førebels vender eg no merksemda mot Steven Fielding, som finn mange tangeringspunkt mellom New Labour-tradisjonen og det som kom føre, om enn på ein litt annan måte enn Stephen Driver og Luke Martell, som vi presenterer til sist i kapittelet.

Fielding har lagt ut sitt syn i størst detalj i boka *Continuity and Change in the making of 'new' Labour* (2003). I føreordet strekar Fielding under at han ikkje er ute etter å skrive ei tradisjonell historiebok, men heller å bore konkret i spørsmålet om kor mykje som er nytt med New Labour. Fielding går ved at det allereie finst ein mangslungen litteratur om emnet, men rettferdiggjjer boka med det han meiner er ein viss grad av historieløyse i handsaminga av temaet. Veikskapen ved mykje av det som har vore skrive om kva slags prosjekt New Labour er, og korleis politikken skal forståast, er ifølgje Fielding ein for kort historisk horisont.⁵⁷ Partihistoria kan etter hans syn ikkje reduserast til spørsmål om eit «brot» initiert av Tony Blair då han vart vald til leiar i 1994 og gjorde seg av med den marxistisk funderte ordlyden i føremålsparagrafen «Clause 4». Heller ikkje er det fyllestgjjerande å seie at vegen fram til New Labour vart lagt av Neil Kinnocks under den politiske endringsprosessen på 1980- og 90-talet, sjølv om mykje av grunnlaget for skifte av partiets standpunkt vart førebudd under «Policy Review» (1987-1992) i hans leiarperiode. Nei, for å forstå korleis New Labour kunne oppstå, må ein ta omsyn til kva slags parti Labour har vore gjennom mange tiår; kva saker som har samla og splitta; korleis partiet er organisert; og korleis røyndommen

⁵⁷ Fielding (2003), s. 16-17.

har endra seg kringom partiet.

Samfunnsvitaren Fielding går så vidare til ein diskusjon av tilhøvet mellom det han kallar eit «aktør-» og eit «strukturperspektiv».⁵⁸ Han kritiserer dei som tenderer mot å meine at endringsprosessar i eit politisk parti først og fremst er drive fram frå toppen. Dette perspektivet tillegg partileinga for mykje makt, og føreset samstundes at leiinga alltid har eit klart bestemt mål for kvar partilina skal ende opp. Det er i hans auge meir fruktbart å forstå dette som eit resultat av forhandlingar mellom ulike interesser, og ikkje som eit nullsumspel med klare «vinnarar» og «taparar».⁵⁹ Ifølgje Fielding legg slike analysar for stor vekt på aktørane, og er for lite vakne for dei avgrensingane i maktbruk som ligg i det å vere i leiinga for eit parti som byggjer på tillit og gjensidige interesser. Medlemsmassen er kanskje villig til å akseptere stor grad av toppstyring så lenge det eksisterer ein samforstand om korleis partiet bør posisjonere seg, men det gjev likevel ikkje uinnskrenka manøvreringsrom.⁶⁰ Samstundes avviser han eit einseitig fokus på strukturelle forklaringar. Dette gjeld anten det dreier seg om dei organisatoriske strukturane eller strukturane i samfunnet rundt. Med leiarrolla kjem ein viss naturleg autoritet, og pragmatiske omsyn til den økonomiske røyndommen og veljarane sine uttrykte preferansar er døme på strukturelle faktorar som ifølgje Fielding kan vere styrande for styrketilhøvet mellom aktør- og strukturelaterte forklaringsmodellar.⁶¹

Det kan likevel diskutast om ikkje Fielding gjer det litt lett for seg her. Han har utan tvil rett i at ein kan få fram eit meir nyansert bilete gjennom å ta omsyn til fleire faktorar, og å vege omsyn nøye mot kvarandre før ein konkluderer. Kor rimelege og interessante desse påpeikingane er, er difor avhengig av om han klarer å sannsynleggjere ikkje berre at, men korleis tidlegare tonegjevande forskarar har ofra nyansar på den klart formulerte, men ikkje alltid fyllestgjerdande, analysens alter.

Fieldings historiografi: Tre historiske skular

For å forstå både partiet og forskningstradisjonen betre, er det altså naudsynt å bidra med ei klar historisering. I freistnaden på å avdekkje veikskapar i forskningstradisjonen deler han den såleis inn i tre historiografiske hovudretningar. Alle tre retningane har i varierende grad hatt som premiss at Labour er eit parti som til tider har mislukkast i å oppnå den dominerande politiske posisjonen det

⁵⁸ Fielding (2003), s. 13-16, 34-6

⁵⁹ Som det vil framgå av drøftinga i kapittel 2 om forskinga på politiske og organisatoriske endringsprosessar, er Fielding her særleg på line med Meg Russell (2005).

⁶⁰ For meir om framstillinga av politiske endringsprosessar i eit politisk parti, sjå drøftinga av Thomas Quinn og Meg Russells debatt om organisasjonsendringar i kapittel 2.

⁶¹ Fielding (2003) s. 17.

har hatt mål om. Den første og kanskje mest uttalt normative retninga, er den Fielding kallar «den sosialistiske skulen».⁶² Følgjarar av denne skulen har i stor grad forklart Labours manglande gjennomslag med ein politikk som har teke for lite omsyn til klasseperspektivet og folkeleg, utanomparlamentarisk organisering. Heilt sentralt i denne retninga står Ralph Milibands *Parliamentary Socialism* (1961, rev.1972), der han ifølgje Fielding forklarte partiets krise ved å vise til at Labour hadde blitt for oppteke av systemlojalitet, og at partiet difor hadde blitt utydeleg.⁶³ Fieldings tolking av Miliband er likevel omstridd: David Coates meiner dei som les Milibands verk som at grunnlaget for Labours manglande gjennomslag ligg i at partiet har «svikta sosialismen» har misforstått. Ifølgje Coates er dette urimeleg, fordi Miliband meinte at Labour aldri reellt hadde hatt ambisjonar om å vere eit anti-kapitalistisk, sosialistisk parti, men eit parti basert på sosial reformisme.⁶⁴

Den andre skulen kallar Fielding «sosialdemokratisk»,⁶⁵ og med det syner han særleg til David Marquands tonegevendande studie *The Progressive Dilemma* (1991, rev. 1999). Marquand meinte å ha funne nøkkelen til å forstå Labour-historia i dei tette banda mellom partiet og fagrørsla. I eit langt historisk perspektiv meinte Marquand at Labours fokus på å vere eit parti av og for arbeidarklassen hadde umogleggjort eit samarbeid med det liberale partiet, og gjort det vanskelegare å appellere breitt. Om Labour hadde definert si politiske rolle breiare enn til å representere arbeidarklassen, kunne dei to partia lettare ha bygd ein samla koalisjon mot det konservative partiet, meinte Marquand. Han trekkjer linene heile vegen frå det opphavlege 'Lib Lab'-samarbeidet⁶⁶ tidleg på 1900-talet og forbi tapet av høgorenterte sosialdemokratlar ved etableringa av Social Democratic Party (SDP gjekk seinare inn i Liberal Democrats) i 1981. Marquands forståingsramme vart sentral for ein kritikk av Labours historiske strategi som baserte seg på at ei framtidig løysing måtte innebere lausare band mellom partiet og fagforeiningane. Berre på den måten kunne partiet agere tilstrekkeleg fritt, og kanskje til slutt etablere den samla fronten mot dei konservative som Marquand meinte hadde vore nærliggjande gjennom heile partihistoria.⁶⁷

Til sist skisserer Fielding ei mellomretning, som han kallar «the constraints school».⁶⁸ Den breitt orienterte historikaren Ross McKibbin blir lansert som representativ for ei retning som kritiserer dei

⁶² Fielding (2003) s. 32-33

⁶³ Sjø Miliband (1972): *Parliamentary Socialism*.

⁶⁴ Coates/Panitch (2003) s. 71. Eg kjem tilbake til Miliband i kapittel 3, men når eg likevel vel å halde meg aktivt til Fieldings historiografiske grovskisse, er det for å syne ulike potensielle måtar å historisere Labour på.

⁶⁵ Fielding (2003) s. 33

⁶⁶ 'Lib Labs' var namnet på parlamentskandidatar med fagforeiningsbakgrunn som vart valde inn i eit taktisk samarbeid med det liberale partiet, både før og eit par tiår etter skipinga av Labour i 1900.

⁶⁷ Sjø Marquand (1999): *The Progressive Dilemma. From Lloyd George to Tony Blair.*, og kapittel 3 i denne oppgåva.

⁶⁸ Fielding (2003) s. 33-34.

to andre skulane for å vere for nærsynte. Dei har ganske enkelt ikkje auge for alle dei faktorane som kan ha innverknad på utfallet, men som ikkje kan forklarast i eit utelukkande ideologisk eller organisatorisk perspektiv. Døme på dette kan vere økonomiske føresetnader, eller korleis politiske endringar forandrar veljarane sine forventningar til kva som er politisk mogleg eller ønskjeleg. Det er til dømes ikkje gjeve at svaret på den konservative offensiven på 1980-talet var å insistere på ein like langtrekkjande ideologisk blankpussing på venstresida (jamfør Labours katastrofeval i 1983). Kva viss thatcherismen hadde skrenka inn kva politiske løysingar veljarane i det heile kunne førestille seg som oppnåelege?

Sett i lys av desse tre skulane står det klart at Fielding har stor sympati for den tredje, ikkje minst fordi det er den som tek størst omsyn til samspelet mellom struktur- og aktørforklaringar, og korleis partiets må agere innanfor ein politisk og ideologisk kontekst i stadig endring, også utanfor partiet sjølv. Fieldings på New Labours plass i Labours lange historie tilseier likevel at han også finn att mykje av sitt syn hjå følgjarane av den «sosialdemokratiske skulen». Han har framført kritikk av føresetnadene for Marquands analyse, men måten han held seg til New Labours kontinuitet med den «sosialdemokratisk-revisjonistiske» retninga på, gjer at han også kan passe i denne kategorien. Når eg kjem historieskriving om og frå fløyene i kapittel 3, vil eg likevel hovudsakleg konsentrere meg om den «sosialistiske» og «sosialdemokratiske» skulen, og kva Fielding har å bidra med når det den «sosialdemokratiske revisjonismens» plasseing i høve til desse to tolkingstradisjonane.

Om samanlikningsgrunnlag og kontekstualisering

Fielding grip tak i nokre sentrale dilemma for alle som freistar å seie noko om historisk utvikling; nemleg korleis ein skal stille seg til det å gjere samanlikningar på tvers av historisk tid og kontekst. Særleg den sosialistiske skulen, men også den sosialdemokratiske, har som føresetnad at det går an å vurdere Labour på omtrent same vis i samtida som ein i ettertid vurderer partiet frå tidlegare tider. Tony Blair og Gordon Brown kan i så måte vurderast å høyre til i ein tradisjon som representerer Labours systemlojale og reformistiske tendens. Men let det seg eigentleg gjere å seie noko meiningsfylt om kva det inneber å vere «venstre-» eller «høgreorientert» idag, samanlikna med kvar skiljelinene gjekk til dømes på 1950-talet? Fielding svarer ikkje kategorisk nei på det spørsmålet, men han er for det første oppteken av dei lange linene og tradisjonane meir enn ein-til-ein-samanlikningar, og for det andre av at viss ein skal trekkje slike konklusjonar, lyt ein samanlikne likeverdige storleikar.⁶⁹ Han noterer at heller ikkje New Labour-ideologane sjølve har halde seg frå å gjere urimelege samanlikningar. Viss du har interesse av å slå fast eit tydeleg lineskift, er det til

⁶⁹ Fielding (2003) s. 5

dømes enkelt å samanlikne New Labour med vedtaka frå Labours landsmøte tidleg på 1980-talet. Både partikulturen og det politiske klimaet var heilt annleis, og då vil endringa nødvendigvis framstå særst tydeleg. Men er det ei samanlikning som seier oss noko vesentleg om politisk endring over tid? Ifølgje Fielding må svaret bli nei.

Skal samanlikningar på tvers av historiske epokar og kontekstar gje meining, er det eit minstekrav at vi samanliknar nokonlunde tilsvarende storleikar. Labours politikk i parlamentet i 1980-åra må samanliknast med korleis ein røysta i dei same spørsmåla i ein seinare periode, og så bortetter. Likeins vil det vere vanskeleg å samanlikne politikk i opposisjon med politikk i regjering, med mindre det er nett skilnader ein er ute etter å kaste lys over. I lys av skulane, lyt ein heller samanlikne ulike regjeringsperiodar, og ein lyt ta omsyn til at handlingsrommet kan endre seg over tid, og at politikk blir gjennomført i ein bestemt kontekst. James Cronin er ein mellom mange som har teke til orde for at ein bør setje seg inn i Labours forståing av si eiga historie og sin eigen kontekst, om ein skal ha von om å forstå korleis dagens sjølvframstilling har vakse fram, og kva føremål den er meint å tene.⁷⁰

Å følgje veljarane, eller overtude dei?

Kva er oppgåva til eit politisk parti som vil søkje makt? Fielding stiller ikkje dette spørsmålet direkte, men det ligg som ein lett leseleg undertekst i kapittelet om dei strategiske vurderingane bak New Labour. Skal eit parti kunne kome i posisjon til å påverke politikken må det få oppslutnad, og for å få oppslutnad må det byggje opp tillit hjå veljarane. Men korleis skjer dette? Her skisserer Fielding to kategoriar, innan han lanserer sin eigen. Det kan skje gjennom det som på engelsk heiter «preference-shaping». Då er målsetnaden å forme eller forandre veljarane si oppfatning av kva politikk som er ønskjeleg gjennom å formulere klare alternativ som botnar i partiets eigne ideologiske overtuding. Denne strategien har ifølgje Fielding historisk vore populær mellom dei som har sett på Labour som eit sosialistisk parti for arbeidarklassen, og forskarar som har forklart partiets nederlag på denne måten.⁷¹ Påstanden deira er at partiet har tapt på å viske ut skiljelinene mot andre parti, slik at veljarane ikkje lenger oppfattar at partiet står for noko. Fielding syner til perioden 1970-1983 som ei blømingstid for denne tilnærminga, ettersom venstresida tok kontroll over partiapparatet, og Labour gjekk til val på sitt kanskje mest radikale program i 1983.

Den andre kategorien kallast «preference-accomodation»⁷², og kan setjast om til «tilpassing til

⁷⁰ Sjå Cronin (2004): *New Labour's Pasts*. Det tyder sjølvstakt ikkje at Labours eiga historie er den einaste konteksten Cronin meiner det er interessant å sjå New Labour i lys av.

⁷¹ Fielding (2003) s. 85.

⁷² Fielding (2003) s. 90

veljarane sine ønskje». Her dreier det seg om å analysere kva politikk veljarane kan vere komfortable med, og så freiste å flytte politikken i den retninga. Både Harold Wilsons og Neil Kinnocks leiarperiodar har vore nytta for å illustrere ei slik tilpassingsline, med den vesentlege skilnaden at Wilson var statsminister medan han gjorde bruk av den. Han trekte fram trongen for ikkje å komme for langt på kant med veljarane som eit argument for å halde venstresida i sjakk, medan Kinnock som opposisjonsleiar nytta ei førestilling om at thatcherismen fundamentalt hadde endra veljarane sitt syn på politikken verkemåte som grunngeving for å tilpasse partilina til eit konservativt hegemoni. Når Kinnock ikkje lukkast i å vinne regjeringsmakta trass i denne snuoperasjonen, kan det mellom anna skuldast at Labour hadde mist mykje truverde som eit økonomisk kompetent parti.

I tilfellet New Labour avviser Fielding likevel at partistrategien må forståast som eit klart val mellom anten aktiv omforming eller medviten tilpassing. I staden lener han seg på omgrepet «accomodate-to-shape»,⁷³ altså «tilpasse for å forme». Som fleire andre,⁷⁴ finn han eit skilje mellom den første og den andre regjeringsperioden. Den første perioden var prega av stor varsemnd, og ein freistnad på gradvis å byggje opp tillit hjå veljarane på område der det hadde rådd ei mistru. Dette arbeidet byrja alt i opposisjonstida, med omskriving av føremålsparagrafen «Clause 4», og lovnader om å føre vidare størsteparten av den konservative regjeringas arbeidslivs- og –marknadspolitik. Slik heldt partiet fram i regjeringsposisjon. Ein overførte styringa av pengepolitikken til sentralbanken, og heldt seg innanfor forgjengarane sine rammer for offentleg forbruk. Ikkje før ein kjente seg trygge på at partiet hadde oppnådd styringstillit frå veljarane, våga ein å signalisere ein ny vilje til å auke offentlege utgifter. Tilpassinga var gjennomført, og no var partiet klart til å freiste å forme veljarane sine oppfatningar av kva politikk som var mogleg og ønskjeleg.⁷⁵

Fielding strekar samstundes under at det blir for enkelt å forstå desse vurderingane som utelukkande strategiske. Ei forståing for kvar smertegrensene og dei uttrykte interessene til kjerneveljarane ligg, tyder ikkje nødvendigvis at den politikken som blir ført ikkje botnar i ideologisk overtying. Fielding meiner at både Tony Blair og Gordon Brown let strategi og overtying gå hand i hand i oppbygginga av merkenamnet New Labour. Begge var tilhengjarar av mange sider ved thatcherismen, og det var såleis langt ifrå noko nederlag for dei å føre denne vidare. Samstundes hadde dei tru på auka offentlege investeringar i skulen, helsevesenet og på arbeidsmarknaden, som er blitt trekt fram som det tydeleg sosialdemokratiske i New Labours praktiske politikk. Det ser

⁷³ Fielding (2003) s. 90-2.

⁷⁴ Sjå t.d. Driver/Martell (2006), Shaw (2008)

⁷⁵ Fielding (2003) s. 99-105.

også ut som ei rimeleg tolking. Strategisk veljartilpassing kan sikkert føre deg eit stykke på veg, men viss veljarane får ei kjensle av at det ikkje ligg ekte overtyding bak, er det ein risiko for at dei til sjuande og sist vil oppfatte det som grunnleggjande holt. I måten Fielding fører saman omsynet til kva politikk veljarane kunne tenkjast å akseptere med Labours sosialdemokratiske målsetnader, ser vi at Fielding her både legg vekt på ytre omstende («constraints school») og kontinuitet vis-a-vis den revisjonistiske tradisjonen.

Kor «nytt» er New Labour?

Fielding forblir heile vegen lojal mot målsetnaden om å setje Labours nyare historie inn i ein lengre historisk kontekst. Tilpassingsstrategien under Blair blir ikkje forstått som noko som byrja under Kinnock, ei heller etter at dåverande statsminister James Callaghan erklærte motkonjunkturpolitikken og keynesianismen daud midt på 1970-talet, men snarare som i tråd med partitradisjonen heilt sidan revideringa av vedtektene og føremålsparagrafen i 1918⁷⁶. Til sjuande og sist meiner Fielding seg i stand til å erklære heile diskusjonen om inndelinga mellom «New» og «Old» Labour for eit sidespor. Både tilhengjarar av Blairs såkalla moderniseringsline og forkjemparane for ein meir «venstreorientert» politikk har hatt interesse av å overdrive i kva grad New Labour innebar eit tydeleg brot med fortida, hevdar Fielding. Moderniseringsfløya trong det for å skaffe seg handlingsrom til å gjennomføre politiske lineskift, medan motstandarane kunne trekkje fram sitt alternativ. Faktisk vil Fielding helst avskaffe den kunstige oppdelinga mellom «Old Labour» og «New Labour».⁷⁷ Når Fielding meiner denne oppdelinga er eit sidespor, skuldast det at han ser New Labour som ei naturleg vidareføring av lina frå etterkrigstidas sosialdemokratiske revisjonisme.

In fact, the roots to New Labour's basic orientation can be traced at least as far back as the opinions of the party's post-war revisionists. Thus what we describe as 'New' Labour was part of a well-established tendency with strong roots in the party, in fact one that had been dominant for most of its history.⁷⁸

Fielding er historiografisk interessant på minst tre måtar. For det første fordi han bidreg med sin eigen historiografiske analyse, og dinest fordi konklusjonane han trekkjer kan representere eit «kontinuitetsperspektiv» i den historiografiske oppdelinga vi trekkjer opp i dette kapittelet. Til sist

⁷⁶ Dei nye vedtektene av 1918, hovudsakleg forfatta av Sidney og Beatrice Webb, gav mellom anna partiet ein ny føremålsparagraf («Clause 4») som slo fast at målet var kollektiv eigarskap til produksjonsmidlane. Dessutan slo vedtektene fast partiets organisatoriske struktur, med tilknytta fagforeiningar, lokallag og grupperingar. Vedtektene opna også for individuell medlemskap for første gong. Sidan skipinga hadde Labour bestått av tilknytta klubber og fagforeiningar.

⁷⁷ Fielding (2003) s.217: «...if this book has one message it is that these two categories should be dispensed with as soon as possible, for they prevent us properly understanding the past and present course of what we should now simply refer to as the 'Labour Party'.»

⁷⁸ Fielding (2003) s. 208.

kan Fieldings forståing av New Labour skrivast inn i ein revisjonistisk, «sosialdemokratisk» tradisjon slik denne skildrast nærare i kapittel 3. Hans syn på kva som motiverer veljarar og polikarar til om å omfamne endringar, er også eit nyttig bakteppe for seinare drøftingar av til dømes organisatoriske reformer. Og sjølv om dei elles står eit stykke frå kvarandre i kategoriseringa av New Labour-prosjektet, held både Fielding og Colin Hay seg aktivt til distinksjonen mellom «tilpassing» til eller «forming» av veljarane sine politiske preferansar, og til den politiske konteksten Labour hadde å arbeide innanfor. No retter eg merksenda mot Hay og hans karakterisering av New Labour som eit utslag av 'thatcheristisk revisjonisme'.

Colin Hay: New Labour som 'thatcheristisk revisjonisme'

Samfunnsvitaren Colin Hay har kritisert New Labour-prosjektet for å gje frå seg for mykje politisk handlingsrom i ein freistnad på å tilpasse seg arven frå thatcherismen. Hans kanskje mest kjente verk er *The Political Economy of New Labour* (1999), der han situerer partiet i Blair-perioden i høve til tidlegare tradisjonar. Han freistar å avdekkje grunnleggjande veikskapar i britisk økonomi, mellom anna som følgje av at thatcherismen etter hans syn ignorerte produksjonsøkonomien på kostnad av ein finans- og tenesteøkonomi som i urimeleg grad er sårbar for svingingar i internasjonale marknader. Såleis kan Hay, til liks med til dømes den marxistisk-inspirerte Alex Callinicos,⁷⁹ reknast til dei globaliseringskritikarane vi nemnte i avsnittet om Will Leggetts oppsummering av «tredje veg»-debatten. Hay avviser ikkje at det skjer ei globalisering, men han kritiserer det han meiner er ein tendens frå globaliseringstilhengjarane til å handsame utviklinga som noko uunngåeleg.⁸⁰ Å handsame ei politisk utvikling som uunngåeleg, kan lett utvikle seg til å bli ein måte å utdefinere folk med andre synspunkt på. Hays fremste kritikkpunkt i så måte er at insisteringa på at globaliseringa er eit uomgjengeleg faktum som ein berre må tilpasse seg, set problematiske grenser for det politiske handlingsrommet. Det finst også ein risiko for at ei slik innstilling leier til at viktige spørsmål blir ignorerte, eller dømt irrelevante for analysen av globaliseringas omfang og konsekvensar; ikkje berre for kva slags politikk det er mogleg å føre, men i like stor grad for kva politikk det er haldbart å *førestille seg*, eller ta til orde for, innanfor eit globaliseringspositivt paradigme.

I kontrast til kontinuitetsperspektivet til Fielding, kor New Labour blir vurdert som eit naturleg framhald av ein revisjonistisk, sosialdemokratisk tradisjon som gjer sjølve nemninga New Labour overflødig, argumenterer Colin Hay for at det er meir gjevande å sjå på New Labour som eit

⁷⁹ Callinicos (2001)

⁸⁰ Hay (1999) s. 28-30, 37

framhald av arven etter thatcherismen. Hay er ikkje så oppteken av i kva grad Labour kan seiast å nokon gang ha vore eit «sosialistisk» parti, men fram til den politiske tilpassinga som for alvor tok til under Neil Kinnocks «Policy Review», var partiet iallfall, ifølgje Hay, til å kjenne att som «sosialdemokratisk». ⁸¹ Sjølv om han går ved at heller ikkje «sosialdemokrati» er ein enkel term å avgrense, følgjer han Giddens i det at tilhøyrse til ei slik tankeretning best kan definerast utfrå eit sett med verdiar. Såleis trekkjer han fram tre kriterium: ⁸² For det første, ei plikt til å drive omfordeling av gode og byrder («redistribution»), som eit verkemiddel for å sikre samanhengskraft og likskap. Dineist nemner han demokratisk økonomisk styring («democratic economic governance»), for å motverke usosiale utslag av marknadsmekanismane; og til slutt eit sosialt tryggingsnett («social protectionism»), for å sikre tilgang på grunnleggjande velferdstenester som skule og helsestell.

Vidare meiner han at dette er eit resultat av at Labours leiarsjikt for lett har akseptert det rammeverket som dei konservative regjeringane etterlet seg («the Thatcher settlement»). ⁸³ Ifølgje Hay omfamna Labour, med lagnadstung ironi, mykje av arven frå thatcherismen nett idet veikskapane i denne modellen for britisk økonomi byrja bli synlege for alvor. Labour har korkje evna eller ønskt å ta noko oppgjer med thatcherismen, og partiet har difor i staden drive aktiv tilpassing til den, hevdar Hay. ⁸⁴

Oppgjeret med «moderniseringstesen»

I eit historiografisk perspektiv er det også interessant at han stiller seg i tydeleg opposisjon til det han kallar «moderniseringstesen» i skildringa av New Labours framvekst, ei overordna forteljning han tilskriv tonegjevande forskarar og kommentatorar som Patrick Seyd/Paul Whiteley, Patrick Wintour/Colin Hughes og Eric Shaw. ⁸⁵ Tesen er ifølgje Hay todelt, sjølv om begge elementa ikkje blir tillagt like stor vekt av alle. ⁸⁶ For det første aksepterer den at globaliseringa har sett avgjerande grenser for kva politikk som kan førast i nasjonalstatane. Dineist hevdar den at Labours organisatoriske og politiske nyorientering under Kinnock og Blair må betraktast som for det første naudsynt for å tiltrekkje seg veljarar, og for det andre noko som vart sett i rørsle som ein konsekvens av tilpassing til thatcherismens nye røyndom. Implisitt i tesen ligg det, hevdar Hay, at thatcherismen gav Labour påskotet til å byrje ei heilt naudsynt modernisering, og i dette ligg ei

⁸¹ Hay (1999) s. 58.

⁸² Hay (1999) s. 57.

⁸³ Hay (1999) s. 43.

⁸⁴ Hay (1999) s. 53-54.

⁸⁵ Sjå Seyd/Whiteley (1992): *Labour's Grass Roots. The Politics of Party Membership*; Wintour/Hughes (1990): *Labour Rebuilt. The New Model Party*; Shaw (1994): *The Labour Party since 1979. Crisis and Transformation*

⁸⁶ Hay (1999) s. 58-64.

openberr normativ føring. Hay forstår i staden Labour etter «Policy Review» som ei tilbakevending til tidlegare tiders britiske «konsensuspolitikk»,⁸⁷ med den skilnaden at Labours «thatcheristiske revisjonisme» inneber at partiet tilpassa seg ein konservativ, nyliberal dagsorden, og ikkje omvendt.

Hay har sjølvsagt blitt utsett for kritikk, mellom anna frå Martin J. Smith, ein av dei han peika ut som talsperson for 'moderniseringstesen'. Smith avviser at Labour gjennomførte ei einseitig tilpassing til thatcherismen, og meiner at partiet også etter «Policy Review» og etableringa av New Labour høyrer heime i eit spesifikt britisk sosialdemokrati, dømt ut frå partiet sine egne tradisjonar. I same lei meiner Mark-Wickham Jones at oppdelinga mellom tilpassing til thatcherismen og Labours særeigne form for «modernisering» blir for enkel. Han oppfattar i staden denne prosessen som ein freistnad på å gjenoppfinne ein måte å agere sosialdemokratisk på i etterkant av thatcherismen.⁸⁸

I ei skjematisk oppdeling kan Colin Hay klassifiserast som ein kritikar av New Labour frå venstre, og vår inndeling her er med på å forsterke dette inntrykket. Hay hevdar eksplisitt at ei lausriving frå det nyliberale paradigmet er naudsynt for å styrkje britisk økonomi, og i analysen av både for- og framtid sit ein att med eit inntrykk av at han ønskjer seg ein kurs for Labour som er meir i tråd med dei sosialdemokratiske parametrane han sjølv har trekt opp. Samstundes er han nøye med å streke under at han ikkje førestiller seg at det er mogleg eller ønskjeleg å gå tilbake til ei tid då keynesianismen vart oppfatta å ha alle svara på kva som kunne reknast som sosialdemokratisk.⁸⁹

Driver/Martell: New Labour som «post-thatcheristisk»

Sosiologane Stephen Driver og Luke Martell har skrive fleire bøker om Tony Blairs tid ved makta, og om grunnlaget for New Labour-prosjektet. Her skal vi konsentrere oss om *New Labour: Politics after Thatcherism* frå 1998, og den oppdaterte utgåva frå 2006, skriven ved inngangen til partiets tredje regjeringsperiode. Bøkene blir stadig referert til i debattar om kva slags prosjekt New Labour er, og dei to forskarane har halde fram med å bidra til denne debatten.

Utgangspunktet for *Politics after Thatcherism* var å freiste å forklare og forstå kva Tony Blair og [New Labour hadde tilført britisk sosialdemokrati, og kva kontekst dei burde setjast i. Med det for auge lanserte Driver og Martell omgrepet «post-thatcherisme» for å skildre New Labour. Dei gjekk ved at det umiddelbart kunne høyrast vagt eller altomfemnande ut – det tyder jo bokstavleg tala

⁸⁷ Hay (1999) s. 106

⁸⁸ Både Smith og Wickham-Jones er referert i Driver/Martell (2006) s. 38-9.

⁸⁹ Hay (1999) s. 65-66

berre noko som kjem etter thatcherismen – men med dette omgrepet ville dei forklare korleis New Labour hadde freista å finne ein eigen veg i ei verd der dei arbeidde innanfor eit rammeverk sett av dei konservative føregjengarane.⁹⁰ Likevel er det verd å stogge litt ved sjølve omgrepet. Forstått i den litt breiare forstanden at dette er ei politisk line som tek innover seg påverknaden Margaret Thatcher hadde på britisk liv og politikk, gjer namnet det klart at skuggen frå Thatcher ikkje er lett å kvitte seg med. New Labour-prosjektet blir her altså forstått i lys av Thatchers og John Majors regjeringar, der det tidlegare var meir vanleg å måle ei Labour-regjering mot ei anna Labour-regjering, eller botnplankar i partiets historiske politikk.⁹¹

Her finst det eit tangeringspunkt mellom Driver/Martell og Hay på den eine sida og Fielding på den andre, i den forstand at dei førstnemnte verkar noko meir opptekne av å situere New Labour i høve til thatcherismen, medan fokuset til Fielding legg større vekt på å samanlikne New Labour med tidlegare straumdrag i partiets historie. Når det gjeld ei anna av Hays oppdelingar - mellom dei som ser på thatcherismen anten som ei kraft som radikalt endra den politiske landskapen, eller som del av ein meir gradvis og institusjonslojal prosess - kan Driver og Martell såleis plasserast i førstnemnte kategori. Det vil kanskje endre seg i takt med at New Labour-epoken kjem på større avstand i tid, men det er interessant at Driver og Martell framstiller thatcherismen som ei meir radikal endringskraft for det britiske samfunnet som heilskap enn New Labour. I den grad New Labour kan erklærast som ei radikal endring, er det i høve til partiets eiga historie, og heller ikkje her går Driver/Martell like langt som til dømes Hay.

Ved inngangen til New Labour-epoken: «Post-thatcherisme»

Her skal vi først sjå på korleis *Politics after Thatcherism* framstiller New Labour som verdibasert prosjekt, med nokre tilvisingar til tangeringspunkt med Giddens sin analyse og andre Labour-forskarar, før vi returnerer til 2006-utgåva og kva Driver/Martell legg til grunn for sin «mellomposisjon» i synet på kva slags prosjekt New Labour er og har blitt i regjering.

For å forklare korleis etableringa av New Labour skilde seg frå det «gamle» partiet som Tony Blair ønskte å markere avstand frå, trekkjer Driver og Martell fram meiningsforskyvinga i særleg to verdiomgrep: Likskap («equality») og fellesskap («community»). Historisk har likskap vore oppfatta som materiell likskap og små økonomiske skilnader. Vi kjenner allereie dette tankegodset frå Giddens, men New Labour såg samstundes seg sjølv som eit prosjekt som var nøydd for, og i stand til, å tilpasse britisk sosialdemokrati til ei tid kor dei gamle svara og løysingane ikkje lenger

⁹⁰ Driver/Martell (1998), s. 1-4.

⁹¹ Driver/Martell (1998), s. 18.

var haldbare.⁹² Difor laut likskap forståast på ein annan måte enn før. På same vis kunne ikkje den fellesskapen det «gamle» Labour inviterte til, overleve uendra. I ei tid kor sosialismen framleis var eit levedyktig alternativ til ein blandingsøkonomisk kapitalisme, gav det meining å forstå samanhengskrafta i samfunnet som eit spørsmål om å knytte samfunnssklassar med ulike politiske og materielle interesser saman gjennom universelle velferdsordningar og andre former for kollektivism. Slik Driver og Martell legg fram New Labour-vediane er det eit vesentleg poeng at Blair og New Labour definerer fellesskap på ein ny måte⁹³, i lys av det samfunnet og den samfunnsmoralen thatcherismen etterlet seg.

New Labour-vediane: Likskap og fellesskap

Her trår New Labour fram som eit grunnleggjande «moralsk prosjekt». Det som kanskje skil New Labour frå den konservative thatcherismen meir enn noko anna, er det Driver og Martell kallar avvisinga av «the politics of self». Dei hevdar at New Labours moralisme må sjåast som ein motreaksjon på den radikale individualismen og materialismen som thatcherismen omfamna.⁹⁴ Om klassefellesskapen ikkje lenger gjev den same meininga, er det ei prioritert oppgåve å stø opp under andre typar fellesskap – familien, lokalsamfunnet, den tredje sektoren – som kan ta dens plass. For Driver/Martell er New Labour i så måte like mykje eit brot med den atomistiske thatcherismen som det er ei avvisning av tradisjonell Labour-tenking, eller for den del ei avvisning av før-thatcheristisk konservatisme.⁹⁵ Snarare meiner dei at vi bør snakke om ei «redefinering» av kva den gamle Labour-verdien «fellesskap» kan tyde i praksis i dagens samfunn. Også her ser vi at Blairs New Labour og Giddens «tredje veg»-rammeverk er på same bølglengd, og vi kjenner at Fieldings vektlegging av endringar i politisk kontekst og handlingsrom. Kommunitarianismen, forstått som ein freistnad på å byggje frivillige sosiale fellesskapar nedanfrå og opp,⁹⁶ i staden for gjennom statlege organ, går att hjå begge.⁹⁷

Når det gjeld «likskap», ser dei to forskarane ei tydelegare tilpassing til thatcherismen. Dei meiner framleis det er snakk om ei redefinering av kva ein sentral gammal Labour-verdi kan tyde i praksis idag, men der kor likskapstanken går ihop med arbeidsmarknads- og økonomisk politikk, ser dei like fullt ei klar overtaking av mykje av arven frå dei konservative regjeringane. Først og fremst

⁹² Driver/Martell (1998) s. 41-44

⁹³ Driver/Martell (1998) s. 161-5

⁹⁴ Driver/Martell (1998) s. 167

⁹⁵ Driver/Martell (1998) s. 168-9

⁹⁶ Driver/Martell (1998) s. 118-119. Om New Labour lukkast i å leggje til rette for dette, er ein annan diskusjon. Nokre av dei same ideala skulle komme tilbake i ein litt annan variant i samband med statsminister David Camerons «Big Society»-satsing frå 2010 og frametter.

⁹⁷ For eit anna perspektiv på New Labours tilhøve til kommunitarianismen, sjå Hale (2004).

gjeld det at likskap er blitt omdefinert til no å omfatte «like moglegheiter» («equality of opportunity») heller enn «resultatlikskap» («equality of outcomes»). Denne dreininga heng i sin tur nært saman med Labours etter kvart entusiastiske omfamning av marknaden som fordelingsmekanisme, i seg sjølv ei utvikling som vart skunda fram av thatcherismen. Statens oppgåve er ikkje lenger å drive omfordeling – særleg ikkje gjennom skattesystemet – sjølv om det kan tenkjast at somme åtgjerder likevel kan ha fordelingspolitiske sideverknader. Istaden skal investeringar i menneskeleg kapital syte for at kvar einskild er i stand til å konkurrere på arbeidsmarknaden. Vi kjenner det att som Giddens' versjon av «supply-side economics», og «wherever possible, invest in human capital».⁹⁸ Driver og Martell siterer på si side Gordon Brown på at ein slik investeringsstrategi kan karakteriserast som «equality of opportunity that really means it».⁹⁹ Her er det underforstått at den gamle, tungrodde måten å omfordele økonomiske ressursar mellom privilegerte og mindre privilegerte på mislukkast i å gjere noko med dei underliggjande årsakene til at det vart slik.¹⁰⁰ Berre langvarig investering i like moglegheiter gjennom utdanningssystemet og arbeidsmarknaden, kan gjere dei egalitære måla reelle, hevda Brown.

Andreutgåva: New Labour som «composite»

I åra mellom førsteutgåva og den reviderte utgåva i 2006, endra Driver/Martells bokprosjekt i noko mon karakter. New Labours skapingshistorie og politiske praksis vart framleis på mange måtar forstått som eit produkt av arven frå thatcherismen, men skildringa av partiet som «post-thatcheristisk» hadde no blitt erstatta av New Labour som «a composite»; ein kombinasjon av thatcheristiske og sosialdemokratiske impulsar.¹⁰¹ I ein kontrast dei sjølve trekkjer opp¹⁰² til på den eine sida Colin Hays påstand om at partiets tilpassing til thatcherismen har gått for langt, og synet på New Labour som ei forlenging av tidlegare tiders revisjonisme på den andre, legg dei seg ein stad i mellom. Det skuldast ikkje minst deira syn på sosialdemokratiet som hybridliknande av natur. Så lenge eit parti er sosialdemokratisk, noko dei finn New Labour å vere, er det vanskeleg å halde det til ein puristisk standard.¹⁰³ Dei avviser dessutan dikotomien mellom sosialdemokratisk, revisjonistisk framhald og thatcheristisk revisjonisme, fordi dei ikkje ser på New Labour som noko som kan reduserast til eit einskapleg prosjekt.

Desse grunnleggjande vurderingane verkar rimelege, særleg sett i lys av den gjennomgangen

⁹⁸ Giddens (2000) s. 52

⁹⁹ Driver/Martell (1998) s. 162

¹⁰⁰ Driver/Martell (1998) s. 89

¹⁰¹ Driver/Martell (2006) s. 3-4

¹⁰² Driver/Martell (2006) s. 24-27

¹⁰³ Driver/Martell (2006) s. 53

forfattarane deretter gjer av partiets regjeringspraksis. Nyansar og atterhald er som regel ein ven av einkvar som skriv historie, eller *om* historie, slik det gjeld i mitt høve. Det som likevel gjer Driver/Martell lette å følgje, er at dei ikkje fell hen til arroganse på vegner av sine eigne tolkingar. For den som ligg i ein mellomposisjon og peikar på for skarpt trekte konklusjonar hjå andre, ligg det alltid ein fare for at ein erklærer andre tolkingar ugyldige eller beint fram umoglege.

Dei går ved at New Labour på fleire område har akseptert – og stundom entusiastisk omfamna – arven frå thatcherismen, men meiner på same tid å sjå at innanfor det politiske rammeverket dei har hatt å arbeide med, har intensjonane, og til dels resultata, vore gjenkjenneleg sosialdemokratiske.¹⁰⁴ Dels skuldast dette at åra som har gått gjev grunnlag for å samanlikne dei ambisjonane New Labour formulerte i opposisjon, med kva partiet faktisk gjennomførte i regjering. Såleis har den oppdaterte utgåva mest av alt preg av å vere ei form for «rekneskap»,¹⁰⁵ som gjer opp status for kor New Labour har teke Storbritannia, og korleis partiet held seg til den sosialdemokratiske og thatcheristiske tradisjonen. I Driver/Martells bilete er New Labour ein konstant balansegang mellom rammene thatcherismen etterlet dei, ei ikkje-dogmatisk tilnærming til verkemiddelbruk, og freistnader på å sameine dette med sosialdemokratiske målsetnader og verdiar. Bruken av offentleg-private samarbeidsløysingar for sjukehusdrift, eller satsinga på sjølvstyrte «foundation hospitals» er eit typisk døme.¹⁰⁶ Det er nye tider, og New Labour står klart til å ta i bruk nye metodar for å nå gamle mål. I denne vektlegginga av eksterne faktorar som påverkar Labours handlingsrom, ser vi teikn på at Driver/Martell har mykje sams med følgjarane av «the constraints school», jf. Fieldings historiografi over.

Når dei tek dette til inntekt for synet på New Labour som ein kombinasjon av thatcherisme og sosialdemokrati, heller enn som ein konsekvens av «thatcheristisk revisjonisme» som hjå Hay, skuldast det ikkje minst at dei er opptekne av å vurdere New Labour i ein internasjonal kontekst. Og jamført med andre sosialdemokratiske parti elles i Europa, er den britiske konteksten heilt spesiell. Det som nok ville framstått som «nyliberalt» mange andre stader, kan i Storbritannia likevel framstå som eit brot med thatcherismen, hevdar dei.¹⁰⁷ Når New Labour kan kallast sosialdemokratisk, seier

¹⁰⁴ Om den overordna økonomiske politikken heiter det til dømes: «New Labour has proved business-friendly, but the government has placed significant limits on the market and free enterprise to address traditional social democratic concerns around low pay, the length of the working day and balance between work and family life. (...) [T]hese policies, along with major investment in collective public services, show a government that combines free market principles with social democratic instincts, even in the face of a global economy.» (Driver/Martell (2006) s. 85)

¹⁰⁵ Det er gjeve ut ei rekkje generelle verk som evaluerer resultata av New Labours regjeringstid, med ulik grad av normativ analyse. Sjå til dømes Coates (2005), Shaw (2008), Matt Beech/Simon Lee (eds.): *Ten Years of New Labour* (2008), Anthony Seldon (ed.): *Blair's Britain 1997-2007* (2007)

¹⁰⁶ Driver/Martell (2006) s. 121-129. For ei grundigare drøfting av New Labours haldning til National Health Service og sosialdemokratiske verkemiddel, sjå Shaw (2008).

¹⁰⁷ Driver/Martell (2006) s. 202

det ifølgje forfattarane meir om den særeigne britiske politiske økonomien enn om kor godt idealtypar av sosialdemokratiske parti høver til det britiske dømet.¹⁰⁸

Såleis legg Driver/Martell større vekt på den internasjonale konteksten kontra Fieldings fokus på den historiske konteksten i forståinga av kontinuitet og nyskaping i New Labour. Også hjå Driver/Martell kjem det til syne ein kontinuitet i New Labour under Tony Blair, men den er knytt til partiets langvarige spenningar mellom progressive, sosialdemokratiske og liberale idear, heller enn til Fieldings tangeringspunkt mellom New Labour og den revisjonistiske, sosialdemokratiske tradisjonen.¹⁰⁹

Oppsummering

I dette kapittelet har eg undersøkt korleis omgrepet «den tredje vegen» har verka inn på forståinga av Labours historie i fortid og samtid. Anthony Giddens gav intellektuell tyngd til eit omgrep Tony Blair nytta for å plassere «New» Labour i ein politisk landskap i sterk endring etter Sovjetunionens samanbrot. Ved å vise til døme frå debatten etter bøkene til Giddens og monografien til Will Leggett, har eg vist at han var ein viktig premissleggjar for korleis nyorienteringa vart oppfatta, i ein politisk, ideologisk og historisk kontekst. Leggett var oppteken av at kritikarane måtte ta «den tredje vegens politikk» på alvor, noko som i seg sjølv er med på å legitimere Giddens' skildring av sosialdemokratiets nære historie. Han finn den «sosialdemokratiske» kritikken å vere mest fruktbar, og oppmodar følgjarane av «den tredje vegen» til å bli tydelegare når det gjeld kva som utgjer det venstreorienterte i prosjektet.

I andre del av kapittelet tok eg for meg korleis ulike forskarar har tolka New Labour som del av partihistoria. Etter å ha skissert tre forskjellige «skular», kritiserer Steven Fielding mange som har forska på feltet for å innta eit for kort historisk perspektiv. Fielding forstår New Labour som eit slags framhald av ein lengelevande sosialdemokratisk-revisjonistisk tendens, som i sum gjer skiljet mellom «New» og «Old» Labour kunnstig, medan Colin Hay omtaler prosjektet som ei tilpassing til arven frå thatcherismen. Stephen Driver og Luke Martell plasserer seg imellom desse to polane, og ser New Labour som «a composite» som arbeider mot sosialdemokratiske mål innanfor rammene av thatcherismen og denne ideologiens verkemiddelapparat.

I neste kapittel utvidar eg drøftinga av New Labour-historiografien vidare, ved å sjå på korleis eit

¹⁰⁸ Driver/Martell (2006) s. 201

¹⁰⁹ Driver/Martell (2006) s. 210

utval forskarar har framstilt tilhøvet mellom partiet og fagrørsla og dei organisatoriske endringane som| la grunnlaget for at New Labour-prosjektet kunne vekse fram.

Kapittel 2: Organisatoriske reformer og tilhøvet til fagrørsla

Føremålet med dette kapittelet er todelt. Gjennom representative dømme frå forskingslitteraturen vil eg først gjennomføre ei historiografisk drøfting av korleis denne litteraturen forklarar grunnlaget for politiske og organisatoriske reformer i Labour: Kva bidreg til å leggje grunnlaget for endring?

Korleis blir reformprosessane skildra, og konsekvensar får det for historieforståinga? Vidare vil eg sjå på forskning knytt til tilhøvet mellom partiet og fagrørsla. Fagrørsla har hatt ei avgjerande rolle i så vel organisatoriske som politiske endringsprosessar grunna si talmessige styrke og tydinga for Labour som historisk prosjekt, noko som gjer det naturleg å handsame desse to temaa ved sidan av kvarandre.

Kapittelet blir innleidd med eit kortfatta oversyn over dei organisatoriske strukturane som har prega partiet sidan skipinga. Vonleg vil eit slikt oversyn vise seg nyttig både for delkapittelet om organisatoriske endringar, og for den delen som handsamar tilhøvet mellom partiet og fagrørsla. Eit slikt historisk oversyn er ikkje berre meint å komme i møte den vanlege innvendinga om at mange historiske analysar legg til grunn ein for kort tidshorisont, men også å redusere trongen for gjentakingar i teksten.

Fagforeiningane har vore ein avgjerande del av partiets historie, og også i delkapitlet om organisatoriske endringar vil eg ha eit vakent blikk for kva rolle fagrørsla har spelt. Dette er ikkje berre fordi den er avgjerande viktig, men også fordi det vil gjere det meir oversiktleg å følgje utviklinga. Også historiografi handlar å prioritere kva faktorar som skal leggjast vekt på og ikkje. Vonleg har ikkje altfor mange nyansar gått tapt på vegen medan eg har vald til og frå i bøker som sjølv sagt rommar veldig mykje meir enn berre organisatoriske reformer, eller berre fagorganisasjonane si rolle i å få gjennomført desse endringane.

Eit historisk oversyn

Fagorganisasjonane har vore heilt sentrale for partistrukturen heilt sidan skipinga av partiforløparen Labour Representation Committee (LRC) i 1900. Etter årelang kamp for politisk representasjon for arbeidarinteressene, slo den sameinte landsorganisasjonen for fagorganiserte, Trades Union Congress (TUC), fast at det burde arbeidast for representasjon i parlamentet. Men allereie her kom motsetnadene i koalisjonen til overflata. På den eine sida hadde røyntslene med rettslege inngrep mot faglege rettar fostra djup skepsis mot rettsvesenet og ikkje-valde autoritetar.¹¹⁰ Men på den andre sida let mange seg overtyste om at dette prova at heller ikkje politiske vedtak i seg sjølv var

¹¹⁰ Reid/Pelling (2005) s. 10.

noko trygg sikring mot at lover ikkje kunne misbrukt eller gjerast om. Resultatet vart i første omgang organisering av einskildkandidatar med arbeidarbakgrunn som stilte til val i samarbeid med det liberale partiet (såkalla 'Lib-Labs').¹¹¹ Her ser vi også røtene til det fleire har peika ut som ein klar interesse- og verdifelleskap mellom sosialistar og liberalarar, som mellom andre David Marquand (1999) skulle utvikle vidare til ein politisk kritikk av historiske oppbrotstendensar mellom desse to ideretningane, noko vi kjem attende til i kapittel 3.

Labour – som partiet heitte frå 1906 av - heldt fram eit taktisk samarbeid med dei liberale til 1918, samstundes som ein stilte egne kandidatar i mange krinsar. Partiet var organisert som ein føderasjon, kor fagforeiningar, sosialistiske foreiningar og lokale lag alle var knytte til partiet, men det var ikkje før i 1918, då partiet fekk ny føremålsparagraf, at ein opna for individuelt medlemskap. I denne samanhengen vart partiet dessutan ein uttrykt sosialistisk organisasjon, med ein føremålsparagraf («Clause 4») som lova kamp for kontroll over produksjonsmidla basert på ein marxistisk samfunnsanalyse. Denne vendinga understreka spenningane i høve til det liberale partiet ytterlegare.¹¹²

Utover å plikte partiet til å kjempe for arbeidarklassen, slo den nye føremålsparagrafen også fast at fagforeiningane hadde automatisk rett på politisk representasjon i partiets avgjerande organ, det vere seg landsmøtet («Conference»), sentralstyret («National Executive Committee», NEC) eller dei lokale partiforeiningane («Constituency Labour Parties», CLP). Mellom anna som følgje av den kollektive medlemskapen i fagforeiningane og partiet, vaks fagrørsla si politiske og talmessige styrke til eit punkt kor den sat med opptil 90% av røystene på landsmøta, i tillegg til makta den hadde over den politiske retninga i det daglege arbeidet i parlamentsgruppa, gjennom «sine egne» innvalde representantar. Fagforeiningane var og er ei mykje brukt finansieringskjelde for partiet, og kunne difor krevje innverknad på fleire forskjellige nivå. Som vi skal sjå nedanfor, har striden ikkje handla om kor vidt fagforeiningane har hatt denne retten på papiret; det er uomstridd. Det har heller dreidd seg om i kva grad dei har vore interesserte i å gjere bruk av den, til kva tider, kva som har vore ei naturleg arbeidsdeling mellom parti og fagrørsla, og korleis denne arbeidsdelinga har verka inn på veljarane si oppfatning av Labours demokratiske legitimitet, sjølvstende og handlefridom.

¹¹¹ 'Lib-Labs' vart innvalde også før skipinga av Labour, men då Labour-leiarskapen gjekk inn i eit valsamarbeid med det liberale partiet i 1906, leidde det til eit nasjonalt gjennombrudd for Labour. Styrketilhøvet mellom dei to partia varierte, men mellom anna grunna ei djup splitting i det liberale partiet over britisk deltaking i den første verdskrigen (sjå Marquand, 1999: 26-34) vart Labour etter kvart det dominerande partiet av dei to. Det liberale partiet gav sin støtte til Labours Ramsay MacDonald som statsminister i 1924.

¹¹² Labours kollektivistiske etos gjekk på nokre punkt imot det liberale partiets grunnleggjande støtte til kapitalismen og fri handel. Samstundes var det klare tangeringspunkt mellom dei to partia når det galdt trongen for å bygge ut eit sosialt tryggingnett.

Vi skal sjå at mykje makt etter kvart er blitt flytta frå landsmøtet og over til andre fora, som sentralstyret, politiske undergrupper, og på 1990- og 2000-talet til det programførebuande National Policy Forum (NPF), men gjennom mange år øvde fagforeiningane meir enn noko anna direkte innverknad gjennom landsmøta.¹¹³ Store forbund avga då gjerne røyster samla (den såkalla «block vote»), og ikkje sjeldan utan å spørje seg til råds korkje mellom egne medlemmer eller endåtil i eigen delegasjon på førehand. Her kjem eit naturleg og kontinuerleg spenningstilhøve til synes. Sjølv om fagforeiningane er betalande medlemsorganisasjonar i Labour, har dei samstundes ei plikt til å handle i tråd med interessene til egne medlemmer. Det kunne oppstå spenningar når mykje av politikken i praksis vart fastsett andre stader, som til dømes på landsmøta i TUC. Også dette, at parti som tok del i demokratiske val vart direkte påverka av organisasjonar utanfor sin eigen formelle avgjerdsstruktur, har vore ei stadig tilbakevendande kjelde til debatt om demokratisk legitimitet.¹¹⁴ Samstundes er det viktig å streke under at dette har vore tilfelle begge vegar; mange fagforeiningar har også vore uroa over at fagrørsla sitt sjølvstende kunne trekkjast i tvil på grunn av den tette koplinga til partipolitikk. Som vi skal sjå, vart det særleg utover på 1980-talet eit sentralt spørsmål om dei nye, konsoliderte fagforbunda skulle knyte seg til Labour, ta til seg ei friare rolle, eller stå heilt utanfor.

Det har til alle tider vore sterkt medvit i fagrørsla om at samfunnsoppdraget er todelt. Først og fremst eksisterer fagforeiningar for å fremje medlemsinteressene, på arbeidsplassane, internt i bransjar og overfor makthavarane. Samstundes har det eksistert ei brei semje om at Labour har vore det partiet som mest konsekvent har vore villig til å lytte til faglege interesser, og såleis har eit nært politisk samarbeid vore naturleg. Dette todelte omsynet, avveginga mellom fagrørsla si primærøppgåve og Labours oppslutnad, har til alle tider skapt spenningar i arbeidarrørsla. Dette siste omsynet fostra lenge ei oppfatning om at toppane i fagrørsla nytta makta si til å styre politikktutviklinga i Labour, men som vi kjem attende til nedanfor, har mellom andre Lewis Minkin (1992) vist at denne makta har vore brukt med varsemnd. I store trekk har foreiningane snarare hatt ein målsetnad om å unngå omfattande direkte innblanding i interne partitilhøve. Fagforeiningane var likevel, når det kom til stykket, ein vesentleg del av forklaringa på både organisatoriske og politiske endringar. Kombinasjonen av fagforeiningsmakt, venstredreining og organisatoriske reformer for å halde partileiinga ansvarleg for landsmøtevedtak, fekk klare konsekvensar utover 1970- og 80-talet. Det vaks fram eit krav om større landsmøtemakt over programarbeidet, landsmøtevald partileiing (via valkollegium) og obligatoriske nominasjonsval av parlamentskandidatar («re-selection»). Mykje av forskinga på organsatoriske og politiske reformer

¹¹³ Lewis Minkin kartla dette i *The Labour Party Conference* (1980).

¹¹⁴ Robert McKenzie meinte til dømes at det representerte ei demokratisk utfordring, ettersom parlamentarikarane gjorde seg ansvarlege overfor utanomparlamentariske organ og pressgrupper. Quinn (2004) s. 6.

har dreidd seg om å forklare korleis desse krava har vore handtert i praksis.

Utbytarane i Social Democratic Party (SDP) oppga fagleg representasjon i valkollegiet for val av ny partileiing som utløysande årsak til brotet med Labour i 1981,¹¹⁵ og utover 1980-talet freista Neil Kinnock, den første Labour-leiaren som vart vald gjennom valkollegiet, å redusere fagforeiningane sin del av røystene på landsmøta. Ei prøveordning med overgang til frivillige medlemsavrøystingar («one member, one vote», OMOV) stagnerte raskt i 1984 på grunn av motstand i fagrørsla, men Kinnock flytta istaden mykje politikk ut til underutval kor den demokratiske kontrollen var mindre. Denne utviklinga gjekk føre seg parallelt med at store delar av partiets politikk vart teken opp til ny vurdering (den såkalla «Policy Review», 1987-1992)¹¹⁶. I 1993 lukkast det så den neste leiaren, John Smith, ein pragmatikar som sjølv hadde fagleg bakgrunn, å overtude fagforeiningane om å redusere sin del av røystene i landsmøte til først 70% og deretter 50%, avhengig av medlemsverving i partiet. Seinare har lokalforeiningane også auka sin representasjon i valkollegium og andre organ på fagforeiningane sin kostnad. Gjennom 1990-talet tok så det sjølvstendig landsmøtevalde NPF over det rullerande arbeidet med å førebu valprogramma, med den konsekvens at landsmøta ikkje lenger har same avgjerdsamt som tidlegare.

På grunn av litteraturen eg har vald ut til dette kapittelet, kjem eg ikkje inngåande inn på korleis tilhøvet mellom Labour og fagforeiningane har endra seg på siste halvdel av 2000-talet, men det har nyleg kome signal som tyder på at samarbeidet igjen kan stå ved ein krossveg. Dagens partileiar, Ed Miliband, signaliserte i juli 2013 at han ønskjer reformer av korleis fagforeiningane gjev økonomiske bidrag til Labour, med større høve til at medlemmer kan reservere seg mot å bidra, og at einskildmedlemmer skal ha større makt over val av parlamentskandidatar.¹¹⁷ Meiningane om dei konkrete reformframlegga har så langt vore delte, men det ser ut til å herske ei oppfatning om at dei, viss dei blir gjennomførte, kan representere ein grunnleggjande ny fase i det fagleg-politiske samarbeidet.

Del I: Forskinga på Labours organisatoriske strukturar og reformprosessar

Kvifor forske på organisatoriske endringar? Svara kunne sikkert vore mange, men eitt av dei vanlegaste er at korleis eit parti er organisert er grunnleggjande viktig for kven som har makt til å påverke, og at dette har ålmenn interesse når partiet samstundes søker å representere folkevilja i

¹¹⁵ Vi kjem tilbake til bakgrunnen for skipinga av SDP i samband med spenningane mellom Labour og det liberale i kapittel 3.

¹¹⁶ For ulike perspektiv på Policy Review, sjå t.d. Shaw (1994), G. Taylor (1997), Wintour/hughes (1990), Hay (1999).

¹¹⁷ «Ed Miliband to put Labour union reform to vote at special conference», *The Guardian*, 23.07.2013. URL: <http://www.theguardian.com/politics/2013/jul/22/ed-miliband-labour-union-conference> (Lasta opp 29.11.2013.)

val. I dette delkapittelet skal eg ta for meg tre framstående forskarar - Lewis Minkin, Meg Russell og Thomas Quinn - som alle har arbeidd med organisatoriske endringar i Labour, med ulik tidsramme og ulike metodologiske innfallsvinklar. Først presenterer eg Minkin, som med sitt sosiologiske rammeverk i hovudverket *The Contentious Alliance* (1992) har blitt eit naturleg omdreingspunkt for mykje av debatten kring Labours organisering. Dinest trekkjer eg inn Russell og Quinn sine drøftingar av tida etter Minkin, i ein interessant kritisk debatt særleg om nytta av ei instrumentell forståing av politikk og vilkåra for politisk endring. Her vil eg særleg leggje vekt på korleis fagrørslas rolle i endringsprosessane blir forklart og forstått.

Presentasjonen av arbeida til desse tre er delt i to delar; ein del kalla «den faglege konteksten» og ein andre del kalla «narrativ». Sistnemnte omgrep lener seg i nokon grad på narrativitetsomgrepet til historieteoretikaren Hayden White, og freistar å undersøkje korleis tekstane er organiserte for å underbyggje argumenta, på eit retorisk nivå.¹¹⁸ Med White deler eg medvitet om at historiske framstillingar er summen av ei lang rekkje til- og fråval. I mitt tilfelle vil dette gjere seg gjeldande gjennom ei kontinuerleg drøfting av korleis og i kva grad fagleg bakgrunn, utsegnsposisjon og retorisk betoning gjev seg utslag i forståinga (forminga) av teksten som ei historieforteljing. Sjølv om eg i dette delkapittelet vil gjere samanlikningar mellom omgrepsbruk og perspektiv og deira konsekvensar for den overordna historia som blir fortalt, har eg likevel ikkje vald å gå nærare inn på korleis kvart einskild verk måtte passe med Whites klassifisering av historieforteljing i ulike sjangrar.¹¹⁹

Lewis Minkin og «den omstridde alliansen»

Lewis Minkin har mellom anna arbeidd som professor og «Lecturer in Government» ved Manchester University, og har forfatta to store og mykje siterte verk om Labour, *The Labour Party Conference* (1978/1980), om kva posisjon Labours landsmøte har hatt i partiets avgjerdshierarki, og *The Contentious Alliance* (1992), om tilhøvet mellom partiet og fagrørsla. Sistnemnte er den klart breiast innretta studien som ligg føre av dette tilhøvet, og ei bok som dei fleste som skriv innanfor feltet framleis held seg aktivt til og diskuterer med, anten dei er samde eller usamde i konklusjonane Minkin trekkjer.

¹¹⁸ Sjå Heidi Norlands innledning i White (2003).

¹¹⁹ Med omgrepsapparatet til litteraturvitaren Northrop Frye delte White inn historiefamstillingar i fire arketyriske sjangrar: «Komedie», «tragedie», «satire» og «romanse». (White, 2003, s. 31-2) Sjølv om vi ikkje vil gjere nokon nærgåande analyse av tekstane langs desse linene, vil Whites forståingsramme for historietekstar likevel kunne tangerast indirekte.

Den faglege konteksten

Minkins faglege bakgrunn er illustrerende for ein gjennomgåande tendens mellom Labour-forskarar. Faggrensene er ikkje trekt klart opp, og forskinga kan hente innsikter frå ei lang rekkje ulike fagfelt og tilnæringsmåtar. Minkin kjem i tillegg frå ein generasjon kor vegane inn i historieforskinga var fleire enn dei er i dag, når det vanlege er å ha eitt klart spesialfelt. Sjølv definerer Minkin sin faglege bakgrunn på følgjande måte:

I am a university academic with thirty years experience of research into politics, working at the interface of contemporary history and political science. I think of myself sometimes as a political analyst, sometimes as an analytical historian. At times I describe myself simply as a historian, and at other times as a political scientist. One friend is convinced that I am a «Contemporary Historian», another that I am a «Political Anthropologist». Probably none of these labels are fully satisfactory in conveying quite what I do.¹²⁰

Vi skal komme tilbake til at Minkin har gjort bruk av eit ikkje heilt ukontroversielt sosiologisk rammeverk i mykje av sin mest framstående forskning, men han supplerer denne med særskilte omfattande kjeldestudium, noko som plasserer han i ein meir klassisk historikartradisjon.¹²¹ Kombinasjonen av desse tilnærmingane, og det høge ambisjonsnivået i verka hans, har gjort han til ein autoritet på forskingsfeltet.

Sjølv om Minkin framleis er både tonegjevande og relevant, er det likevel verdt å hugse på at han sette punktum for sin studie tidleg på 1990-talet.¹²² Det tyder at han ikkje nådde å få med mange av dei reformene som dannar grunnlaget for konklusjonane til Thomas Quinn og Meg Russell, som reduksjonen av fagrørslas røystedel på landsmøta, avskaffinga av formuleringane om statleg eigarskap i Labours prinsipp-program eller innføringa av prinsippet om ein medlem-ei-røyst (OMOV).

Minkins bok hadde som hovudambisjon å slå i hel myten om at fagrørsla i praksis var den styrande krafta i Labour. Minkins mot-tese var i staden at tilhøvet mellom partiet og fagrørsla var prega av ei gjensidig tilbakehalden tilnærming.¹²³ Ifølgje Minkin hadde dei som trudde på påstanden om at det egentleg var fagforeiningane som styrte partiet ('the baronial power thesis')¹²⁴, stira seg blinde på slikt som gjensidige økonomiske interesser og tal på landsmøteutsendingar peika ut av fagforeiningane. Derimot meinte Minkin å sjå at leiande fagforeiningsfolk ofte tok jobben med å sikre handlingsrom for partileiingars kurs¹²⁵

¹²⁰ Minkin (1997), *Introduction*, xviii-xix.

¹²¹ «My method of work is mainly qualitative not quantitative.» (Minkin 1997, s. 20.)

¹²² Ifølgje Manchester University Press kjem Minkin med boka *The Blair Supremacy: A Study in the Politics of Labour Party Management* i mai 2014, ei bok som truleg vil oppdatere nokre av konklusjonane frå dei tidlegare verka.

¹²³ Minkin (1992) s. 26.

¹²⁴ Shaw (2003) s. 166.

¹²⁵ Historieskriving med utgangspunkt i et «sosialdemokratisk-revisjonistisk» perspektiv er presentert både i kapittel 1 (i New Labour-kontekst) og i kapittel 3 (med blikk på å setje New Labour inn i ein lengre partitradisjon).

(det han kalla å vere leiingas «praetorian guard»¹²⁶).

For å underbyggje desse påstandane, støtta Minkin seg på eit særst breitt tilfang av kjelder. Han bygde vidare på arbeidet med *The Labour Party Conference*, og nytta elles både tidlegare forskingslitteratur, møteprotokollar og andre offisielle politiske dokument. Ambisjonsnivået har gjort at framstillinga hans har blitt ståande som den klart mest omfattande studien som er gjort av dette sakskomplekset.

Men Minkin ville ikkje berre vise at førestillinga om fagrørslas styringsevne og –vilje var misforstått og overdriven. Det kanskje viktigaste boka har gjort for seinare forskning på feltet, er å skissere eit sett av hovudsakleg uskrivne reglar og verdiar som regulerte kva åtferd som var venta og akseptert i tilhøvet mellom partiet og fagforeiningane.¹²⁷ Dei fire verdiane – *fridom*,¹²⁸ forstått som fridom frå utidig politisk innblanding i det faglege arbeidet og omvendt; *demokrati*¹²⁹, altså respekten for demokratisk forankra fleirtalsavgjerder; *einskap*,¹³⁰ det vil seie det felles ansvaret for å søkje semje der det er mogleg og tenleg; og til slutt *solidaritet*,¹³¹ ei underforstått plikt til bidra til ro i arbeidarrørsla når Labour var i regjering. Litt på sida av dette lanserer han også det pragmatiske prinsippet *prioritering*,¹³² som syner til ei forståing, særleg frå fagrørsla si side, av at begge partar var best tente med at fagforeiningane prioriterte å påverke i fagleg-politiske spørsmål. Etter å ha skissert desse reglane, går Minkin i gang med å syne korleis summen av dei skaper ein tradisjon som bae partar er gjensidig medvitne om, og som leier fram til ein konklusjon om at «(...) whatever the formal features, it is virtually always misleading to say that the unions 'run the Labour Party'». ¹³³

Den disiplinerande krafta i reglane heng også saman med eit anna av Minkin sine nøkkelomgrep; *roller*.¹³⁴ Når reglane kunne forbli uskrivne, var det mellom anna fordi aktørane på mange måtar vart sosialiserte inn i ei forståing av kva krav det var naturleg å stille og kva rolle det var naturleg å innta andsynes høvesvis partiet og fagrørsla. Denne forståinga bidrog til den gjensidig tilbakehaldne tilnærminga, eksemplifisert ved at fagrørsla, både i sentralstyret og for ein stor del også på Labours landsmøte, respekterte partiets plikt til å utforme sin eigen sjølvstendige politikk på dei fleste andre politikkområde relativt uforstyrra av fagrørsla. Til gjengjeld for dette sjølvpålagte armslengdprinsippet, kravde fagrørsla ifølgje Minkin, i tillegg til sine formelle posisjonar i partiet,

¹²⁶ Minkin (1992) s. 82.

¹²⁷ Sjå dessutan Drucker (1979): *Doctrine and ethos in the Labour Party*.

¹²⁸ Minkin (1992) s. 27-8.

¹²⁹ Minkin (1992) s. 32-3.

¹³⁰ Minkin (1992) s. 35-7.

¹³¹ Minkin (1992) s. 38.

¹³² Minkin (1992) s. 40-1.

¹³³ Minkin (1992) s. 629.

¹³⁴ Minkin (1992) s. 45.

høve til å påverke retninga på sysselsetjings- og industripolitikken.

I ein artikkel som drøftar i kva grad Minkins tese kan seiast å vere relevant også i dag, teiknar Eric Shaw opp ein kontrast mellom den individualiserte «rational choice»-tilnærminga og ei meir sosiologisk basert tilnærming¹³⁵ – forstått som eit fokus på det sosiale miljøet som individa handlar utifrå – for å forklare korleis og kvifor aktørane handlar som dei gjer.¹³⁶ Shaw er i all hovudsak sympatisk innstilt til Minkins perspektiv, og meiner det inneber ei implisitt avvising av det han oppfattar som rational choice-teoriens forenkla syn på kva som skapar politisk engasjement og endring.¹³⁷ Han argumenterer for at Minkins meir normbaserte rammeverk er betre i stand til å fange opp og forklare kvifor ein handlar som ein gjer, særleg i høve der ein og same aktør kan ha fleire interesser samstundes.

Til liks med fleire andre forskarar på feltet har også Minkin til tider vore knytt til Labour i ulike rådgjevarroller.¹³⁸ Tidleg på 1990-talet sat han til dømes i eit utval som fekk i oppgåve av Labour å greie ut korleis tilhøvet mellom partiet og fagforeiningane burde utvikle seg i framtida.¹³⁹ Minkins rolle som premissleverandør (uavhengig av kor stor makt han eventuelt måtte ha), er med på å forklare den faglege konteksten han skriv innanfor.¹⁴⁰ *The Contentious Alliance* er såleis på den eine sida prega av ei tradisjonell akademisk tilnærming, kor forskaren konkluderer på grunnlag av kjeldene og legg eit argument oppå det neste for å undersøkje og underbygge sin eigen hypotese. Denne tolkinga av kjeldene gjer han så i neste omgang fri til å gje uttrykk for sitt eige politiske syn, at sambandet mellom Labour og fagrørsla bør halde fram.

Minkins narrativ

I motsetnad til Russell og Quinn, som båe skriv om organisatoriske reformer i Labour frå slutten av 1970-talet og til eit stykke ut på 2000-talet, og som vi kjem attende til nedanfor, er Minkins framstilling meir knytt til ulike sakskompleks enn til ein særskilt tidsperiode. Dette tyder ikkje nødvendigvis at Minkin ikkje samstundes har skrive ei historisk framstilling, men den er strukturert meir kring nokre sentrale problemstillingar, enn som ei lineær forteljing.¹⁴¹ Fordi problemstillinga

¹³⁵ Shaw (2003) s. 172-177.

¹³⁶ Shaw (2003) s. 173.

¹³⁷ Shaw (2003) s. 180.

¹³⁸ Jf. forlagetets presentasjon av forfattern i Minkin (1997).

¹³⁹ Russell (2005) s. 50.

¹⁴⁰ Minkin kommenterer skjeringspunktet mellom politikk og forskning i Minkin (1997) s. 20-21. Her gjer han mellom anna greie for si eiga politiske utvikling, «from the Left to the Centre Left».

¹⁴¹ I ei hovudsakleg rosande melding (*Albion: A Journal Concerned with British Studies*, vol. 12, no. 1, 1993) kritiserte Robert Taylor Minkin for at strukturen gjorde argumentasjonen vanskelegare å følgje, og dessutan for ei etter hans syn for kortfatta oppsummering av tilhøvet fram til 1979. URL: <http://www.jstor.org/stable/4051101> (Lasta opp 04.01.2014.)

til Minkin, som boktittelen indikerer, dreier seg om det motsetnadsfylte og stundom kontroversielle tilhøvet mellom Labour og fagrørsla, er det naturleg for han å sjå langt tilbake i historia for å sjå om nokre faktorar har vore konstante i tilhøvet. Som vi har vore inne på, er det Minkins utfordring av påstanden om at fagrørsla i praksis «styrte» Labour som utgjer det Hayden White ville kalla «plottet» i forteljinga, men Minkin ønskjer ikkje berre å forklare at denne påstanden er gal, han er også oppteken av å argumentere for kva han meiner hende i staden. Han gjer dette ved å kartleggje ulike politiske straumdrag, både i partiet og i fagrørsla, og korleis den kontinuerlege forhandlinga av reglane og rollene har påverka både den politiske lina og sjølvforståinga til dei to greinene av den britiske arbeidarrørsla.¹⁴² Dei to nøkkelomgrepa «roller» og «reglar» blir såleis eit styrande grep i historia, og det som studiene av så vel politiske som organisatoriske reformer blir strukturert kring, målt mot og forklart ved hjelp av. Minkin argumenterer for at den felles forståinga for arbeidsdelinga mellom fagrørsla og partiet, kor gjensidig tilbakehald i interne prosessar var ein viktig del, er med på å forklare mellom anna korleis Neil Kinnock kunne gjennomføre ei omfattande sentralisering av avgjerdsamt i siste halvdel av 1980-åra. Reglane er i så måte tilpassingsdyktige, så lenge dei to partane er moderate i kva dei ønskjer seg og forventer å få ut av alliansen. Minkins narrativ består altså ikkje av ei overordna, lineær forteljing, men det er mogleg å følge utviklinga i forståinga og utnyttinga av rollene og reglane på dei ulike områda som ei rekkje mindre forteljingar, anten det gjeld utforming av politikk eller internt demokrati.

Sjølv om Minkins konklusjonar er ganske kategoriske, gjer han likevel eit poeng av å at føremålet hans først og fremst er å syne at tilhøvet har vore meir samansett enn det vanlegvis har blitt framstilt som.¹⁴³ Han presiserer også at sjølv om leiarane er venta å innfinne seg med den rolla som tradisjonen har tildelt dei, så ønskjer han ikkje å underkjenne den påverknadskrafta som kvar einskild leiar har hatt. Det interessante er i staden, ifølgje Minkin, korleis også leiarar som i grunnhaldning har vore skeptiske til reglane, og som kanskje til og med har hatt som mål å utfordre dei, etter kvart har late seg sosialisere inn i ei meir attkjenneleg og medgjerleg rolle i tråd med rolleforventninga.¹⁴⁴

Ein lyt vere varsam med å trekkje bastante slutningar om ein så mangslungen tekst som Minkins, men fokuset på rollene og reglane som har regulert tilhøvet mellom partiet og fagrørsla får også innverknad på framstillingsmåten, i den forstand at Minkins perspektiv for ein stor del er fokusert på dei interne strukturane. Det er sjølv sagt umogleg, og heller ikkje Minkins mål, å stengje samfunnet utanfor arbeidarrørsla sine eigne strukturar fullstendig ute frå forteljinga, men det står

¹⁴² Sjå elles også Minkins (1992, s. 3-7) diskusjon av bruken av metaforar for å skildre interne motsetnader i arbeidarrørsla.

¹⁴³ Minkin (1992) s. 619.

¹⁴⁴ Minkin (1992) s. 46.

likevel fram at Minkins hovudfokus ikkje ligg på endringar i dei materielle føresetnadene. Samfunnet rundt arbeidarrørsla er som regel representert i forteljinga ved kategorien «veljarar», som er naudsynnte for at partiet skal vinne tilslutnad i vala, og for kva eventuelle strategiske vurderingar som måtte liggje til grunn for politiske og organisatoriske vedtak. Studien er omfattande på sær mange felt, men den er ikkje spesielt oppteken av den politiske økonomien som omgjev arbeidarrørsla, anna enn i den grad det gjev utslag i medlemstal og såleis i demokratisk legitimitet.

Thomas Quinn: «Rational choice» som forklaringsmodell

Den ovanståande presentasjonen av Lewis Minkin gjer det interessant å vende seg til Thomas Quinn, mellom anna fordi Quinn stiller seg kritisk til det rammeverket Minkin gjorde bruk av. Quinn gav i 2004 ut boka *Modernising the Labour Party. Organisational Change since 1983*, og var den gongen «Lecturer in Government» ved University of Essex. Her freista han å forklare korleis og kvifor Labour har gått igjennom ei rekkje organisatoriske endringsprosessar frå og med det elendige valresultatet i 1983 og det påfølgjande valet av Neil Kinnock til partileiar, og fram til midten av 2000-talet.

Den faglege konteksten

Alt i føreordet gjer Quinn det klart kva fagleg tradisjon han skriv ut ifrå. Han strekar under at han ikkje har ønskt å skrive ei rettlina historisk framstilling som fokuserer på eikvar løpande endring, men at han heller vil analysere partiets politiske struktur og institusjonar med utgangspunkt i såkalla «rational choice»-teori.¹⁴⁵ Det går likevel ikkje heilt klart fram kva for historieskrivingstradisjon han polemiserer mot. Det gjer fråsegna vanskelegare å vurdere. Det kan tyde at den ikkje eigentleg skal tilleggjast noko særleg vekt, men det kan samstundes også tyde at Quinn føreset at lesaren alt i utgangspunktet skjønar kva han siktar til. Ei mogleg tolking er at Quinn her set seg opp imot ei meir «tradisjonell», empirisk historieskriving, som har som mål å gå detaljert inn i prosessane for å avsløre i detalj kva som skjedde i kronologisk rekkjefølgje. Han går seinare til åtak på Minkins sosiologiske rammeverk som representant for ein særskilt type normativt styrte framstillingsmåtar i Labour.

Når det gjeld den faglege konteksten Quinn skriv innanfor, kan det i den samanhengen vere verd å merke seg at han i ein takkeseksjon fremst i boka takkar fagmiljøa ved London School of Economics for å ha introdusert han for det teoretiske rammeverket rational choice, og dessutan for å

¹⁴⁵ Quinn (2004), *Introduction*, xix.

vere eitt av dei få universiteta kor denne forskingstradisjonen har fått godt fotfeste.¹⁴⁶ Eg vil nødvendig overtolke Quinn, men det kan samstundes nemnast at han i same seksjon også takkar sin mentor Keith Dowding for å ha introdusert han for det han omtaler som 'svartekunsten' rational choice. Dette kan sjølvsagt, og nok mest sannsynleg, lesast som ein (sjølv-)ironisk merknad, eventuelt som ei høfleg helsing til fagmiljøet. Eg er ikkje i stand til å vurdere i kva grad Quinns vurdering av fagmiljøet er korrekt,¹⁴⁷ men det tyder uansett på at han er medviten om at det å bruke teorien i den samanhengen han her vil gjere det ikkje er heilt ukontroversielt. Alternativt kan det lesast som ein freistnad på å setje forfattaren i scene som innehavar av eit kontroversielt syn, med eventuelle konnotasjonar av mot.

Det er ikkje dermed sagt at Quinn i sin utgangsposisjon er defensiv på vegner av det teoretiske rammeverket han arbeider utifrå. Han set av mykje plass til å presentere sjølve teorien, inkludert vanlege innvendingar, andre teoretiske tilnærmingar, og korleis han sjølv har tenkt å gjere bruk av aktørteorien. Quinn betraktar i utgangspunktet valde politikarar som motiverte av vilje til makt, som mest av alt er motiverte av å oppnå auka oppslutnad om partiet («office-seekers»), og sentralt i hans forståing av korleis politiske parti fungerer står den såkalla *bytemodellen* («exchange model»). Dei rasjonelle aktørane, anten dei er høgt plasserte politikarar, politiske aktivistar på grasrotnivået eller fagforeiningar, ønskjer å få best mogleg utbyte for det dei investerer i partiet, anten det er pengar, tid, prestisje eller politiske standpunkt. Byteforholdet må baserast på tillit, ettersom det kan gå lang tid frå «investeringa» skjer til den kan «vekslast inn», men aktivistane kan få tilbod om å påverke den politiske retninga.¹⁴⁸ Fagorganisasjonane har interesse av å knyte seg til partiet fordi partiet kan gjennomføre ein politikk som er i tråd med deira interesser («policy-seekers»),¹⁴⁹ medan Labour har interesse av å ta i vare kontakten med fagrørsla fordi den kollektive medlemskapen er ei stor inntektskjelde for partiet, og ei kjelde til kva vanlege folk er opptekne av. Denne potensielle konflikten mellom «office-seekers» og «policy-seekers» er sentral for Quinns forståing av korleis politiske parti fungerer. Når det gjeld interessemotsetnadene mellom partiet og fagrørsla er han likevel heilt klar: "The cornerstone of the party-union link is the exchange of money for influence over policy".¹⁵⁰

Han presenterer dette nokså instrumentelle synet på politikk som ein kontrast til, og kritikk av, det han til liks med Shaw omtalar som Lewis Minkins meir «sosiologiske rammeverk» i *The*

¹⁴⁶ Quinn (2004), *Acknowledgements*, xi.

¹⁴⁷ Som det vil gå fram andre stader i teksten, finn mange forskarar at rational choice-teori kan vere nyttig på avgrensa felt (sjå til dømes Russell, A.J. Taylor), men i den grad mitt kjeldemateriale er representativt, har eg ikkje funne andre som har nytta rational choice så gjennomgåande som Quinn gjer her. Eg meiner likevel det kan forsvarast å inkludere han, all den tid teorien blir handsama med kritisk interesse av fleire andre, tonegjevande forskarar.

¹⁴⁸ Quinn (2004) s. 33.

¹⁴⁹ Quinn (2004) s. 20-24.

¹⁵⁰ Quinn (2004) s. 2.

Contentious Alliance. Quinn går ved at Minkin lukkast i hovudambisjonen, nemleg å sannsynleggjere at det er for enkelt å påstå at fagforeiningane styrte Labour, men han let seg ikkje overtyde av argumentasjonen for kvifor.¹⁵¹ Quinn kritiserer Minkin spesielt, og generelt heile den sosiologiske tradisjonen han skriv Minkin inn i, for å vere for oppteken av dei normative aspekta ved politikktøving. «Normativ» kan her forståast på fleire måtar. Anten som at Minkin let sine egne førestillingar om korleis ting burde vere styre framstillinga, eller som at det rammeverket Minkin nyttar for å forklare kvifor noko skjer *i seg sjølv* inneber ei normativ føring for historiefamstillinga. Den siste tolkinga verkar på meg mest naturleg.

I sin kritikk av regel- og rolle-omgrepa hjå Minkin, kritiserer Quinn Minkin for å vere for oppteken av å forklare eit utfall i lys av ein ålmenn regel. Han nyttar tesen om gjensidig tilbakehald som døme. Her meiner Quinn at Minkin har sett ein tendens – som kan vere korrekt eller feilaktig - som han så føreset at det må finnast ein regel for, i staden for å ta andre faktorar med i vurderinga.¹⁵² Quinn er klar over at rational choice-teorien er blitt gjenstand for kritikk for å ha eit snevert nyttemaksimerande syn på mennesket som aktør, men forsvarer seg ved å hevde at dette er naudsynt dersom det i det heile skal vere mogleg å setje opp ein modell.¹⁵³ I staden for den normative føringa han meiner pregar mykje av det han kallar den «sosiologisk» orienterte Labour-forskinga, slår Quinn fast at boka hans, fordi den i staden gjer bruk av rational choice-teori, vil vere fri for slike normative tilrådingar.¹⁵⁴

Sjølv om Quinn altså meiner at hans teoretiske rammeverk er best eigna til å unngå at ei normativ tilnærming legg føringar på framstillinga, er ein slik ambisjon som Quinn her presenterer også interessant i seg sjølv. At Quinn har ein uttrykt mistanke om at ei sosiologisk tilnærming kan medføre normative føringar, tyder jo ikkje *i seg sjølv* at hans eiga tilnærming og tekst nødvendigvis er fullstendig fri for føringar eller fordommar, simpelthen fordi den nyttar ei anna tilnærming. Uansett om det er medvite frå forskaren si side eller ikkje, kan ei heil rekkje grep, som kva omgrep ein nyttar seg av, eller kva personar eller hendingar ein vel å tillegge vekt, ha innverknad på korleis forteljinga blir oppfatta. Samstundes er det naturlegvis mogleg å istaden lese Quinn sine merknader om det ikkje-normative meir som eit ideal han strevar etter, mykje i tråd med den idealtipe-fokuserte innrettinga han elles presenterer bytemodellen som. Spørsmålet blir i så tilfelle om Quinn her eigentleg tek til orde for noko anna enn ei grunnleggjande akademisk dygd; det å vere etterretteleg i omgangen med kjeldene og open om eige fordommar.

Quinns framstilling er prega av mykje sekundærlitteratur, men få referansar til politiske dokument. I

¹⁵¹ Quinn (2004) s. 15

¹⁵² Quinn (2004) s. 16

¹⁵³ Quinn (2004) s. 4-5

¹⁵⁴ Quinn (2004) s. 6

ei bokmelding har Meg Russell argumentert for at det å gjere seg meir avhengig av pressas attgjeving kan gjere forteljinga sårbar for kortsiktige omsyn og mistolkingar.¹⁵⁵ Det er kanskje ikkje noko stort problem, enn så lenge Quinn meiner at einskildhendingar er mindre viktige enn dei langsiktige tendensar, men det kan også bidra til å styrkje inntrykket av at søkjelyset til Quinn ligg på andre faktorar.

Quinns «moderniseringsnarrativ» og føresetnadene for dei organisatoriske reformprosessane

Quinn brukar nemninga «modernisering» som eit samlande omgrep for summen av reformprosessane sidan 1983. Som eg var inne på i samband med Colin Hays kritikk av den såkalla «moderniseringstesen», er ikkje dette ein heilt uproblematisk måte å ramme inn historia på. Den som står imot «moderniseringa» risikerer å bli utdefinert, og sjølv om Quinn ikkje går spesielt langt i å gje karakteristikkar av dei som sette seg imot reformene, er det merknadsverdig frå eit narrativt synspunkt, i og med historia om Labour sidan 1983 såleis blir historia om vegen frå eit «før-modernisert» («the pre-modernised Labour Party») til eit «modernisert» parti. Forteljinga har ei ganske eintydig plott.

Quinn sluttar seg sånn sett til at det har skjedd betydelege organisatoriske endringar i perioden, men han skil seg frå til dømes Shaw (1994), både når det gjeld omfanget og korleis dei kan forklarast. Shaw var oppteken av å vise korleis Kinnock lukkast i å byggje opp ein ny allianse («realignment») mellom den tradisjonelle høgrefløya i partiet og det han kallar «the soft left» (i kontrast til overtydde marxistar og ytterleggående aktivistar), men han la samstundes stor vekt på at dette var ein gradvis prosess som ikkje alltid var under partileiingas fulle kontroll.¹⁵⁶ Quinn legg større vekt enn Shaw på partileiaren som ein leiande endringsagent, og tilskriv leiarskapens motivasjonar og ambisjonar ein vesentleg del av æra for dei organisatoriske og politiske endringane som til slutt kom i stand. Dette heng saman med at Quinn ser to historiske tendensar som gjennomgåande for heile prosessen: For det første eit ønske om sentralisering av politisk avgjerdsrett, og dinest eit ønske om å redusere den potensielle politiske sprengkrafta i lenkja mellom partiet og fagforeiningane.¹⁵⁷ Her kjem vi attende til omgrepsparet 'office-seekers' og 'policy-seekers'. For at vilkåra for endring skal vere gode, må dei som først og fremst har interesse av å vinne val og søkjpolitisk makt ('office-seekers', her det politiske nivået) lukkast i å overtyde dei som ønskjer at det blir ført ein særskilt politikk ('policy-seekers', her det faglege nivået og aktivistane) om at det

¹⁵⁵ Russell (2008) melde Quinn i tidsskriftet *Party Politics* (14/1:138-41). URL: <http://ppq.sagepub.com/cgi/reprint/14/1/138> (Lasta opp 04.01.2014)

¹⁵⁶ Shaw (1994) s. 36-41. Shaws *Thw Labour Party since 1979* var elles med å på leggje premissane for denne nye forståinga av Kinnocks leiarperiode, og gjorde også eit nybrottsarbeid når det kom til å dokumentere profesjonaliseringa av Labours kommunikasjonsarbeid og valkampstrategi.

¹⁵⁷ Quinn (2004) s. 173-4

best kan oppnåast gjennom ei vektlegging av korleis partiet blir oppfatta av veljarane. Dessutan må det sannsynleggjerast at det er verd å vente på at investeringa (tid, pengar, personell, prestisje) skal kaste av seg til etter at makta er oppnådd.

Quinn trekkjer fram tre faktorar som har kan forklare bakgrunnen for Labours gradvise reformprosessar: Den første dreier seg om at makthavarane i partiet overtolka styringsmandatet sitt, og at grunnplanet difor kunne mobilisere innanfor partiets organisatoriske strukturar for å balansere. Her viser Quinn til reaksjonane på Harold Wilsons tilsidesetjing av klare landsmøtevedtak i 1970-åra som døme.¹⁵⁸ Dinest peikar han på valresultat som ein viktig utløysande faktor. Det «office-seekers» og «policy-seekers» kan tenkjast å ha sams, er ei forståing for at veljaroppslutnad er ein foresetnad for politisk gjennomslag. Dårlege valresultat, og særleg fleire dårlege resultat på rad, kan forklare kvifor politiske motsetnader vart skuva i bakgrunnen i ein freistnad på å gjere partiet meir attraktivt for veljarane. Den tredje og siste forklaringa er nært knytt til dei to førre, og dreier seg om det som kan oppsummerast som omdømmeproblem.¹⁵⁹ Partiet har eit sterkt behov for legitimitet hjå veljarane, og såleis er det viktig at politikken det presenterer framstår som relevant og løysingsorientert, og at partiet framstår som interessert i å løyse problem, heller enn prega av internt kiv. Her kjem til dømes lenkja mellom partiet og fagforeiningane i spel, ettersom dei såkalla moderniseringskreftene hevda at det tette samkvemet mellom dei to greinane av arbeidarørsla verka framandgjerande på store veljargrupper.¹⁶⁰

Politisk sentralisering

Det er ein sentral påstand hjå Quinn at det gjekk føre seg ei sentralisering av avgjerdspekt gjennom 1980- og 90-åra, frå landsmøtet og sentralstyret og til ulike organ på sida av desse (som parlamentsgruppa, skuggeregjeringa, eller dei såkalla Policy Review-gruppene seint på åttitalet, og National Policy Forum på nittitalet).¹⁶¹ Denne maktforskyvinga hadde ikkje alltid den planlagte konsekvensen, men i sum bidrog den til å styrkje partileiinga si makt, på fagrørsla og lokalforeiningane sin kostnad. Her er det dei høgast plasserte partifunksjonærane og folkevalde som er «office-seekers», medan fagforeiningane blir for «policy-seekers» å rekne. Dei er to forskjellige aktørar innanfor organisasjonen som ikkje nødvendigvis har samanfallande interesser. Jamfør bytemodellen er politikarane sin kapital deira evne til å vinne val for partiet, og det kan difor argumenterast for at størst mogleg politisk handlefridom vil hjelpe dei med å oppnå dette, særleg

¹⁵⁸ Quinn (2004) s. 176

¹⁵⁹ Quinn (2004) s. 40-41

¹⁶⁰ Quinn (2004) s. 1-2

¹⁶¹ Quinn (2004) s. 96.

dersom det tyder å markere avstand frå politiske miljø og standpunkt som fjernar partiet frå den jamne veljaren. Interessegruppene, derimot, må først og fremst vege omsynet til sine egne politiske vurderingar opp mot i kva grad det kan verke hemmande for partiet sitt gjennomslag på ulike politiske område, om interessegruppene insisterer på ei spesiell politisk line. Det kan variere i kor stor grad desse omsyna kjem i konflikt, men perspektivet er altså ifølgje Quinn grunnleggjande ulikt. Sjølv om ikkje alle dei organisatoriske reformene er av like stor reell som symbolsk tyding, og sjølv om nokre av dei sat sær langgt inne (her tenkjer han særleg på innføringa av medlemsdemokratireforma «one member, one vote», og oppgjeret med fagrørslas blokkkrøysting), skjedde det likevel ei klar maktforskyving frå fagrørsla og over til partileiinga. I følgje Quinn leidde denne sentraliseringa av avgjerdsrett til ei «avføderalisering» av partistrukturen.¹⁶²

Økonomiske bindingar mellom parti og fagrørslar

Quinn si forståing av bytemodellen kan også betraktast i ein meir handfast materiell forstand. Eit parti har sjølv sagt alltid vore avhengig av å ha medlemmer som kan drive valkamp så nærre veljarane som råd er, og partimedlemmer i fagrørsla innebar ei naturleg kontaktflate mellom partiet og vanlege folk. Sjølv om medie- og valkampstrategien til partiet hadde blitt rusta kraftig opp gjennom opposisjonsåra,¹⁶³ kom ein stadig ikkje utanom denne meir tradisjonelle forma for mobilisering av veljarar og sympatisørar. Men Quinn legg større vekt på fagrørsla sine økonomiske bidrag til partiet når han skal freiste å forklare korleis den skaffa seg politisk innverknad, enn han legg på den agitasjonskrafta fagrørsla representerte. Quinn viser til at fagrørsla fekk nominert og vald inn mange parlamentskandidatar på grunnlag av lovnader om at fagforeininga då ville betale for størstedelen av valkampanjen.¹⁶⁴

På denne måten fekk Labour eit økonomisk insentiv til å nominere kandidatar som finansierte seg meir eller mindre uavhengig av partiets eiga pengekasse, samstundes som fagforeiningane vart sikra parlamentskandidatar som kjente deira kvardag og politiske utfordringar, og såleis stilleiande var venta å arbeide med spørsmål som var i fagrørsla sin interesse.¹⁶⁵ Det gjekk altså, ifølgje Quinn, føre seg ein bytehandel kor Labour – forenkla sagt – stilte kandidatplassar til rådvelde for fagforeiningane, under føresetnad av at dette var veljartaktisk klokt, og at partiet tok ein mindre økonomisk risiko enn om ein skulle finansiert kandidaturet og kampanjen sjølv. Også denne praksisen gjekk likevel inn i ei generell utvikling utover i 1990-åra, kor det vaks fram ein trong for

¹⁶² Quinn (2004) s. 175.

¹⁶³ For meir om dette, sjå til dømes Shaw (1993) s. 53-80, 124-151

¹⁶⁴ Quinn (2004) s. 113.

¹⁶⁵ Quinn (2004) s. 114.

å markere at fagforeiningane og partiet i større grad var sjølvstendige politiske einingar.

Som det går fram av ovanstående, er Quinn særskild konsekvent i måten han nyttar rational choice-rammeverket på for å forklare vilkåra for organisatorisk endring. Han er etterretteleg og legg synspunkta sine klart fram, på same tida som han altså syner eit medvit om at tilnærminga hans er potensielt kontroversiell. Det gjer hans innfallsvinkel til ein interessant kontrast til Meg Russell sine analysar, som vi no skal sjå nærare på.

Meg Russell: Forhandla forandring og utilsikta konsekvensar

Meg Russells bok *Building New Labour. The Politics of Party Organisation* kom ut i 2004, og vart skriven medan ho var «Senior Research Fellow» i Political Science ved The Constitution Unit på University College London. Forutan å forske på organisasjonsendringar i Labour, har Russell også skrive mykje om det britiske tokammersystemet. Parallelt med forskarkarrieren har Russell sjølv vore involvert i Labour i ulike posisjonar, på 1990-tallet som Women's Officer og som medlem av National Policy Forum, og tidleg på 2000-talet arbeidde ho for Labours no avdøde parlaments- og regjeringsmedlem Robin Cook.¹⁶⁶ I det følgjande skal vi diskutere denne politiske røynslebakgrunnen i lys av det vi har kalla den faglege konteksten.

Den faglege konteksten

Ein slik fagleg og politisk bakgrunn kan nemleg tenkjast å vere både ein føremon og ei ulempe. I alle høve gjer det at både Russell som forskar og vi som lesarar bør ha nokre spørsmål med oss i bakhovudet medan vi les. Den viktigaste føremonen er sjølvstendige at vi må kunne rekne med at Russell, gjennom å ha arbeidd direkte med feltet også i ein annan eigenskap enn som forskar, kjenner godt til korleis det praktiske politiske arbeidet fungerer, og gjerne frå ein annan vinkel enn ein som hadde kome til sakskomplekset utanfrå. Dessutan er det naturleg å tenkje seg at desse røynslene har gjeve Russell tilgang til nokre kjelder (anten det er involverte personar eller andre) som andre forskarar ikkje nødvendigvis ville fått. Ho kan ha knytt personlege kontaktar som har gjort det enklare for henne å få folk i tale enn det ein som kom til saksfeltet heilt utanfrå kunne hatt. Men det er openbert at ein slik bakgrunn også stiller nokre heilt særreigne krav til henne som forskar. Sjølv om personlege røynsler og nærleik til stoffet altså utan tvil kan føre med seg nokre føremoner, gjer det også at vi må vere merksame på korleis dei kan tenkjast å styre framstillinga hennar. Ho må sjølv, i større eller mindre grad, og til ulike tider, betraktast som ein aktør i dei hendingane ho skriv

¹⁶⁶ Alle opplysningar er henta frå presentasjonen av Russell på University College Londons nettsider <http://www.ucl.ac.uk/constitution-unit/staff/russell.htm>

om. Kanskje er ho ikkje alltid like sentral i utforminga, men det går samstundes fram av hennar eiga framstilling at både NPF og kvinnegruppa i det minste sit på ei viss formell makt i partiet, og at ingen av organa var ukontroversielle delar av reformpolitikken. Det å ha ein særskilt bakgrunn frå partiet er på ingen måte uvanleg mellom Labour-forskarar – som tidlegare nemnt med Lewis Minkin - og det treng sjølvsagt heller ikkje vere noko problem, så lenge alle er medvitne og opne om rolleforståinga. Men uansett kor medviten ein er om slik nærleik til omtalte hendingar, både i tilgong og i tid, kjem ein ikkje utanom at det at ein sjølv er ein aktør i framstillinga kan gjere at ein blir mistenkt for å ville styre den i ei bestemt lei. Det kan vere for å gje seg sjølv eller det miljøet ein høyrer til ein meir framståande plass i forteljinga, eller motsett. I tillegg kjem at ein sær seldan har berre ei rolle om gongen. Ein forskar kan aldri, partibakgrunn eller ikkje, lausrive seg fullstendig frå dei verdiane og forforståingane ho eller han tek med seg inn i arbeidet med kjeldene, og det vesentlegaste må difor vere at ein er open og audmjuk i møte med problemstillinga. Vi lyt streke under at poenga som her er gjort greie for ikkje er teke med for å påstå at Russell eller framstillinga hennar på nokon måte er ugild. Så lenge ein er open om utfordringane vil ansvaret for å påvise framstillingsgrepa i siste ende bli overført frå Russell sjølv til oss som lesarar.

Om vi så flyttar oss frå Russells politiske bakgrunn til dei fagleg-metodiske vala som ligg til grunn for boka, kjem særlig kontrasten til Quinns rational choice-rammeverk tydeleg til syne. Også Russell kjem mot slutten av boka inn på korleis summen av organisatoriske endringar har påverka makttilhøva i Labour, og også korleis den såkalla partikulturen har endra seg jamført med tidlegare tider, men perspektivet er ikkje like fasttømra som hjå Quinn. Viss vi aksepterer Quinns sjølvframstilling av si bok som ei bok som ikkje er interessert i å gje ein lineær og nitid gjennomgang av den historiske utviklinga, kan ein her sjå ein viss kontrast til Russell. Ambisjonen deira er uansett ulik. Også Russell legg vekt på aktørperspektivet, men ho gjer ikkje bruk av rational choice som forklaringsmodell.

I dei to avsluttande kapitla diskuterer ho likevel sterke og svake sider ved ei meir instrumentell tilnærming til politiske og organisatoriske endringsprosessar.¹⁶⁷ Sjølv om ho ikkje konkret diskuterer rational choice-teori i nokon særleg djupn, er ho oppteken av å streke under at ei instrumentell forståing ikkje tyder at ein kjøper rational choice-perspektivet.¹⁶⁸ Dette heng saman med at ho tykkjer at denne teorien ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til at aktørar kan ha fleire kryssande interesser samstundes. For å streke under argumentet om at partiaktivistane til dømes ikkje er ein homogen masse med sams interesser og perspektiv, vil Russell difor ta høgde for at ein aktør (eller ei gruppe av meir eller mindre individuelle aktørar) sine interesser kan endre seg i takt

¹⁶⁷ Russell (2005) s. 244-50.

¹⁶⁸ Russell (2005) s. 245.

med den historiske utviklinga. Russells kritiske merknader andre stader til Quinns bruk av både bytemodellen og skiljet mellom *policy-seekers* og *office-seekers* kan fungere som eit døme.

Som vi har sett, hevdar Quinn at det er ein føresetnad for ein fruktbar bruk av rational choice-teorien at aktørane sine interesser er nokonlunde faste. Russell går i rette med Quinn på dette punktet, og hevdar at teorien ikkje tek naudsynt omsyn til at også partiaktivistane og fagforeiningane sine interesser kan endre seg over tid. Ho spør om det ikkje er rimeleg å tru at også desse aktørane sin vilje til å ta omsyn til kva som kan gje utteljing mellom veljarane, vil auke di lenger partiet har vore stengt ute frå maktas korridorar.¹⁶⁹ Såleis kritiserer ho rational choice-teorien for å stå i vegen for ei dynamisk og heilskapleg forståing av ulike aktørar sine interesser.

Russell gjer elles flittig bruk av partiets eigne politiske dokument (fråsegner, landsmøtevedtak, interne utgreiingar og liknande) for å syne fram kva grunnlag ho trekkjer konklusjonane sine på. Difor blir det også ein vesentleg ambisjon ved boka hennar å syne kva mogleg samsvar det er mellom dei formelle dokumenta, og korleis dei fungerte (i samband med organisatoriske dokument), eller korleis dei vart motteke og følgde opp (politiske dokument) når dei møtte den politiske røynda.

Russells narrativ

Quinn og Russell har mykje same ambisjon når det gjeld å kaste lys over organisatoriske endringar, men dei nyttar forskjellige omgrep. Der Quinn altså knyter seg opp til omgrepet 'modernisering', har Russell etablering av New Labour-prosjektet som sitt primære omdreingspunkt. For Russell har det den konsekvens at ho set seg føre å undersøkje kva som kan seiast å ha vore startpunktet for denne utviklinga, sjølv om den ikkje fekk namn før Tony Blair vart partileiar i 1994. Ho erklærer seg alt i utgangspunktet i motstrid til dei som vil hevde at organisasjonsreformene ho omtaler var del av ein eintydig prosess initiert av partileiinga og trædd ned over ein meir eller mindre uvillig partiorganisasjon.¹⁷⁰ Det kan sjølv sagt diskuteras om ei så spissformulert attgjeving av andre sine synspunkt er eit fruktbart utgangspunkt for diskusjon, eller om det i staden risikerer å utvikle seg til retorisk skuggeboksing, men ho får uansett klart fram sitt eige poeng.

Det må likevel ikkje oppfattast som at Russells dagsorden først og fremst er å gå i rette med tidlegare verk. Fordi det etter hennar syn har skorta på samla framstillingar av dei organisatoriske endringane, meiner ho derimot at hennar eige arbeid kan bidra til at det blir enklare å sjå dei i samanheng, og såleis avdekkje nokre samanhengar som tidlegare har vore underbelyste. Den sentrale påstanden blir då at den organisatoriske nyorienteringa – og den politiske «fornyng» den

¹⁶⁹ Russell (2008) s. 140.

¹⁷⁰ Russell (2005) s. 3.

opna for – ikkje var del av ein toppstyrt «meisterplan», men snarare var ein stykkevis og delt prosess, som somme tider var driven nedanfrå, og somme tider ovanfrå, og alltid gjenstand for forhandling.¹⁷¹ Eit tydelegare fokus på New Labour-prosjektet som toppstyrt vil dessutan risikere å knyte det for tett til personlege initiativ, og på den måten ikkje berre underspele den rolla som ulike politiske miljø i partiet spelte, men også å innta eit for kort historisk perspektiv på utviklinga. Russell og Quinn deler dermed syn på at den einskilde partitopp ikkje bør tilleggjast for stor personleg vekt, men Quinn går likevel eit steg lenger når han seier at han helst vil sjå på til dømes 'partileiaren' som ein idealtipe,¹⁷² meir eller mindre lausrive frå personen som innehar vervet. Russell legg samla sett større vekt på innverknaden frå den einskilde innehavaren av eit verv.

Omgrepet 'forhandling' er særst vesentleg for Russell si framstilling. Ho nyttar det for å forklare korleis og kvifor samarbeidskoalisjonane for å gjennomføre den eine eller andre organisatoriske endringa kunne endre seg over tid, alt ettersom ein skaffa seg nye røynsler og interesser, eller den politiske situasjonen endra seg. Fordi alliansane for endringar ikkje var konstante over tid, måtte det stadig forhandlast fram nye kompromiss, noko som, dersom det hadde eksistert ein toppstyrt meisterplan, ville svekkja gjennomføringskrafta i den.

Når det gjeld fagrørsla, kan kampen om OMOV og avviklinga av blokkkrøystinga igjen nyttast som døme. Framlegg om å gå over til OMOV vart gjort første gong under Kinnock i 1984, men endringa vart ikkje endeleg vedteke før i 1993, under John Smith sin leiarperiode. Motstanden i fagrørsla var i utgangspunktet bastant,¹⁷³ men Russell peikar på at det undervegs i denne lange perioden skjedde ei rekkje ting som gjorde at det etter kvart vart vanskelegare for fagrørsla å stå imot reformkravet. Ein lammande gruvearbeidarstreik og venstreradikal 'infiltrasjon' i partiet gjorde det tette samkvemet med fagforeiningane politisk kontroversielt,¹⁷⁴ og då Kinnock etter kvart fekk skipa ein allianse mellom den tradisjonelle høgrefløya og sentrum-venstre i sentralstyret, vart høgrefløyas trong for å halde seg inne med fagrørsla mindre. Dette, kombinert med at John Smith investerte heile sin personlege prestisje i å få vedteke OMOV,¹⁷⁵ er for Russell eit døme på gradvis, forhandlingsbasert endring.¹⁷⁶ Mot dette kan det hende innvendast at nett Smiths tette personlege involvering kan tyde på ein større grad av toppstyring enn Russell er villig til å vedgå, men det at alliansen som låg til grunn for å kjempe fram OMOV faktisk vart utvida undervegs i prosessen, kan tyde på at Russells tolking likevel er rimeleg.

¹⁷¹ Russell (2005) s. 242.

¹⁷² Quinn (2004) s. 4.

¹⁷³ Russell (2005) s. 41-3.

¹⁷⁴ Russel (2005) s. 59.

¹⁷⁵ Russell (2005) s. 54.

¹⁷⁶ Russell (2005) s. 60.

Framstillinga av reformprosessane

I freistnaden på å forklare føresetnadene for organisatorisk endring stør Russell seg på samfunnsvitaren Angelo Panebiancos omgrep om interne («endogenous») og eksterne («exogenous») faktorar.¹⁷⁷ Ho forklarar at det som ved første blikk kan sjå ut som ei endring innretta på å sende eit signal til veljarane – til dømes ved å svekkje fagforeiningane sin innverknad for å signalisere politisk sjølvstende – samstundes kan botne i eit ønskje om å byggje alternative alliansar for å få støtte til nokre konkrete politiske framlegg. Eksterne faktorar kan påverke det interne partilivet, og motsett. Sameleis kan endringar i partiets demokratiske avgjerdsprosessar, som på avstand ser ut som ei rein partiintern sak, ha som ambisjon å leggje grunnlaget for politisk reformer innretta mot å fange merksemda til veljarane. Men som Russel stadig strekar under er det ikkje alltid heilt lett å vite sikkert kva konsekvensar slike endringar får i siste ende. Difor har organisatoriske reformer som i utgangspunktet vart innført med eit bestemt siktemål, ofte blitt justerte over tid.

Ei anna side som gjer at Russell avviser ein rettlina meisterplan for å forklare New Labour, er dei stadige døma på at ei organisatorisk endring som var innført like gjerne kunne bli trekt attende eller endra, dersom dei som i si tid innførte den såg at den ikkje lenger tente dei.¹⁷⁸ Alliansane internt i partiet, og mellom partiet og fagfagforeiningane, endra seg så ofte at det blir vanskeleg å snakke om eit tydeleg startpunkt for New Labour. Innføringa av OMOV framstår som eit illustrerande døme. Etter å ha synt korleis partileiinga hadde arbeidd for innføring av OMOV på stadig fleire område, både fordi dei trudde det ville sikre deira ønskte politiske utfall, og fordi det passa med imaget som eit ope og demokratisk parti, peikar Russell på dei paradoksale nominasjonsprosessane i samband med valet til Europaparlamentet i 1999, og borgarmeistervalet i London i 2000. I EP-valet galdt OMOV-prinsippet berre i første nominasjonsrunde, medan ein i samband med borgarmeistervalet i praksis erstatta OMOV med eit valkollegium¹⁷⁹, fordi ein var engstelege for at OMOV ville styrkje vinnarsjansane til den mest venstreorienterte kandidaten. Denne freistnaden på å tilpasse partidemokratiet til eigne politiske målsetnader, førte til ein ny paradoksal situasjon. Venstrefløya, som til då hadde vore skeptisk til OMOV fordi dei frykta at den jamne partimedlemen var meir innstilt på å følgje partileiinga enn det partiaktivistane var, vart no forsvarar av OMOV-prinsippet, medan den tidlegare OMOV-entusiastiske partileiinga hadde skifta syn. Dette er eit av døma som får Russell til å innrømme at ei instrumentell, interesse-fokusert tilnærming kan vere avklarande ved nokre høve, sjølv om ho avviser at ho med dette nærmar seg eit rational choice-perspektiv.

¹⁷⁷ Russell (2005) s. 238.

¹⁷⁸ Russell (2005) s. 77.

¹⁷⁹ Russell (2005) s. 76-81.

Heilt til slutt går Russell vidare frå slike vurderingar av konkrete døme på organisatoriske endringar i New Labours historie, og førsetnadene for organisatorisk endringar meir ålment, til å trekkje nokre konklusjonar om i kva grad reformene har endra Labour som parti. Ho er som alltid forsiktig og nyansert, og strekar endå ein gong under at det viktigaste er å forstå at dette ikkje handlar om å peike ut «vinnarar» og «taparar». Likevel dristar ho seg til å føreslå at fagforeiningane og dei lokale partilaga har mist makt, i takt med at fleire avgjerder no blir tekne i organ på sida av dei gamle maktstrukturane, som til dømes den programførebuande komiteen National Policy Forum. Landsmøta handsamar i mindre grad enn tidlegare reelle politiske dokument, ettersom det største arbeidet er lagt ned alt før program og fråsegner kjem til avrøysting, og også sentralstyret har mindre makt enn tidlegare. Fagforeiningane har ikkje berre fått redusert si talmessige styrke i avgjerande organ, men har heller ikkje den same autoriteten internt, i takt med at New Labour har freista å gjere seg meir sjølvstendig andsynes fagforeiningane i veljarane sine auge. Til gjengjeld syner Russell til den vanlege partimedlemen, saman med partileiinga, som ein aktør som har fått auka innverknad i takt med reformene.¹⁸⁰

Deloppsummering

I denne delen har eg drøfta korleis organisatoriske endringar i Labour har blitt forklart av tre ulike forskarar med til dels forskjellige metodologiske tilnærmingar. Eg har heile vegen freista å sjå særskilt på korleis fagforeiningane si rolle i desse endringsprosessane har blitt framstilt og forklart. Dette skuldast ikkje minst at Lewis Minkins ruvande studie av tilhøvet mellom partiet og fagrørsla fekk leggje nokre av premissane med sitt sosiologiske rammeverk. Som eg var inne på i innleiinga, var det vanskeleg å avgjere i kva del av oppgåva Minkin helst høyrer heime, men han er teke med her fordi han har gjort seg til eit uunngåeleg referansepunkt også for forskarar på organisatoriske endringar. Minkin forklarar endringar i Labour med eit sett av «reglar» og «roller» som regulerer kva som er forventa av ulike aktørar, og nytta dette rammeverket til å argumentere for at fagforeiningane sin styringsevne og -vilje i Labour – herunder organisatoriske endringar – har vore mindre enn mange har trudd eller ønskt å framstille det som.

Som ein kontrast til dette drøfta eg «rational choice»-perspektivet til Thomas Quinn. Quinn har kritisert regelfokuset til Minkin, og istaden freista å sannsynleggjere at organisatoriske endringar kan forklarast betre gjennom å sjå på dei ulike aktørane i parti og fagrørsla som del av ein «bytemodell». Her handlar aktørane i tråd med sine interesser, og motsetnadene oppstår dersom det ikkje er samsvar mellom interessene til parti og fagforeiningar. Eg har stilt spørsmål ved om modellane til Quinn i tilstrekkeleg grad tek opp i seg situasjonar kor aktørane har fleire

¹⁸⁰ Russell (2005) s. 261-66.

motstridande interesser på ein gong.

Til slutt gjekk eg inn i Meg Russells handsaming av det organisatoriske byggverket som låg til grunn for New Labour. Russell har gått i rette med førestillinga om at organisatoriske endringar i New Labour-epoken hovudsakleg er noko som har vore initiert frå toppen. Derimot har ho synt at dei ulike reformprosessane har vore resultat av det ho kallar ei «forhandling», ikkje minst fordi konsekvensane av endringar har vore vanskelege å spå på førehand. I vektlegginga av skiftande alliansar for endringar, fann eg nokre tangeringspunkt med Quinns meir instrumentelle tilnærming, som Russell elles har uttalt seg kritisk om.

I samband med tilhøvet til fagrørsla, har Thomas Quinn kritisert Russells framstilling for ikkje å ta inn over seg korleis partifinansiering og økonomiske insentivordningar kan påverke samspelet mellom arbeidarrørslas to ledd. Dette er som vi har sett eit vesentleg poeng for Quinn, og han er skeptisk til om Russells forklaringar blir treffande, så lenge økonomiske perspektiv er overskugga av det Quinn kallar «eit meir tradisjonelt politisk historieverk».¹⁸¹ Med dette meiner han, så langt eg kan forstå, at Russell har vald vekk eit teoretisk rammeverk til fordel for ein detaljert, empirisk kartlegging, som ifølge Quinn altså ikkje tek den naudsynte høgda for interessemotsetnader.

Når det gjeld det vi har skrive om dei ulike narrativa, kan den kanskje tydelegaste kontrasten sjåast i spenninga mellom Quinns fokus på «modernisering» kontra Russells vektlegging av «forhandling». Omgrepet modernisering har, som Colin Hay har vore inne på i ein tidligere kritikk av forskarar som har handsama Labours politiske og organisatoriske endringar,¹⁸² konnotasjonar av noko uunngåelig og positivt over seg. Denne verdiladinga gjer det til eit utfordrande omgrep å nytte, ikkje berre på grunn av måten det risikerer å styre forteljninga på, men også fordi det kan redusere rommet for å førestille seg eit anna utfall. «Modernisering» impliserer nødvendigvis også ei utvikling frå noko som er «umoderne», og slik Quinn gjer bruk av rational choice-teorien blir resultatet ei forteljning kor utviklinga stundom framstår uunngåeleg. Russells forhandlingsomgrep nødvendigvis eit mindre eintydig narrativ, kor «framdrifta» i forteljninga blir bestemt av at interessene til dei ulike aktørane stadig skifter.

Del II: Forsking på lenkja mellom fagrørsla og partiet

Innleiing

Fagrørsla sitt bidrag til ordskiftet om og gjennomføringa av organisatoriske reformer var eit

¹⁸¹ Quinn (2009) melde Russell i tidsskriftet *Party Politics* (15/2: 243-7) URL: <http://ppq.sagepub.com/cgi/reprint/15/2/243> (Lasta opp 04.01.2014)

¹⁸² Sjå kapitel 1 om Hay og moderniseringstesen.

gjennomgåande undertema i den første delen av dette kapittelet. Samstundes finst det ein del litteratur som omhandlar tilhøvet mellom partiet og fagrørsla meir eksklusivt, og utvalde døme frå denne vil no bli drøfta meir inngåande. Det framgjekk tidlegare at Minkin er ei tonegjevande røyst i forståinga av dette tilhøvet, og sjølv om vi ikkje kjem til å gjenta hans sentrale funn her, ligg det som ein føresetnad at han er med oss også i det følgjande. Hovudvekta vil liggje på Andrew J. Taylor (1987) og Robert Taylor (1993), og korleis dei begge forklarar utviklinga i det fagleg-politiske samarbeidet. A.J. Taylor peikar på institusjonelle veikskapar i fagrørsla, og viser at «fagrørsla» er ein mindre einskapleg storleik enn det ofte blit, medan Robert Taylor legg an eit korporativt utsyn for å forklare kvifor han meiner det fagleg-politiske samarbeidet ikkje har ført til dei resultata ein kanskje kunne forvente. Vi vil også her gje eit kortfatta historisk oversyn, for å gjere framstillinga lettare å følgje.

Men først nokre refleksjonar kring sjølve det å nytte uttrykket «tilhøvet mellom Labour/partiet og fagrørsla». Er det eigentleg ei nyttig nemning? Eg har alt vist til at partiet og fagforeiningane i historisk forstand på eit vis er eitt og same; det var fagforeiningsfolk og fagforeiningsinteresser som først tok til orde for at det i det heile laut skipast eit eige arbeidarparti. Seinare vart fagforeiningane sine representative rettar skrive inn i partivedtektene. Å lage eit kategorisk skilje kan såleis verke kunstig, men når eg her vel å halde oss til det same skiljet som mange har gjort før meg, har det hovudsakleg to grunner.

Den første grunnen handlar om respekten for dei ulike funksjonane. Sjølv om det er, og har vore, ei vesentleg overlapping av representantar og medlemmer mellom organisasjonane, representerer dei ikkje same type interesser begge stader. Dessutan hjelper omgrepet «tilhøvet mellom parti og fagrørsla» til å minne oss om at kvar gong samarbeidet blir stadfest, er det eit resultat av eit medvite politisk val både frå Labour og fagrørsla si side. Til sist handlar det sjølv sagt også om at det ikkje lenger er kollektiv medlemskap¹⁸³, og at mange fagforeiningsmedlemmer ikkje nødvendigvis også er Labour-medlemmer. Dessutan har «tilhøvet mellom partiet og fagrørsla» etter kvart fått stor symbolverdi i den politiske debatten, på fleire måtar. Tidvis har den historiske lenkja mellom dei to greinane av arbeidarrørsla vore nytta som temperaturmål for stillinga mellom «høgre-» og «venstresida» internt i partiet, sjølv om det ikkje har vore semje om i kva grad ønsket om eit tett eller eit lausare samarbeid har plassert folk til høgre eller venstre.¹⁸⁴ Vi skal også kome attende til at

¹⁸³ Sjølv om medlemmer av fagforeiningar som er knytte til Labour må reservere seg mot at deira kontingentpengar blir nytta til politisk aktivitet («the political levy»). I juli 2013 signaliserte Labour-leiar Ed Miliband støtte til at dette systemet blir endra, slik at medlemmene istaden direkte må samtykke i at deira kontingentpengar kan nyttast til politiske føremål.

¹⁸⁴ Cronin (2004) har til dømes skrive om korleis New Labour-strategane nytta avstandsmarkeringar til fagrørsla som

særleg, men ikkje utelukkande, konservative politikarar liker å trekkje fram det tette institusjonelle samkvemet mellom Labour og fagforeiningane som eit døme på at partiet var bunde til sektorinteresser og utdatert klassekamp heller enn nasjonens felles beste.¹⁸⁵

Førestillinga om at fagforeiningane gjennom blokkrøysting og institusjonell og ideologisk tyngd i praksis styrte Labour, er elles langt ifrå av ny dato. Martin Harrison tok til dømes tak i problemstillinga alt tidleg på 1960-talet. Han sa seg samd med dei som hevda at fagforeiningane hadde stor potensiell makt, men freista å vise at dei ikkje alltid gjorde full bruk av denne makta.¹⁸⁶

I lys av dette ser vi at dei verka vi skal til å gå inn på har relativt mykje sams. Dei skreiv til ulike tider, med ulikt utkikkspunkt og ambisjonsnivå, men så vel Harrison og Minkin som A.J. Taylor og Robert Taylor argumenterer overordna for at den gamle oppfatninga av Labour som eit fagforeiningsstyrt parti ikkje berre er avleggs, men basert på ei historisk feillesing. Då er det avgjerande viktig at vi gjev plass til å syne korleis, og på kva grunnlag, dei er samde og kor dei skil lag, og ikkje minst korleis dei ulike utkikkspunkta og ambisjonsnivåa deira påverkar konklusjonane.

Forskarane på politisk og organisatorisk endring som vi trekte fram i første delen av dette kapitlet, la alle an ein ganske partiintern synsvinkel for å forklare endringsprosessane. Dei hadde blikk for at veljarane kan påverke utfallet, og at dette er noko partiet lyttar merksamt til, men økonomiske og sosiale faktorar var likevel ikkje spesielt framstående i forklaringane. På den måten kunne perspektiva deira kan hende verke ein smule «tronge» og interne. Innrettinga av verka til Russell og Quinn tillet dei ikkje å gå i djupna på interne motsetnader i fagrørsla, og fagrørsla vart gjerne handsama som ei nokolunde einskapleg eining. Det vart peika på grader av usemje mellom fagforeiningar i konkrete saker, men dei vart ikkje nødvendigvis utforska eller forklart på fagrørslas eigne premissar. Det er her Andrew J. Taylor kjem inn med eit litt annleis perspektiv, som representant for det vi kanskje kan kalle «fagrørslparti-perspektivet», då i motsetnad til det «parti-fagrørsl-perspektivet» som Russell og Quinn her får stå som representantar for.

A.J. Taylor braut ny mark på fleire måtar. Boka hans *Trade Unions and the Labour Party* var den grundigaste drøftinga av tilhøvet mellom partiet og fagrørsla i bokform sidan Martin Harrison skreiv i 1960, og å dekkje sytti- og åttiåras Labour, med det keynesianske samanbrotet, «the winter of discontent» og thatcherismens framvekst, er naturlegvis ein heilt annan historisk kontekst enn

ein måte å selje inn det nyskapande i partiprofilen på 1990-talet.

¹⁸⁵ Den liberale kritikken av tilhøvet mellom partiet og fagrørsla blir handsama i kapittel 3.

¹⁸⁶ Harrison (1960) s. 335-7.

Harrisons etterkrigsparti, som for ein stor del var opposisjonsparti innanfor ein brei nasjonal konsensus.¹⁸⁷

Eit historisk oversyn: 1960-1979¹⁸⁸

For å forstå argumentasjonen til Andrew J. Taylor, lyt ein ha på minnet den nyare politiske historia han skreiv innanfor. På 1950-talet hadde høgrefløya i partiet (ofte kalla «revisjonistfløya»¹⁸⁹) representert ved partileiar Hugh Gaitskell, sett igang ein prosess for å skrive om partiets føremålsparagraf og tone ned den retoriske forpliktinga på offentleg eigarskap. Freistnaden lukkast ikkje, mellom anna grunna dårleg forankring i fagforeiningane. Etter nokre fredsæle år kom det igjen til gnissingar mellom partiet og fagrørsla under statsminister Harold Wilsons første regjering (1964-1966), ettersom regjeringa gjorde framlegg om å påleggje fagforeiningane å halde medlemsavrøystingar innan ein gjekk til streik. Framlegget vart oppfatta som eit brot med ikkje-innblandingslina, og vart etter kvart trekt tilbake frå regjeringa si side. Det nådde likevel å skape mykje mistru; noko som også kom til overflata med den økonomiske innstrammingspolitikken på 1970-talet. I ei økonomisk nedgangstid såg dåverande statsminister James Callaghan seg nøydd til å invitere til samarbeid om lønsmoderasjon for å halde inflasjonen nede, i von om at det skulle redusere arbeidsløysa og halde oppe konkurranseevna. Framlegget var igjen dårleg forankra i så vel den politiske som den faglege delen av arbeidarrørsla, og møtte sterk motstand begge stader. Fagforeiningane meinte prinsipielt at sjølv om dei kanskje kunne tenkjast å fire noko på lønskrava av omsyn til nasjonaløkonomien, var dette ei sak for fagforeiningane sjølve, og ikkje noko regjeringa kunne påleggje dei. Det var ganske enkelt eit brot med korleis arbeidsdelinga mellom det politiske og det faglege nivået hadde vore til då. Reaksjonen var ublid. Dette, i kombinasjon med pålegga som Det internasjonale pengefondet (IMF) stilte som føresetnad for å gje den britiske staten eit kriselån i 1976, danna grunnlaget for det som seinare har blitt kjent som «the winter of discontent», med omfattande og upopulære streikar i offentleg sektor. Parlamentsvalkampen som følgde i 1979 leidde til nederlag for Labour, og starten på ein langvarig konservativ regjeringsperiode, samstundes som samarbeidsklimaet mellom Labour og fagrørsla sokk ned i ein bølgedal.

Andrew J. Taylor: «There is no labour movement»

Då Andrew J. Taylor skreiv *Trade Unions and the Labour Party* var dette bakteppet framleis ganske

¹⁸⁷ Harrison (1960) s. 30-31.

¹⁸⁸ Framstillinga byggjer hovudsakleg på Taylor (1987) s. 6-75. Sjå også til dømes Shaw (1996).

¹⁸⁹ Føremoner og problematiske sider ved omgrepsbruken er handsama nærare i kapittel 3. Sjå for øvrig kapittel 3 om tilhøvet mellom høgre- og venstreaksen vis-a-vis revisjonismen.

friskt i minne. Taylor, som underviste ved universitetet i Sheffield, sette punktum for boka i 1985, men den kom ikkje ut før i 1987. Grovt sagt dekkjer boka perioden frå 1964 til 1985, og her er det fagrørsla som er utgangspunktet, noko som gjev ei litt anna vektlegging enn vi har sett frå til dømes Russell og Quinn. Nærmare bestemt har han Trades Union Congress (TUC), landsmøtet i den sameinte nasjonale føderasjonen av fagforeiningar, som utsiktspunkt. Det gjev eit anna innsyn i dei strategiske vala fagrørsla som heilskap tok i høve til Labour. Samstundes har han auge for at fagforeiningane ikkje utelukkande taler med ei nasjonal røyst. Ikkje alle fagforeiningane som er knytte til TUC er knytte til Labour, og også tilknytingsforma mellom dei foreiningane som er del av Labour varierer. Men utsiktspunktet gjer noko med kva som blir vektlagt, særleg samanlikna med forfattarar som har fokusert meir på interndemokratiet i partiet.

Taylor gjev særleg to forklaringar på friksjonen i tilhøvet mellom partiet og fagrørsla seint på 1970-talet. Han meiner «the winter of discontent» var uunngåeleg, fordi det alltid har blitt overvurdert kor sterkt det ideologiske limet internt i den fagleg-politiske alliansen eigentleg har vore. Ein har freista å samle seg kring draumen om ein «ny sosialisme», men denne har vore så vagt definert, og ein så abstrakt storleik, at den ikkje har kunna dekkje over det mest grunnleggjande problemet: At alliansen ikkje har mekanismar for å handtere situasjonar kor interessene til fagforeiningane og partiet ikkje enkelt let seg sameine. Til dette legg Taylor ein andre, provokativ påstand. Han postulerer at det ikkje eigentleg finst noko arbeidar-*rørsl*.¹⁹⁰ Retorikken krev gjerne at den finst, men det gjer den eigentleg ikkje. Ifølgje Taylor kan samarbeidet mellom Labour og fagforeiningane best forståast som ei samling kring kortsiktige mål om å vinne val. Her er det mogleg å finne tangeringspunkt med Quinns meir instrumentelle tilnærming, sjølv om Taylor ikkje tek opp aktørteorien i noko særleg djupne. Insisteringa på at fagforeiningane og partiet skal halde avstand til kvarandre sine interne gjeremål er så sterk at noko eigentleg sameining sjeldan finn stad, hevdar Taylor.

Uavhengig av utkikkspunkt – noko av nybrotsarbeidet til Minkin handla om at han vov saman parti- og fagforeiningsperspektivet i større grad enn det Taylor gjorde – er det mykje semje mellom dei om korleis tilhøvet mellom dei to einingane i samarbeidet bør skildrast. Minkin kallar det som kjent «a contentious alliance» - ein omstridd allianse - medan Taylor seier det slik: «The most notable feature in the unions' role in internal party politics is its hesitancy; the unions do not like to be seen imposing solutions.»¹⁹¹ Det skuldast delvis ein respekt for at parti og fagrørsl har ulike funksjonar å fylle, men i like stor grad krav om respekt motsett veg; for at partiet ikkje skal leggje seg opp i

¹⁹⁰ Taylor (1987) s. 3.

¹⁹¹ Taylor (1987) s. 4.

korleis fagforeiningane ter seg. Sjølv om det fanst eit visst medvit om at veljarane ikkje nødvendigvis sette pris på den førestilte makta fagforeiningane hadde over partiet, var det ikkje før partistrategane byrja å utføre meiningsmålingar om dette at det vart eit sjølvstendig politisk poeng å markere strategisk avstand.

Respekten for ikkje-innblanding

Som vi alt har vore inne på, var tilliten mellom partiet og fagrørsla tynnslitt etter dei negative røyntslene med politiske inngrep i den frie forhandlingsretten og samabrotet til «den sosiale kontrakten» under Harold Wilson og James Callaghan sine regjeringsperiodar. I første omgang førte dette likevel ikkje til noko større endring i korleis samarbeidet fungerte. På kort sikt gjorde den nye, meir fagforeiningskritiske lina frå Thatcher-regjeringa linevalet både klart og enkelt for fagrørsla, og ein var dessuten, ifølgje Taylor, overtydde om at 1979-valet først og fremst synte at pendelen svingte mellombels i retning toryane, men at avstanden ville minke når veljarane fekk sjå kva politikk regjeringa hadde i sinnet.¹⁹² I perioden 1979-83 vart fagforeiningane difor, noko motvillig,¹⁹³ drege inn i debattar om Labours interne partidemokratiske prosessar, med mål om å gje landsmøtet og landsstyret større høve til å føre kontroll med kva partileiinga gjorde.

Som nemnt meiner Taylor at fagforeiningane sin genrelle innfallsvinkel til Labours interndemokrati var prega av medviten avstand. Ikkje berre fordi ein respekterte kvarandre sine ulike funksjonar, men også fordi fagforeiningane sjølve var interesserte i å verne sitt eige interndemokratiske sjølvstende. Når nokre fagforeiningar på høgrefløya likevel engasjerte seg i debatten om Labours organisatoriske struktur, handla det ifølgje Taylor i hovudsak om at dei var engstelege for at venstrefløya var ved å få for stor makt over Labours politikkkutforming.¹⁹⁴ Til sjuande og sist vart fagforeiningsrøystene avgjerande for opprettinga av valkollegiet for leiarval, men ikkje fordi høgrefløysforeiningane gjorde eit aktiv val *for* desse endringane. Snarare gjekk dei igjennom på landsmøtet fordi nokre fagforeiningar *avstod frå å røyste imot* dei.¹⁹⁵ Opprettinga av valkollegiet var, i tillegg til ei rekkje andre faktorar, utslagsgjevande for at nokre framståande Labour-profilar melde seg ut av partiet og skipa Social Democratic Party.¹⁹⁶

Taylor legg vekt på at fagforeiningane sitt svar på avskalinga frå Labour var samansett. I 1980 vart

¹⁹² Taylor (1987) s. 116, 158.

¹⁹³ Mange fagforeiningar tykte fokuset på interne partidemokratiske saker svekkja arbeidet mot den konservative regjeringa, jf. Taylor (1987) s. 134.

¹⁹⁴ Taylor (1987) s. 135-7.

¹⁹⁵ Taylor (1987) s. 138-9.

¹⁹⁶ Stevenson (1993) s. 74-78.

venstrefløyskandidaten Michael Foot vald til ny leiar etter Jim Callaghan under dei gamle reglane, istaden for høgrefløyas konsensuskandidat Denis Healy. Under Foot sin leiarskap gjekk Labour i 1983 på sitt dårlegaste valresultat i moderne tid, medan SDP vart berre litt mindre enn Labour målt i prosentdel av røystene. Ironien var at samstundes som SDP-arane, med basis i måten Labours valkollegium var sett saman på, hevda at partiet aldri tidlegare hadde vore tettare samanvove med fagforeiningane, mista særleg dei høgreorienterte fagforeiningane meir og meir makt i Labours avgjerande organ. Dei første åra i opposisjon tapte høgrefløya fleire voteringar om både politikk og posisjonar, og sjølv om pendelen ganske snart svinga andre vegen att, framsto kritikken i første omgang ein tanke paradoksal.¹⁹⁷

Samstundes strekar Taylor under eit anna poeng. Sterke forbund i fagrørsla var frå slutten av 1970-talet uroa over at dei demokratiske reformene skulle redusere den faglege innverknaden i partiet, og dei såg seg difor nøydde til å bryte med ein av dei uskrivne reglane for korleis tilhøvet mellom parti og fagrørslе skulle fungere; dei engasjerte seg direkte i ein landsomfemnande kampanjeorganisasjon – Trade Unions for a Labour Victory (TULV). Målet var frå starten å mobilisere fagforeiningsmedlemer til å stø opp om Labour. Ifølgje Taylor hadde organisasjonen potensiale til å bli ei viktig kraft ikkje berre i partiet men i fagrørsla, som lenge uansett hadde slite med å lage nasjonale nettverk på grasrotnivå.¹⁹⁸ Organiseringsarbeidet skulle også vise seg verdifullt når det galdt å mobilisere mot Thatcher-regjeringas fagforeiningsreformer utover i 1980-åra.

«Den nye realismen»

Kva som kvalifiserer til å kallast 'politisk innblanding' er elles eit gjennomgangstema hjå Taylor. Han legg vekt på at maktbalansen internt i fagrørsla var i endring gjennom 1980-åra. Det tradisjonelle industrisamfunnet var under nedbygging, og Thatcher-regjeringas hardhendte politikk andsynes til dømes kolindustrien sette ytterlegare fart på denne utviklinga. Etter kvart vart dette ôg synleg i fagforeiningane sine medlemstal. Medlemstala i tradisjonelle industriforbund gjekk ned, medan funksjonærar og andre offentleg tilsette utgjorde ein relativt sett større del av medlemsmassen.¹⁹⁹ Dette endra samstundes føresetnadene for det fagleg-politiske samarbeidet. Medan industriforbunda hadde ei lang historie som knytte til Labour – i mange høve var dei med på å skipe partiet – hadde det vi med eit upresist omgrep kan kalle «kvitsnipp-forbunda» («white-collar unions»), mindre av denne historiske bindinga. Dei fleste av dei raskast veksande forbunda var

¹⁹⁷ Shaw (1994) s. 30-31.

¹⁹⁸ Taylor (1987) s. 124-5.

¹⁹⁹ Taylor (1987) s. 152-4.

ikkje betalende medlemmer av Labour, og dei gav heller ikkje pengar til andre politiske parti. Prinsippet om at medlemene sine politiske sympatiar skulle få vere ei privatsak stod sterkt, sjølv om Taylor peiker på at mange slike fagforeiningar engasjerte seg i mykje tradisjonell politisk verksemd (streikar, lobbyisme o.l.) samstundes som dei offisielt insisterte på å vere noko nær apolitiske.²⁰⁰ I mange høve dreidde det seg likevel mest om at erklært sjølvstende frå Labour kunne gjere det enklare å rekruttere medlemmer og påverke konservative politikarar.

Her er det verd å merke seg at argumentasjon til Taylor i nokon grad skiftar spor. Han supplerer gradvis analysen sin med fleire innslag frå fagfeltet politisk økonomi. Han legg vekt på korleis ein svakare samanheng mellom klassebakgrunn og partisympatiar,²⁰¹ kombinert med at medlemstala i kvitsnippforbunda vaks medan dei tradisjonelle industriforbunda var i tilbakegang, kan nyttast til å forklare strategiske endringar frå fagrørsla si side. Veksten i kvitsnippforbunda og dokumentasjonen av at Thatcher-regjeringas hardare line mot fagforeiningar hadde overraskande brei støtte også mellom fagforeiningsmedlemer,²⁰² tvinga ifølgje Taylor fram ei realitetsorientering i fagrørsla. Thatchers fagforeiningslover pressa fram meir medlemsinvolvering i korleis fagforeiningane kunne bruke kontingentpengar på politisk aktivitet, og TUC-leiar Frank Chapple tok i 1983 til orde for at medlemsforeiningane måtte vere villige til å lytte meir til medlemene, og opna for tettare dialog med Thatcher-regjeringa. Dette vart i ettertid kjent som «new realism»-landsmøtet. Taylor ser dette dels som ein freistnad på å kome i møte dei veksande forbunda som var ukomfortable med TUCs image som Labours forlenga arm.²⁰³

Taylor syner vidare korleis grensene for «new realism» raskt kom under press, ettersom Thatcher-regjeringas offensiv mot fagforeiningane tvinga fram eit meir sjølvstendig tilhøve mellom Labour og fagrørsla. Kravet om medlemsrøystingar for å gje pengar til politiske kampanjar («the political fund ballots») bidrog på den eine sida til ei revitalisering av aktiviteten på grasrota i fagrørsla, ifølgje Taylor, men kostnaden var at den formelle lenkja mellom partiet og fagrørsla hadde blitt så kontroversiell at partiet helst måtte haldast utanfor kampanjearbeidet føre røystingane.²⁰⁴ Når Taylor likevel konkluderer med at kampanjane representerer eit høve til å styrkje heller enn å svekkje bandet mellom partiet og fagrørsla, heng det saman med at fagforeiningane si politiske rolle her vart gjort eksplisitt. Det er lettare å mobilisere og involvere medlemmene når noko står på spel.²⁰⁵

²⁰⁰ Taylor (1987) s. 169-170.

²⁰¹ Taylor (1987) s. 247-48.

²⁰² Taylor (1987) s. 159.

²⁰³ Taylor (1987) s. 158.

²⁰⁴ Taylor (1987) s. 211-12.

²⁰⁵ Taylor (1987) s. 231-2.

Robert Taylor: Fagforeiningane og staten

Korporatisme

Perspektivet til Robert Taylor er noko annleis enn A.J. Taylors. Robert Taylor har vore økonomiredaktør i den britiske avisa *Financial Times*, og er teken med her på bakgrunn av boka *The Trade Union Question in British Politics. Government and Unions since 1945* (1993). Boka var del av Routledge sin bokserie *Making Contemporary Britain* på 1990-talet, og omhandlar som undertittelen tilseier tilhøvet mellom fagforeiningane og staten frå 1945 og seinare.²⁰⁶ Til liks med A.J. Taylor, ligg Robert Taylors hovudfokus ikkje nødvendigvis på Labour, som i denne boka berre er relevant for forteljinga i den grad partiet sat i regjering og representerte staten i tilhøvet til fagforeiningane. Følgjeleg er ikkje heile boka like relevant for det denne oppgåva freistar å gje svar på, men innrettinga er interessant i seg sjølv. Det at Labour stundom nesten forsvinn ut av historia fordi partiet som opposisjon ikkje hadde avgjerande makt over statsapparatet, fortel oss noko om korleis den økonomiske og politiske makta er organisert, og kva blick som her er lagt an. Men som ein integrert del av Labours organisatoriske struktur heilt sidan skipinga, er fagforeiningane sjølvsagt heller ikkje heilt maktlause når partiet er i opposisjon.

Å innrette ein studie av fagrørsla på denne måten, vil nærast nødvendigvis føre med seg at perspektivet blir korporativt. Når målet er å sjå på tilhøvet mellom partiet og det statlege nivået, vil fagforeiningane også i nokon grad måtte handsamast meir som einskaplege aktørar, enn som ei samling av einskildforeiningar med ofte motstridande interesser seg imellom,²⁰⁷ som vi tidlegare har trekt fram som ein nyskapande styrke hjå A.J. Taylor. Likevel lukkast Robert Taylor i å utvide og nyansere perspektivet, særleg i kapitla om «den sosial kontrakten» og Labours freistnader på å få istand eit formalisert samarbeid om arbeidsløyse, lønsdanning og inflasjonskontroll. Her tek Taylor seg god plass til å understreke korleis innstillinga til dette arbeidet endra seg over tid.

Taylor toner aldri eksplisitt politisk flagg, men framstillinga etterlet eit inntrykk av ei sympatisk innstilling til ambisjonen om eit tett samarbeid mellom Labour og fagrørsla, eller iallfall til fagrørsla si rolle i eit korporativt system. Han uttrykkjer forståing for dei historiske røynslene som låg bak fagrørslas prioritering av 'voluntarism'. Samstundes er det delvis her han finn årsakene til at

²⁰⁶ For eit alternativt perspektiv, sjå til dømes Howell (2007): *Trade Unions and the State. The construction of industrial relations institutions in Britain 1890-2000*.

²⁰⁷ Steve Ludlam (2003, s. 156) kritiserer det han oppfattar som ei for einskapleg framstilling av fagrørsla som heilskap, hjå Taylor og andre.

den korporative samfunnsmodellen egentleg aldri har blitt så effektiv i Storbritannia som han har vore andre stader, og at den heller ikkje har oppfylt det potensialet den hadde i ein britisk kontekst (gjennom til dømes «den sosiale kontrakten»²⁰⁸). Som namnebroren A.J. Taylor er han inne på fagrørsla sin skepsis mot å gå lovvegen for å sikre seg juridiske garanterte minsterettar. Nokre uheldige dommer i rettsvesenet på slutten av 1800-talet, som sette klare grenser for fagorganisering, overtydde fagforeiningsleiarane om at endring var noko som måtte kjempast fram, og då gjennom folkeleg mobilisering og politisk representasjon. Dette gjorde dessutan kollektiv forhandlingsrett til noko nær heilag i fagforeiningane si forståing av samfunnsoppdraget. Ein ønskte ikkje politisk innblanding i saker som kunne og burde avgjerast i forhandlingar med arbeidsgjevarane. Rørsla var i tillegg prega av ei sterk støtte til lokale forhandlingar, noko som ga klubbleiarane på den einskilde arbeidsplass stor makt over kva lønskrav som var rimelege.

«Voluntarism»

Han beklagar at etoset kring 'voluntarism', forstått som at den einskilde fagforeininga har absolutt fri forhandlingsrett, har fått så stort gjennomslag internt. Ifølgje Taylor har det at heile den britiske fagrørslas eksistens er tufta på dette prinsippet, og at fagforeiningane difor er organisert med dette i tankane, gjort det umogleg å få istand kompromiss kor både staten og fagforeiningane kan setje overordna, nasjonale interesser over dei sektorvise.²⁰⁹ Sjølv om han ikkje utelukkar at det strategiske valet kan ha vore rett for ein annan politisk situasjon, seier han rett ut at fokuset på 'voluntarism' sto i direkte motstrid til kva det var trong for i ein økonomi styrt etter Labours politiske prinsipp: «The voluntarist traditions of British industrial relations were incompatible with the kind of state interventionism required in a post-war economy to [secure] full employment, low inflation, high productivity and a balance of payments surplus.»²¹⁰

Her er vi ved kjernen av Taylors argumentasjon. Steve Ludlam har kalla tilnærminga til Taylor, og fleire med han, for «pluralistic stagnation».²¹¹ Organiseringa av fagforeiningane i sjølvstyrte einingar utan at TUC var sterkt nok til å setje nasjonale interesser først, representerte ein pluralisme som leidde til økonomisk stagnasjon.

Fagforeiningsmakt som «nasjonal myte»

Til liks med Minkin var det eit hovudpoeng for Taylor å syne at førestillinga om fagrørsla si dominerande rolle i siste ende hadde fått karakter av ein 'nasjonal myte'. Fagrørsla sjølv kunne

²⁰⁸ Taylor (1993a) s. 336

²⁰⁹ Taylor (1993a) s. 26

²¹⁰ Taylor (1993a) s. 338.

²¹¹ Ludlam (2003) s. 151.

lenge rekruttere medlemmer på å gje inntrykk av å ha stor påverknad på så vel arbeidslivspolitikkk som økonomisk politikk, men ifølgje Taylor var dei ikkje dei einaste som såg seg tente med å halde oppe myten om dei 'allmechtige' fagforeiningane. Også næringsinteresser og konservative politikarar gjorde sitt beste for å dyrke denne førestillinga, gjerne i von om at eit klart trugsmål mot deira interesser kunne gjere rørsla lettare å nedkjempe når dei sjølv tok makta.²¹² Her finn Taylor mykje av det historiske, retoriske grunnlaget for den nye, fagforeinings skeptiske lina Margaret Thatcher la seg på då ho tok over som statsminister, og som gav gjenklang hjå veljarane i takt med at fagrørsla mista folkeleg støtte etter «the winter of discontent».

Det er også ambisjonen om å slå i hel denne myten som er bakgrunnen for tittelen på boka. Omgrepet «*the trade union question*» syner her til at konservative politikarar, og juristar og dommarar før dei, har lukkast i å framstille spørsmålet om fagorganisering som noko som bør diskuteras isolert frå dei faktiske materielle goda rørsla har kjempa fram gjennom åra. Formuleringa har ein undertone av noko problematiserande, sjølv om *spørsmål* høyrer meir nøytralt og deskriptivt ut enn *problem*. Men vinklinga har sitt å seie for kva boka kan oppnå. For det første gjev det Taylor høve til å undersøkje korleis førestillinga om fagrørsla som fenomen held seg jamført med den makta han meiner fagforeiningane faktisk har utøvd. I tillegg tek tittelen innover seg dei interne motsetnadene i fagrørsla, som har med den overordna tesen hans å gjere; at fagrørsla nettopp *ikkje* har lukkast i å bli den maktfaktoren den så ofte blir skulda for å vere. Dessutan tek han for seg korleis organisatoriske utfordringar har skapt problem ikkje berre for fagrørsla, men for nasjonen. I ei viss mon meiner Taylor at fagrørsla har kome til kort organisatorisk, og dimed vore ute av stand til å handtere alt det ansvaret dei til ulike tider har fått tildelt, særleg under sosialdemokratiske regjeringar.²¹³

Taylor er ikkje ute etter å frifinne fagrørsla for dei sjølvpåførte skadene den pådrog seg gjennom åra, men han forblir lojal mot sin innleiande tese om at fagrørslas makt over tid har blitt overdrive for å passe med dei politiske interessene til ulike miljø. Taylor seier seg samd i at fagforeiningane må ta si del av skulda for den langvarige nedgangsperioden i britisk økonomi, men til liks med dåverande leiar for Trades Union Congress, Len Murray, meiner han at forklaringane på kvifor og korleis fagforeiningane har kome til kort, er prega av eit fokus på førestilte heller enn reelle problemstillingar.²¹⁴

²¹² Taylor (1993a) s. 11

²¹³ Taylor (1993a) s. 336.

²¹⁴ Taylor (1993a) s. 331

Synspunktet blir presisert vidare av Len Murray: «Britain's poor economic performance since the war is due much more to ineffective use of resources than to excessive wage settlements.»²¹⁵ Ved å uttrykkje sympati for ei slik forståing av historia impliserer Taylor ein mykje brukt Labour-kritikk av Thatcher-styret,²¹⁶ nemleg at den passive haldninga til industripolitikk førte med seg at Storbritannia vart omskapt frå ein produsentøkonomi til ein økonomi som i mykje større grad vart avhengig av import utanfrå, noko som i neste omgang medførte eit stort underskot på handelsbalansen med utlandet. Taylor kritiserer også det konservative partiet for å ha neglisjert trongen for etterutdanning og omstilling av arbeidsstokken i takt med at føresetnadene i økonomien endra seg.²¹⁷ Ludlam har på si side kritisert representantar for «pluralistic stagnation»-retninga for å fokusere for mykje på industripolitikk, på kostnad av ei meir heilskapleg tilnærming til tilhøvet mellom staten og det fagleg-politiske nivået.²¹⁸

Ein annan interessant faktor hjå Robert Taylor er korleis sjølv tilnærminga – det vil seie avgrensinga – av stoffet påverkar blikket hans. Når boka har undertittelen *Government and Unions since 1945*, seier det seg sjølv at fagforeiningane vil bli ein mer berande faktor i forteljinga enn det Labour er. Bokas narrativ strekkjer seg over ei tid då det konservative partiet ofte sat med regjeringsmakta, og som ein følgje av dette, forsvinn Labour til tider frå forteljinga, av den enkle grunn at dei representerer opposisjonen og ikkje den direkte statsmakta. På same vis blir også fagforeiningane sjølv ein mindre synleg aktør di nærmare Taylor kjem slutten på si tidslinje. Offensiven mot fagforeiningane under Thatcher har vist seg i at fagrørsla er svekkja både i medlemstal og politisk makt. Samstundes hevdar Taylor at lovendingane som kravde at fagorganisasjonane måtte spørje medlemene til råds for å kunne gje pengar til politiske parti, kan ha gjort fagforeiningane ei teneste.²¹⁹ Boka er skriven før lanseringa av New Labour-prosjektet, men medan John Smith (1992-1994) framleis leidde partiet, og sjølv om Taylor sjølv sagt ikkje kan føresjå den seinare utviklinga, peikar han likevel på ein gryande tendens mellom partiets toppfolk til å ville tone ned det tette samarbeidet mellom partiet og fagforeiningane. Det politiske klimaet er i endring. På mange måtar har dei konservative lukkast i å få Labour til å akseptere deira rammeverk og røyndomsforståing.

Taylor ser på denne utviklinga med uro. Han erkjenner at den gamle orden kanskje ikkje lenger er i

²¹⁵ Sitert i Taylor (1993a) s. 341.

²¹⁶ Synspunktet har også funne støtte frå andre framstående Labour-forskarar, som Colin Hay (1999) og David Coates (2005)

²¹⁷ Taylor (1993a) s. 341-2.

²¹⁸ Ludlam (2003) s. 155-156.

²¹⁹ Taylor (1993a) s. 275, 300 («On balance, however, the 1984 Trade Union Act turned out to be more of a help than a hindrance to the trade unions.»)

takt med dei utfordringane landet står framfor, men han har samstundes ikkje sett noko alternativ som verkar å gje dei svara han er ute etter. Thatcherismen er iferd med å gå tom for kraft, men Labours freistnader på nyorientering, også i faglege spørsmål, framstår ikkje sjølvstendige nok. Han uroar seg over at Labour nok ein gong berre hastar etter utviklinga, og at resultatet difor blir at det politiske spekteret av moglege løysingar blir mindre, viss ingen lenger passer den venstreflanken Labour vanlegvis var ein del av:

The old Labour Movement with its collectivist convictions and ethos of social justice and fraternity may have passed away, but nothing coherent and settled looks set to take its place. The so-called 'new' of British industrial relations with its focus on individualism and hostility to the collective cannot provide a satisfactory solution to the problems of the labour market raised and debated by [Liberal MP William] Beveridge and the Trades Union Congress in the final years of the Second World War.²²⁰

Kapitteloppsummering

Den andre og siste delen av dette kapittelet har drøfta verk av Andrew J. og Robert Taylor om tilhøvet mellom Labour og fagrørsla frå ein litt annan kant enn det tradisjonelle «parti-fagrørsl»-perspektivet. A.J. Taylors studie av utviklinga mellom 1964 og 1985 tok i større grad utgangspunkt i korleis samarbeidet arta seg frå fagforeiningane sin synsstad, og blikket hans opna for å handsame fagrørsla som ein mindre einskapleg aktør. Hovudpåstanden hans var at det er misvisande å snakke om ei arbeidar-*rørsl* i vanleg forstand, ettersom partiet og fagforeiningane har så ulike roller og interesser å ta omsyn til. Han har sams med Robert Taylor at han meiner å finne strukturelle veikskapar i fagrørsla som kan forklare kvifor fagforeiningane gradvis har fått redusert politisk innverknad, både andsynes Labour og det statlege politiske nivået i stort.

Det gjennomgåande blikket for korleis fagforeiningane påverka Labours organisatoriske endringsprossesar gjer det dessutan mogleg å peike på nokre tangeringspunkt mellom dei to hovuddelane i kapittelet. R. Taylor og Minkin går begge i rette med førestillinga om at fagrørsla har vore den dominerande krafta i Labour, medan A.J. Taylor har streka under at eit slikt einskapleg syn på fagrørsla som aktør har leidd til ei misoppfatning om kor sterkt sambandet og samhaldet mellom partiet og fagrørsla er.

Når det gjeld framstillinga og forklaringa av dei organisatoriske endringsprosessane, er det både likskapar og skilnader som kjem til syne, avhengig av om vi snakkar om Labour eller fagrørsla. Labour og fagforeiningane er begge motiverte av å få gjennomslag for sine saker, og er avhengige av tillit frå medlemmene, men samstundes lyt dei søkje makt gjennom dei kanalane som står til rådvelde for dei. I Labours tilfelle trekkjer mest alle fram valtaktiske vurderingar som ein av dei

²²⁰ Taylor (1993a) s. 345

utslagsgjevande faktorane, og kanskje særleg valnederlag. Her finst ytterlegare eit tangeringspunkt, i det at både Russell, Quinn og Minkin på den eine sida og A. og R. Taylor på den andre, stundom framstiller både Labour og fagrørsla som hovudsakleg «reaktiv», i den forstand at dei største endringane finn stad som reaksjon på ytre omstende. Vi ser det til dømes i samband med «Policy Review» og oppgjeret med «block vote» i Labours tilfelle, eller «political fund»-avrøystingane og endringane i profesjonssamansetjing i høve fagforeiningane.

Dette trekkjer også opp eit interessant poeng når det gjeld sentralisering av makt. Quinn, Russell og Minkin er alle samde om at partileinga har fått auka makt i Labour, sjølv om Russell har lagt vekt på at maktbruken til tider har slege ut annleis enn det var tenkt. Derimot går det tydeleg fram av både R. Taylor, A.J. Taylor og Minkin sine analysar av maktfordelinga i fagrørsla at den organisatoriske strukturen, med TUC på toppen og bransjeforbund og lokale fagforeiningar under, gjer at fagrørsla sine strukturar er langt mindre sentraliserte. Som vi såg, låg dette til grunn for R. Taylors kritikk av fagrørsla etos om «voluntarism» og desentralisering.

Kapittel 3: «Sosialdemokratisk revisjonisme» og «venstrekritikk»: Historieskriving om og frå fløyene?

Innleiing

Dei to første kapitla i denne oppgåva har eg freista å drøfte korleis New Labour-prosjektet har blitt forstått og skrive inn i ulike historiografiske tradisjonar i Labour-forskinga, og i førre kapittel tok eg for meg historieskrivinga om korleis organisatoriske endringar har føregått, og tilhøvet mellom fagrørsla og partiet i lys av partiets særeigne karakter. Eg vonar at dette tredje kapittelet kan bidra til å kaste ytterlegare lys over desse temaa, frå ein litt annan kant. Med utgangspunkt i sentrale omgrep og ei rekkje forskarar, drøftar eg her historieskrivinga om både den såkalla «høgresida» og den såkalla «venstresida». Korleis ser historieskrivinga om Labour ut om ein tek utgangspunkt i forkinga på fløyene? Litteraturen spenner over eit vidt felt både når det gjeld utgjevingsår, ambisjonsnivå, tematisk innretting og ambisjon om å agere som politisk intervensjon, men eg vonar at det mangslungne kjeldetilfanget kan gje oss eit høve til å drøfte moglegheitene og grensene som ligg i dei ulike tilnærmingane.

I tråd med den historiske horisonten vi har lagt til grunn i tidlegare kapittel, blir kapittelet innleidd med eit kort oversyn over stridstema som oftast kjem opp i litteraturen, for å redusere trongen for løpande gjentakingar i teksten. Dine drøftar vi det forskarar oftast kallar den «revisjonistiske» eller «sosialdemokratiske» tendensen. I utgangspunktet skal det her forståast som forskning på dei miljøa og sakene som har blitt oppfatta som knytte til den sosialdemokratisk-revisjonistiske fløya, men vi må naturlegvis også gjere ein kontinuerleg analyse av korleis revisjonismeomgrepet blir nytta og endra, og kor nyttig omgrepet er for vårt føremål. I denne bolken vil eg illustrere forkinga på revisjonismen med verk av mellom andre Tudor Jones og Patrick Diamond. Vidare vil eg sjå på ein tendens som går langsmed drøftingane av den sosialdemokratiske revisjonismen, nemleg forkinga på spenningane mellom det sosialdemokratiske prosjektet og liberale verdiar og -parti. David Marquand har blitt peika ut av Steven Fielding som representant for ein «sosialdemokratisk skule» i historieforskinga om Labour, som forklarar partiets utvikling med utgangspunkt i dei grensene som klassebasert politikk og tilhøvet til fagforeiningane set.²²¹

Den neste delen handlar om det Fielding har omtalt som den «sosialistiske skulen» i Labour-forskinga.²²² Desse forskarane er ifølgje Fielding særmerkte ved at dei tolkar Labours historiske

²²¹ Marquand (1999). Sjå elles drøftinga av Fieldings historiografiske inndeling i kapittel 1.

²²² Fielding (2003) s. 32-33.

utvikling i lys av i kva grad partiet vore har istand til, eller interessert i, å realisere dei sosialistiske ambisjonane som vart slege fast som dets eksistensgrunn frå tidlege tider. Følgjarane av denne skulen fatta gjerne særleg interesse for venstresidas vilkår i Labour, og som vi skal kome attende til, så er det ikkje alltid heilt enkelt å skilje mellom historikarens tolkingsarbeid, og meir normative føringar. Med utgangspunkt i Ralph Milibands omgrep «parlamentarisk sosialisme», drøftar vi så korleis Miliband-perspektivet har påverka diskusjonen av partihistoria frå venstre. Colin Leys og Leo Panitch viser korleis innverknaden frå Miliband kan finnast att idag, medan eg har henta fram Patrick Seyd som døme på ei historieskriving om venstresida som, sjølv om den må halde seg aktivt til Miliband, kjem til ein noko annan konklusjon.

Ved å ta utgangspunkt i både eit «sosialdemokratisk-revisjonistisk» og eit «sosialistisk»/«milibandiansk» perspektiv vil eg syne korleis desse to måtane å organisere og tolke historia på likevel sameinar mine utvalde forskarar på nokre punkt. Fleire nyttar seg av omgrepet «labourisme» som del av forklaringa på partiets historiske utvikling. Anten dei grip det an frå ein «sosialdemokratisk» eller «sosialistisk» vinkel, kjem det til syne ei fornemning av at «labourismen» - det vil seie forventninga om at partiet skal fungere som den organiserte arbeidarklassen og fagforeiningane sine representantar - har gjort Labour til eit meir forsiktig og konservativt reformparti. Forskarar som sokner til den sosialistiske skulen har i nokon grad delt kritikken frå Labours venstreside om at partiet til tider har prioritert systemlojalitet på demokratiets og kapitalismekritikkens kostnad, og at dette er med på å forklare korleis partiet har utvikla seg. Dei sosialdemokratiske revisjonistane legg vekt på at oppfatninga av Labour som «klasseparti» har hindra det i å byggje naudsynte alliansar og avgrense gjennomslaget til mellom anna det konservative partiet, og kan finne støtte for dette synet hjå forskarar som David Marquand og Patrick Diamond.

Språklege strukturar og omgrepsbruk er viktig for kva form ei historisk framstilling får. Difor vil eg i dette kapitlet fortløpande komme attende til spørsmål om korleis omgrepsapparatet kan tenkjast å styre forteljinga.²²³ Dette er eit minefelt, ikkje minst fordi historieforskning på politiske parti i mange høve uunngåeleg kan og må oppfattast som intervensjonar i ein kontinuerleg offentleg debatt. For nokre forskarar er denne rolla tilsikta og ettertrakta, medan andre medvite strekar under at dei ikkje vil oppfattast som at dei tek stilling til dagens politiske og ideologiske debattar. I det høvet kan det vere på sin plass å gjenta noko vi rørte ved også i kapittel 2. Når eg vel å leggje vekt på og å diskutere fagleg og politisk bakgrunn som grunnlag for den tekstlege framstillinga, er det

²²³ Her byggjer vi på merknadene om fagleg kontekst og Hayden Whites narrativitetsomgrep som vart handsama i kapittel 2.

ikkje for å insinuere at det å forfekte ideologisk stridbare synspunkt, eller å ha røynsle frå praktisk politikk, bør vere diskvalifiserande i seg sjølv. Lewis Minkin var mangeårig bidragsytar til Labour-arbeidsgrupper om tilhøvet mellom partiet og fagrørsla utan at dette i ettertid har svekkja konklusjonane i dei viktigaste verka hans. På same måte hadde Meg Russell bakgrunn mellom anna som kvinnepolitisk representant og parlamentarisk rådgjevar då ho skreiv om organisasjonsprosessane i partiet. På liknande vis har både Patrick Diamond, David Marquand og Patrick Syed Labour-bakgrunn.

Kva står på spel? Nokre sentrale konfliktliner

Di djupare ein trengjer ned i historia, di lenger tilbake i tid kan ein bli freista til å gå. David Marquand og Radhika Desai vil i dette kapittelet stå som ein illustrasjon på dette, ettersom dei freistar å finne avgjerande forklaringar på Labours historiske utvikling i partiets grunnleggjande tekstar. Likevel vil storparten av dei historiske hendingane som skal omtalast i dette kapitelet dreie seg om perioden frå cirka 1945 og fram til tusenårsskiftet. Inndeling av historiske epokar kan variere etter kva som blir vektlagt, men i hovudsak er det etterkrigstida som dannar tidshorisonten for å forstå så vel revisjonistane som venstresidas utvikling.

Og lik eins; sjølv om vektlegginga kan variere, er det brei semje om at ein av dei nyttigaste måtane å skissere opp konfliktlinene i Labour i etterkrigstida på, har vore å sjå på dei ulike syna på økonomisk politikk, statens rolle, fordelingspolitikk, utanrikspolitikk og personleg fridom. Alt dette vil vere ein del av bakteppet, og takast opp der det er naturleg. Kapittelet byggjer også vidare på tidlegare skisserte debattar om tilhøvet til fagrørsla og spørsmålet om kven Labour eksisterer for å representere. Dette er også ein vesentleg del av bakgrunnen for debatten om «labourismen», som vi nemnte i innleiinga. Her skal vi konsentrere oss om å gje eit kortfatta riss av tre andre sentrale konfliktliner som prega så vel utsynet som det praktiske arbeidet både hjå dei sosialdemokratiske revisjonistane og venstresida; tilhøvet til statleg eigarskap, Labours føremålsparagraf «Clause 4» og keynesiansk økonomisk politikk.

Etter at Attlee-regjeringa mista regjeringsmakta i 1951, kom det i byrjinga kritikk frå venstrefløya om at regjeringa ikkje hadde gått langt nok i å auke den statlege kontrollen over økonomien. Mot dette framførte dei som i litteraturen blir omtalt som «revisjonistane», argumentet om at det blandingsøkonomiske systemet Attlee bygde opp hadde gjort debatten om statleg eigarskap meir eller mindre overflødig. Etter deira meining kunne merksemda difor flyttast over til spørsmålet om korleis ein kunne oppnå størst mogleg grad av «likskap» og rettferdig fordeling, til dømes gjennom

skatlegging og offentlig etterspurnadsstimulering av økonomien.

I 1959-60 tok partileiar Hugh Gaitskell, som hørte til mellom dei sosialdemokratiske revisjonistane, såleis til orde for å endre ordlyden i partiets føremålsparagraf («Clause 4»), slik at den ikkje lenger forplikta partiet ideologisk til å bruke offentlig eigarskap som politisk reiskap. Framlegget møtte motbør på venstresida, men sjølv om Gaitskell ikkje lukkast, skulle «Clause 4» stå fram som ei tilbakevendande signalsak heilt fram til Tony Blair fekk tilslutnad til ei endring i 1995.

Det kan hevdast at keynesiansk økonomisk politikk etter kvart erstatta statleg eigarskap som venstresidas hovudkrav andsynes revisjonistane, kombinert med Tony Benn og «New Left»-miljøets idear om «økonomisk demokrati» på arbeidsplassane. Keynesianismen fekk større politisk verdi for venstresida i takt med at revisjonistane – dels av eksterne årsaker (det sårbare pundet, krav for å få lån frå det internasjonale pengefondet) og dels av ideologiske årsaker – bevega seg i meir marknadorientert og monetaristisk retning frå cirka 1975 og seinare. Motkonjunkturpolitikken og statens aktive rolle vart på sitt vis det debatten om statleg eigarskap utvikla seg til når føresetnadene endra seg.

Del 1: Forskinga på den «sosialdemokratiske revisjonismen»

I denne delen skal vi ta for oss fire forfattarar som kvar på sitt vis har utforska dei historiske røtene og gjennomslaget til ei gruppering i partiet som med vekslende nemningar har blitt omtalt som «revisjonistar», «sosialdemokratar», «modernisatorar», eller ganske enkelt «høgresida». Avhengig av tilskjeringa til den einskilde forfattaren, vil vi undersøkje følgjande spørsmål: Korleis blir historia sjåande ut dersom ein tek utgangspunkt i sakene og personane som representerte denne retninga? Korleis blir prosjektert deira definert, og kva konsekvensar får det for historieframstillinga? Og korleis blir denne retninga historisert i relasjon til New Labour? Tudor Jones og Patrick Diamond har undersøkt den sosialdemokratiske revisjonismen med eit idehistorisk blikk, men med heilt forskjellige verkemiddel. Deira perspektiv på revisjonismens innverknad på New Labour blir supplert med ei drøfting av David Marquand og Radhika Desais bidrag til den omfattande litteraturen om tilhøvet mellom Labours revisjonistar og liberale verdiar og -parti, med særleg vekt på klassebasert politikk («labourismen») og intellektuelle tradisjonar.

Tudor Jones og den sosialdemokratiske revisjonismens lange liner

Tudor Jones er «Lecturer in Government» ved universitetet i Coventry, og boka *Remaking the Labour Party. From Gaitskell to Blair* (1996) er ein omarbeidd versjon av doktorgradsarbeidet hans. Boka var eit tidleg tilskot til litteraturen om New Labours plass innafør den revisjonistiske tendensen i partihistoria, og kom ut på eit tidspunkt då Tony Blair framleis var nokså nyvald som leiar. New Labour-prosjektet hadde nett blitt lansert, og striden kring omskrivinga av partiets føremålsparagraf «Clause 4» var tonegjevande for korleis leiarperioden hans til då vart oppfatta. Som vi skal sjå, er den også eit sentralt omdreiingspunkt for framstillinga til Jones.

Jones er sjølv den første til å gå ved at revisjonisme ikkje er ein enkel term å ha med å gjere. Den har ei lang historie, og må forankrast i det konkrete sosialdemokratiske prosjektet for å ha nytteverdi for hans føremål. Han drøftar styrkar og veikskapar ved ulike definisjonar, innan han landar på ein definisjon av revisjonisme som ei systematisk tilpassing av politikk, ideologi og verkemiddel til ein ny røyndom på ein slik måte at den av somme kan oppfattast som eit fundamentalt brot med tidlegare oppfatningar.²²⁴ Eg er samd med Jones i at definisjonen har sin styrke i at den slår fast at revisjonismen må vere heilskapleg nok til å forståast som eit systematisk brot, men det kviler eit tungt ansvar på forfattaren i å forklare både kva føresetnader som er til revisjon, og kvar ein skal ende opp etterpå. Det er også til hjelp for definisjonen hans at han er interessert i å drøfte bakgrunnen for kvifor det revisjonistiske oppgjeret vekte så sterke kjensler.

I 1996 hadde Tony Blair enno ikkje sete som partileiar i to år, ein posisjon han vart kasta inn i etter at forgjengaren John Smith døydde brått. Smith hadde halde fram med reformkursen frå Neil Kinnocks leiarperiode, men vart likevel oppfatta som meir forsiktig i si tilnærming. Blair greip frå første stund sjansen til å streke under at den politiske og organisatoriske nyorienteringa måtte halde fram, og kan hende er det kontrasten til Smith som gjer at starten på Blair-epoken får karakter av eit vasskilje, slik Jones fortel historia. Jones er ikkje blind for at mykje av grunnlaget for det Blair fekk sett i verk frå starten av sin leiarperiode vart lagt av Kinnock på 1980- og 90-talet, men Blair lukkast samstundes med å gje sin nye revisjonisme ei rammeforteljing som var meir tiltrekkjande - «New Labour» - enn den gradvise og til dels gjennomslagsrike nyorienteringa Kinnock gjennomførte med sin «Policy Review». Då Blair gjekk laus på «Clause 4» hadde Kinnock og Smith dessutan allereie gjort opp med betydelege politiske og strukturelle hindringar.²²⁵ Kinnock hadde fått partiet til i praksis, om ikkje alltid i glødande ordlyd,²²⁶ å omfamne blandingsøkonomien og det tette transatlantiske tryggingssamarbeidet, medan Smith hadde gjennomført organisatoriske reformer som

²²⁴ Jones (1996) s. 25-6.

²²⁵ Jones (1996) s. 125-129.

²²⁶ Jones (1996) s. 119.

reduerte fagrørsla si politiske makt og styrka partileiingas kontroll med praktisk politikktutvikling. Såleis er det korkje overraskande eller urimeleg at Jones legg så stor vekt på erstatninga av den gamle føremålsparagrafen. «Clause 4» hadde, iallfall i teorien, forplikta partiet til å arbeide for offentleg eigarskap til produksjonsmidla og avviklinga av den utbytande kapitalismen med eit alternativt, sosialistisk samfunnssystem. No vart den erstatta med ein paragraf som la større vekt på å tøyde dei urettvise utslaga av å nytte marknadsmekanismar, og ein politikk som skulle fremje like livsjansar heller enn resultatlikskap.²²⁷

Merksemda kring «Clause 4» er gjennomgåande i heile boka, og det gjev god meining i lys av korleis Jones definerer sitt eige prosjekt. I føreordet legg han fram at han har ønskt å skrive ei historiebok om revisjonistiske tendensar i Labours historie, men han strekar samstundes under at han vil gjere det gjennom å trekkje vekslar på metodar frå til dømes ein nært slekta fagdisiplin som politisk idehistorie.²²⁸ Heller enn å gå i djupna på kvar einskild kveiling i det historiske forløpet vil han freiste å følgje korleis ideen om kva Labour er og har vore, og kven Labour har vore til for, har utvikla seg over eit lengre tidsrom. For å gjere dette trekkjer han på politiske dokument og vedtak, løpande avisdebatt og intervju med sentrale aktørar, men også på korleis ideane vart forma og fekk si eiga verknadshistorie gjennom til dømes bøker, pamflettar og offentlege debattar.²²⁹ Jones har heile vegen eit vakent auge til at det er ideane som er hovudsaka, ikkje personane og posisjonane. Når han skal forklare kvifor revisjonistane brukte så lang tid på å få gjennomslag, er han meir oppteken av arbeidet med å endre partiets sjølvforståing enn dei institusjonelle stengsla. Dette tyder ikkje at han underkjenner at det står individuelle aktørar med personlege overtydingar bakom standpunkta, eller at han ser fullstendig vekk frå materielle og samfunnsmessige tilhøve, men det er ikkje der hovudmerksemda ligg.

«Den politiske myten»

Heilt sentralt i Jones' organisering av historia, står omgrepet om «den politiske myten». «Myte» må her forståast i ein mindre normativ forstand enn det som ofte er vanleg. Vi snakkar ikkje om myte i tydinga noko som per definisjon berre har avgrensa rot i røyndommen. Med «politisk myte» meiner

²²⁷ §4.4 i 1918-vedtektene hadde følgjande ordlyd: «To secure for the workers by hand or by brain the full fruits of their industry, and the most equitable distribution thereof that may be possible, upon the basis of the common ownership of the means of production and the best obtainable system of popular administration and control of each industry or service.» (Sitert i Jones, 1996: 4) Etter endringa i 1995 forplikta Labour seg istaden til å skape «a dynamic economy, serving in the public interest, in which the enterprise of the market and the rigour of competition are joined with the forces of partnership and co-operation to create the wealth the nation needs and the opportunity for all to work and prosper, with a thriving private sector and high quality public services, where those undertakings essential to the public good are either owned by the public or accountable to them.» (Sitert i Jones, 1996:144)

²²⁸ Jones (1996) *Preface*, viii.

²²⁹ Jones (1996), *Preface*, viii.

Jones røyndomsforståinga som historisk har fungert som grunngeving for kvifor Labour eksisterer og er ein naudsynt del av den britiske partifloraen.²³⁰ Opphavleg dreidde det seg om eit ønskje mellom fagforeiningsfolk om organisert politisk representasjon for å motarbeide politiske og rettslege åtak på faglege rettar, og kampen for rett til arbeid, løn og røysterett. Særleg etter vedtaket av eit nytt prinsipp-program i 1918 vart dette så utvida til ein heilskapleg, marxistisk samfunnsanalyse, kor føremålet vart at produksjonsmidlane i økonomien skulle vere felleseige, og det langsiktige målet skulle vere å skape eit samfunn med små sosiale og økonomiske skilnader, kor alle menneske kunne oppnå materiell tryggleik. Dette vart tydelegast uttrykt i den fjerde paragrafen i programmet, som vi har vist til over. Styrken ved dette programmet var at det gav partiet eit historisk oppdrag – å representere arbeidarklassen, og å leie den vekk frå armod og undertrykking – og ein konkret ambisjon å strekkje seg etter.²³¹ Summen av dette evna å gje Labour ei overtydande og samlande «forteljing», og det er dette Jones viser til når han snakkar om «den politiske myten».²³²

Fordi den sosialistiske vendinga dessutan vart eit avgjerande brot med det liberale partiet som alliansepartner mot toryane, opnar Jones også for at denne politiske myten kan vere noko som mange seinare kjende seg knytte til av «kjenslemessige» årsaker («sentimental reasons»). Å ønskje å gå vekk frå ambisjonen om å motarbeide kapitalismens urettferdige utslag gjennom statleg eigarskap ville for mange såleis vere å undergrave det som har gjort Labour til Labour. Ifølgje Jones er det her radikalismen i det revisjonistiske programmet kjem til syne: Gjennom å identifisere eit politisk program for revisjonistane basert på ei vending frå statleg eigarskap til stimulering av økonomien gjennom investeringar i keynesiansk motkonjunkturpolitikk, og større fokus på sosial likskap gjennom utbygging av ein velferdsstat finansiert ved progressiv skattlegging, har Jones identifisert eit revisjonistisk politisk program han kan følgje gjennom heile etterkrigshistoria. Han har heile tida auge for korleis spenningane vis-a-vis den politiske myten og dei kjenslemessige bindingane til denne avgrensar det potensielle gjennomslaget det revisjonistiske programmet fekk.

Attlee-regjeringas avgang i 1951 innleidde ei lang ørkenvandring for Labour, kor det også kom til ei ideologisk opprusting mellom dei som meinte at partiet hadde tapt regjeringsmakta fordi ein ikkje gjekk langt nok i å realisere målet om ein planmessig styrt økonomi, og ei gruppe revisjonistar som tvert imot meinte at arven frå Attlee danna eit godt grunnlag for å skape eit samfunn kor dei mest urettferdige utslaga av kapitalismen kunne temmast. Det vaks i denne perioden fram ei form for

²³⁰ Jones (1996) s. 9-10.

²³¹ Jones (1996) s. 11-13.

²³² For ei alternativ drøfting, som Jones også viser til, sjå Drucker (1979).

nasjonal konsensus kring velferdsstaten som auka Tory-partiets «styringstillegg», og etter fleire strake valnederlag vart Labour-leiar Hugh Gaitskell overtydd om at partiet måtte signalisere evne til tilpassing for å vinne nye veljarar. Han førebudde eit oppgjær med «Clause 4», som han såg på som ei antikvarisk formulering av eit mål Labour uansett ikkje hadde hatt til hensikt å oppfylle.²³³ Jones er såleis på line med andre²³⁴ i skildringa av korleis Gaitskell totalt feiltolka stemninga på grasrota og i fagforeiningane. Jones' eige bidrag til denne sida av historieforteljninga ligg i fokuset på den politiske myten og dei kjenslemessige føringane som denne førte med seg. Når partiet ikkje var klart til å følgje Gaitskells tankegang, skuldast det ifølgje Jones ikkje minst at å erstatte «Clause 4» ville tyde å kappe eit historisk band til det partiet mange i Labour oppfatta å ha vore del av, og det utan å ha noko tilnærma like samlande og inspirerande å setje i staden.²³⁵

Til liks med andre som har drøfta den sosialdemokratiske revisjonismens vilkår i Labour, trekkjer Jones fram Anthony Croslands bok *The Future of Socialism* (1956) som ein avgjerande premissleverandør.²³⁶ Crosland har etter kvart blitt ei viktig kjelde til å definere kva som var kjernen i den sosialdemokratiske revisjonismen, og også Jones byggjer mykje av si forståing av denne revisjonismen på Crosland. Crosland argumenterte for at resultata av Attlee-regjeringas politikk hadde lagt grunnlaget for eit samfunnssystem kor ein no kunne bevege seg hinsides det tilbakevendande ordskiftet om offentleg eigarskap.²³⁷ Han avviste ikkje at staten kunne og burde ha ei dominerande rolle i økonomien, men han ville heller nytte statlege investeringar i velferd til å jamne ut økonomiske skilnader, sikre høg sysselsetjing og gje folk tryggleiken dei trong for å leve ut dei liva dei helst ønskte for seg og sine. Fleire, mellom dei Jones, har sett på dette som ei tilbakekopling til den etiske sosialismetradisjonen som var dominerande hjå til dømes R.H Tawney, ein tidleg tenkjar med stor innverknad.²³⁸ Ein sosialisme basert på regulerte marknader og stor sosial tryggleik hadde betre føresetnader for å vinne attende fridomsomgrepet frå konservative ideologar, og såleis fungere som eit vern mot dei som ville bruke usemje om personlege fridomar som brekkstong for å undergrave tilliten til og oppslutnaden om velferdsstaten. Her skreiv Crosland seg inn i ein langstrekt liberal tradisjon, og synspunkta hans fekk seinare gjenklang hjå mellom andre den liberale Labour-avhopparen Roy Jenkins. Vi ser tydeleg at Jones gjer nytte av ei idehistorisk tilnærming.

²³³ Jones (1996) s. 51.

²³⁴ Sjø til dømes Shaw (1996), Pugh (2010) s. 319.

²³⁵ Jones (1996) s. 58-63. Pugh (2010: 319) siterer for øvrig revisjonisten Roy Jenkins på at ei omskriving av «Clause 4» på det tidspunktet ville vore som å «ta skapingsforteljninga ut av Bibelen». Mi omsetjing frå engelsk.

²³⁶ Sjø til dømes Foote (1985), s. 212-220, Diamond (2004)

²³⁷ Jones (1996) s. 31.

²³⁸ Jones (1996) s. 34-38.

Her er Jones nådd fram til eit sentralt paradoks i forteljninga. På den eine sida sette revisjonistane på mange måtar premissane for partidebatten i større grad enn både før og seinare. Når dei likevel mislukkast i å flytte partiet endeleg i si retning på kort sikt, er Jones edrueleg nok til å supplere forklaringa om den politiske myten og dei medfølgjande kjenslemessige føringane med ein gjennomgang av dei områda kor den revisjonistiske røyndomsforståinga viste seg å kollidere med dei økonomiske realitetane.²³⁹ Keynesianismen som Crosland tok til orde for, og som Harold Wilson og deretter James Callaghan stort sett følgde som statsministrar, mislukkast etter kvart med å levere dei resultatane som var føresett. Resultatet vart istaden devalueringar av pundet, inflasjon, og uro i det fagleg-politiske samarbeidet, som i neste omgang utløyste ein motoffensiv frå venstresida. Jones forstår samanbrotet av den keynesianske stimuleringspolitikken og det fagleg-politiske trepartssamarbeidet²⁴⁰ som eit sluttpunkt for den sosialdemokratiske revisjonismens stordomstid, iallfall mellombels.²⁴¹

Når det skal etablerast ei samanhengjande lenkje mellom politiske tradisjonar, kan det oppstå komplikasjonar og uheldige forenklingar, om ein ikkje passer på å supplere med naudsynte nyansar. Jones slepp ikkje sitt overordna omgrepsapparat av syne, men når han skal forklare korleis revisjonismen frå 1960- og 1980-talet høyrer saman, må han ta høgde for det mellom andre Eric Shaw har kalla «the abandonment of Keynesianism»²⁴² - korleis Labour på 1970-talet bevega seg frå eit fokus på statleg stimulering av økonomien som svar på «tradisjonistane» sine ønskje om offentleg eigarskap – og over i ei meir monetaristisk retning. Jones oppfattar 1980-åra som eit slags comeback for revisjonistane, noko han i hovudsak grunngjev med at ei rekkje valnederlag prentar inn i partiet ei motvillig kjensle av at ein lyt endre politikk i sosialdemokratisk, revisjonistisk lei for å vinne attende tilliten som potensielt regjeringsparti.

Ein «kjensleboren revisjonisme»?

Jones avslører alt i bokas undertittel – *From Gaitskell to Blair* – at han meiner det går an å trekkje ei line frå den typen revisjonisme Hugh Gaitskell gjorde seg til talsperson for på 1950- og 60-talet og det prosjektet Blair sette i verk på 1990-talet. Hovudgrunnen til at denne koplinga verkar nokonlunde overtydande er igjen at Jones har lukkast i å peike ut ei samling saker og idear, som oppgjeret med «Clause 4» og statleg eigarskap, som dominerte den interne debatten i tiår.

²³⁹ Jones (1996) s. 104-106.

²⁴⁰ For meir om «den sosiale kontrakten» og det fagleg-politiske samarbeidet i 1960- og 70-åra, sjå kapittel 2.

²⁴¹ Her er Jones ikkje åleine. Shaw (1996) har til dømes omtalt «the abandonment of Keynesianism» som eit avgjerande skilje mellom revisjonistar av Crosland-skulen, og dei som til dømes skulle trå fram under Neil Kinnock.

²⁴² Shaw (1996)

Det er likevel ikkje alltid så enkelt å følgje eit potensielt omskifteleg omgrep som «revisjonisme» på tvers av historisk tid og kontekst. Fokuset på dei ovannemnte sakene gjev Jones høve til å konsentrere seg om det vi har kalla den «sosialdemokratiske» revisjonismen, men det kan argumenterast for at det også har eksistert ei form for «venstrerevisjonisme», mellom anna utvikla i miljøet kring Tony Benn på 1970- og 80-talet («the new left»), som Jones kunne ha inkludert om han ville. «New left» vil bli handsama i større djupne seinare i dette kapittelet, men gjekk i korte trekk ut på ei ideologisk opprusting for statleg eigarskap og økonomisk demokratisering i arbeidslivet. Om noko, så illustrerer dette dømet tydeleg at det er viktig med klare avgrensingar av kva som er ambisjonen med boka. På 1950- og 60-talet hadde Crosland og Gaitskell representert utfordrarane, men no var det istaden deira politiske program og føresetnader som la grunnlaget for debatten, både til venstre og høgre.

Fokuset på «den politiske myten» og korleis denne bidreg til å gje partiet og medlemene ein særeigen identitet over tid, uavhengig av i kva grad dei materielle føresetnadene som låg til grunn for myten i seg sjølv har endra seg, skaper ei oversiktleg og klart argumentert forteljing. Likevel kan ein spørje seg om ikkje Jones legg vel stor vekt på den kjenslemessige lojaliteten dei sosialdemokratiske revisjonistane sine motstandarar kjenner andsynes tradisjonen, iallfall samanlikna med kva forklaringskraft denne får for revisjonistane sjølve. Han nemner rett nok at fleire leiande revisjonistar – Gaitskell og Douglas Jay på 1950-talet, og Neil Kinnock etter at han gjekk av som partileiar – la stor vekt på kor viktig sjølvforståinga som revisjonistar etter kvart vart for deira politiske motivasjon og prosjekt. Det kjem derimot ikkje tydeleg fram i kva grad, og eventuelt korleis, desse revisjonistane hadde si eiga kjenslemessige forhistorie å trekkje på. Kan det tenkjast at denne kjenslemessige lojaliteten kan forklare motivasjonane i begge retningar? Og for å ta eit døme frå Tony Blairs leiartid: Når han argumenterte for revidering av «Clause 4» går det ikkje like tydeleg fram i kor stor grad han påkalla arven frå Gaitskell og tidlegare revisjonistar for å hente styrke til argumentasjonen. Snarare let han til å argumentere ut frå ein slags logikk om at denne utviklinga var uunngåeleg. Så langt eg kan sjå går Jones ikkje vidare inn på kvifor historiske parallellar og innskriving i ein bestemt politisk-historisk tradisjon ser ut til å ha vore viktigare, og å ha hatt større potensiell argumentasjonskraft, når ein skal appellere til «tradisjonalar».

Labour og det liberale

I tråd med motsetnadene og tangeringspunkta mellom sosialismen og liberalismen, har Labour alltid

hatt eit levande, men spent tilhøve til liberale impulsar i eige parti. Partiet fekk sitt første parlamentariske gjennombrot i valsamarbeid med det liberale partiet, og mange har argumentert for at det eksisterer ein særleg verdifellesskap mellom desse to ideologiane. Den ovannemnte sosialdemokratiske revisjonisten Anthony Crosland var mellom dei som freista å formulere eit prinsipielt og politisk program kor sosialismens syn på økonomi og samfunnsorganisering samstundes tok opp i seg liberale verdiar, sjølv om han forankra det i eit oppgjær med Labours eigne tradisjonar. Eit ofte brukt sitat frå *The Future of Socialism* kan tene som bru over til den neste delen av diskusjonen om «den sosialdemokratiske skulen», som skal ta føre seg David Marquand og Radhika Desais drøftingar av kvifor tilhøvet mellom Labour og potensielle partnerar mellom dei liberale har vore så spent: «[In the blood of socialists,] there should always run a trace of the anarchist and the libertarian, and not too much of the prig and the prude.»²⁴³

David Marquand og «det progressive dilemmaet»

David Marquand har vore ein viktig premissgjevar for debatten om Labours «høgrefløy» gjennom mange tiår, i fleire ulike roller. Han vart vald inn i parlamentet parallelt med Harold Wilsons overtaking av statsministervervet på 1960-talet, og melde seg prompte til teneste for partiets sosialdemokratiske revisjonistar, som samla seg mer enn nokon kring keynesianaren Crosland. Seinare skulle Marquand melde seg ut av partiet og melde overgang til Social Democratic Party saman med utbrytarar som Roy Jenkins og Shirley Williams. Etter at karrieren som politikar tok slutt, gjekk Marquand inn i akademia, og i 1991 kom boka *The Progressive Dilemma*, kor han tok for seg det spente tilhøvet mellom dei liberale og sosialistiske straumdraga i Labours historie. Ikkje utan eit visst vemod formulerte Marquand ein tese om at Labour og liberalarane både kunne og burde ha oppretthalde ein historisk allianse, basert på ein verdifellesskap for å minimere innverknaden til eit historisk reaksjonært Tory-parti. Boka freista ikkje berre å leggje fram denne verdifellesskapen, men også å forklare kvifor og korleis Labour øydsla vekk denne sjansen til å setje seg tyngre på maktapparatet enn dei i ettertid klarte åleine.

I 1999 kom boka så i ei revidert og utvida utgåve. Sidan førsteutgåva var mykje endra i sentrum-venstre av britisk politikk. Innlemminga av SDP i Liberaldemokratane var fullført, og følgjarane til David Owen, som sto utanfor den nye partidanninga, vart dømde til irrelevans av veljarane.²⁴⁴ Men

²⁴³ Crosland sitert i Diamond (2004), s. 93. Eg er elles medviten om at det kan vere til dels betydelege skilnader mellom «libertarianarar» og «liberalarar», men Crosland-sitatet grip likevel noko grunnleggjande i også den liberale spenninga i sosialismen.

²⁴⁴ For meir om samlingsprosessen, sjå Stevenson (1993), s. 101-122. David Owen var medstiftar av SDP, men motsette seg samanslåinga av SDP og Liberal Party til det som først vart Social and Liberal Democrats, og til slutt Liberal

heller ikkje eit nokolunde sameint liberaldemokratisk parti lukkast i å skake Labours posisjon som hovudutfordraren til dei konservative. Snarare tvert om. Marquand hadde som alle andre observert Tony Blairs medvitne vidareføring og -utvikling av den revisjonistiske strategien til forgjengarane Neil Kinnock og John Smith, og spørsmålet for Marquand vart såleis om slutføringa av denne snuoperasjonen ville vise seg å vere basert på reell politikk, og ikkje – som kritikken ofte vart reist mot Kinnock – hovudsakleg på vurderingar av kva ein trudde veljarane trong høyre for å gje Labour ein ny sjanse.²⁴⁵ Utover to nyskrivne kapittel om røynslene med Blair-epokens framvekst og Blairs tidlege regjeringsperiode, var boka i stort den same som ved førre krossveg.

Marquand hevda at det finst ein historisk grunngeven verdifellesskap mellom Labour og det liberale partiet. Dineist konstaterte han at veljarane - samla sett – gjennomgåande har gjeve fleire røyster til Labour og det liberale partiet enn til det konservative partiet. Her burde tilhøva såleis ha lege til rette for ein «progressiv» allianse. Spørsmålet hans blir då: Viss det eksisterer ein verdifellesskap, og veljarane uttrykkjer større støtte til partia som utgjer denne fellesskapen enn til motstandaren deira; kvifor har det då så ofte vore det konservative partiet som har tent på at Labour tok over posisjonen som det store, ikkje-konservative alternativet tidleg i det tjuande hundreåret? Labour og det liberale partiets konfliktfylte rivalisering har bidrege til at dei konservative har kunna styre med eit mindretal av veljarane i ryggen, medan Labour og liberalarane har delt røyster mellom seg. Marquand finn røtene til rivaliseringa i både historiske og politisk-kulturelle forklaringar.

Problemet med «labourismen»

Den gjennomgåande tesen til Marquand, slege fast med like delar overtyding og vemod, er at årsaka til den ulukkelege utviklinga kan finnast heilt tilbake på byrjinga av 1900-talet, og at ein må finne svaret på kvifor seinare samarbeidsfreistnader har stranda i interne og ideologiske tilhøve i Labour. Såleis må Marquand i alle høve kunne seiast å oppfylle Steven Fieldings tidlegare nemnte krav om at den som vil forstå Labours stilling i samtida må leggje an eit langsiktig historisk perspektiv.²⁴⁶ Marquand peikar ut splittinga av det liberale partiet i spørsmålet om britisk strategi i første verdskrigen som ein utløyssande faktor i Labours gradvise overtaking av posisjonen som hovudutfordrar til det konservative partiet.²⁴⁷ Inntil dette hadde det hovudsakleg fagforeiningsbaserte Labour samarbeidd greitt med liberalarane om saker som trygder og sikring av faglege rettar, men i tråd med Labours nye prinsipp-program frå 1918 av, kom det inn ei forplikting

Democrats. Owen og nokre andre vart ståande att utanfor, men «rest-SDP» tapte alle plassane sine i parlamentet.

Owen er idag medlem av Overhuset, men ikkje knytt til noko parti.

²⁴⁵ Ofte oppsummert i den syrlege formuleringa «market-tested socialism», jf. til dømes Desai (1994) s. 8.

²⁴⁶ Fielding (2003) s. 16-17. Sjå elles kapittel 1.

²⁴⁷ Marquand (1999), s. 26-34.

til økonomisk styring og offentlig eigarskap som vart vanskeleg for liberalarane å svelgje. Ifølgje Marquand er det her ein finn røtene til det progressive dilemmaet. Det uløyste dilemmaet har kosta progressive krefter mykje i form av oppslutnad og intellektuell kraft, og vil halde fram med å gjere det om det ikkje kan finnast eit grunnlag for å sameine det liberale med det sosialdemokratiske prosjektet, hevdar Marquand.²⁴⁸ Samstundes vart fagforeiningane sikra ei formell rolle i alle partiets avgjerdsorgan, som i sin tur slo fast at Labour no måtte sjåast på som eit parti av og for fagrørsla sine interesser. Konfliktane dette skapte stengde, ifølgje Marquand, døra for ei tilnærming mellom den rettferdige kampen for politisk representasjon for arbeidarklassen, og den «nye liberalismen» som dominerte det liberale partiet på denne tida.²⁴⁹

Men ein ting er korleis saka såg ut frå Labours synsstad; kva då med moglegheita for at Labour kunne ta opp i seg dei liberale straumdraga? På same måten som Radhika Desai er Marquand snar med å slå fast at Labour i nokon grad faktisk lukkast i å vinne definisjonsmakta over kva det tydde å vere progressiv i tida fram til og etter etterkrigskonsensusen og framveksten av velferdsstaten. Når nokre standhaftige miljø likevel vart ståande utanfor partiet, forklarar Marquand dette med Labours politiske kultur.

Omgrepet «labourisme» er ei sekkenemning nytta av mellom andre venstrekritikaren Ralph Miliband for å skildre Labours sjølvforståing som i første rekkje ein forsvarar av fagleg-politiske rettar. For venstrekritikarar som Miliband har lojaliteten til denne førehistoria hindra partiet i å bli ei samlande kraft for heile arbeidarklassen, og den har dinest gjort den ei bjørneteneste ved låse partiet fast til påverknadskanalane i den britiske staten og det politiske systemet.²⁵⁰ Labourismen er likevel oppfatta som ein like stor bremsekloss i partiets utvikling for «sosialdemokratiske» kronikørar som Marquand. Etter hans oppfatning har labourismen representert ein klassebasert politikk som risikerer å støyte vekk liberalarar, og vore eit trekk som er symptomatisk for ein ekskluderande partikultur og -politikk basert på ei inndeling av medlemmer og sympatisørar i «oss og dei». Medan det i periodar ikkje har vore ei hindring for at Labour kunne ta til seg nokre liberale revisjonistiske idear, som vi har illustrert ved å vise til Jones tidlegare i kapittelet, bidrog det ifølgje Marquand til at dei som ønskte eit sosialdemokrati som la større vekt på fridomsverdiar aldri heilt fann ein trygg og komfortabel heim i Labour.²⁵¹ Sjølv tok han som nemnt konsekvensen av dette og melde seg ut ved skipinga av SDP i 1981, symptomatisk nok mellom anna utløyst av nettopp ein feide om fagforeiningane si formelle makt internt i Labour.

²⁴⁸ Marquand (1999), s. 17-25.

²⁴⁹ Marquand (1999), s. 15-17.

²⁵⁰ Miliband (1972).

²⁵¹ Marquand (1999) s. 21-22.

Ny von med New Labour?

Denne historiske konteksten er viktig å ha med seg om ein vil forstå Marquands syn på New Labour-prosjektet. Etter tida som parlamentarikar har han bygd seg opp ein omfattande akademisk produksjon,²⁵² men han har samstundes halde fram som ein sentral meiningsdannar kring tilhøvet mellom Labour og Liberaldemokratane, og når det gjeld spenningsfeltet mellom den sosiale liberalismen og eit sjølverklært «nytt» sosialdemokrati. For ein gammal sosialdemokrat som vart liberaldemokrat ikkje så mykje av økonomisk-politiske som av verdipolitiske og konstitusjonelle grunnar, var det for Marquand spennande takter over Tony Blairs lovnader om å røske opp i Labours gamle dogme, og dessutan framlegga om ei radikal omorganisering og demokratisering av den britiske staten.²⁵³ I tillegg opna Blair for eit tettare og moglegvis formalisert samarbeid med Liberaldemokratane etter parlamentsvalet i 1997, noko Marquand støtta.

To år seinare konstaterer Marquand like fullt at han er vonbroten over kva som har komme ut av desse tidlege signala, sjølv om han går ved at det kanskje er tidleg å felle ein endeleg dom.²⁵⁴ Valet i 1997 gjekk så bra for Labour at partiet fekk det største styringsfleirtalet sidan Attlees etterkrigsregjering, og planane om tverrpolitisk samarbeid og vallovreformer vart sett vekk til ein kommisjon. Formelle møte mellom Labour-toppen og liberaldemokratiske utsendingar resulterte ikkje i mykje anna enn vennlege ord. Det mest avgjerande når Marquand slår fast at New Labour tilsynelatande vantar evne eller vilje til å løyse det historisk grunna progressivet dilemmaet han har dokumentert med flid og frustrasjon, er likevel at regjeringspartiet etter hans meining har forlate dei progressive og radikale elementa i sin eigen tradisjon, men utan å supplere med den antiautoritære, desentraliserande og tillitsbaserte tilnærminga som tiltrekkjer Marquand ved liberalismen.²⁵⁵

Den moralske kritikken av New Labour-prosjektet som ettergjevande andsynes arven frå thatcherismen, og for lite lojalt mot kampen mot urettvise og sosiale skilnader, klinger ikkje berre velkjent vis-a-vis mange av reaksjonane vi såg nærare på i det første kapittelet. Det plasserer i tillegg Marquand i den kanskje overraskande posisjonen at han, etter mange år som kritikar av Labour frå høgre, no ser seg nøydd til å peike på område der partiet under sin noverande leiarskap skil seg frå sitt venstreorienterte utgangspunkt. Om heilskapsblikket til Marquand helst er festa andre stader - på korleis det progressive dilemmaet kan løysast – kan vi nytte høvet til å trekkje

²⁵² I tillegg til det premissgjevande debattskriftet *The Unprincipled Society* (1988) har han mellom anna skrive mykje om EU-samarbeid og den moderne kapitalistiske statens verkemåtar.

²⁵³ Marquand (1999), s. 240-1.

²⁵⁴ Marquand (1999) s. 225.

²⁵⁵ Marquand (1999) s. 240.

nokre trådar tilbake til diskusjonen om nytta av revisjonisme-omgrepet. Det minner oss kanskje mest av alt om kor viktig det alltid er å vere var for konteksten vi les i, anten den er ideologisk eller historisk. Eg blir dessutan sikrere i trua på at Jones har fatt i noko betydeleg når han botnar si framstilling av revisjonismen i etterkrigs-Labour i striden om konkrete saker og institusjonelle miljø og stengsel, heller enn i freistnader på å kapsle inn ein slags «revisjonismens sanne natur».

Marquand går ved at Kinnock og Blair har lukkast i å omskape Labour til eit sosialdemokratisk parti i ein europeisk tradisjon,²⁵⁶ men funderer samstundes over om ikkje partiet kan ha mist noko vesentleg på vegen. Han kritiserer at forpliktinga på sosial rettferd og omfordeling har måtta vike for meir einseitig tilrettelegging for næringslivet, og konstaterer at partiet såleis har klare nyliberale trekk.²⁵⁷ Igjen ser vi at posisjonen som revisjonist er i konstant rørsle, og ikkje minst at omgrep som «høgre» og «venstre» ikkje alltid er like brukande som ideologiske merkelappar. Marquand har i seinare år sjølv teke opp ein mogleg veikskap ved sitt eige omgrep om det «progressive», og uttrykt uro over at det han i si tid meinte som eit samleomgrep for dei verdiane sosialdemokratar og liberalarar bør kunne samlast om, no i staden har blitt tømt for meining. I eit essay med den mykjeseiande tittelen «After progress» spør han om omgrepet lenger gjev meining i det heile, dersom det progressive no blir oppfatta mest utelukkande normativt, som ein moralsk attråverdig posisjon. Han ser ein fare for at det å vere «på lag med framsteget» i seg sjølv er definert som vegen og målet, heller enn ei samling om verdiar og saker som er atkjelege for folk som meiner å sokne til det sosialdemokratiske og liberale prosjektet.²⁵⁸

Kritikk

Som høveleg er for eit verk med så lang historisk horisont og så vidstrekke ambisjonar om syntesemakeri, vart Marquands grunnleggjande tese om det progressive dilemmaet utsett for interessant kritikk. Steven Fielding og Declan McHugh, som for øvrig trekte fram Marquand som eksponent for ein særleg type nærast uuttalt establishment-sentrumskurs utan visjonar om å situere seg sjølv som berar av revisjonistiske standpunkt,²⁵⁹ har gått i rette med nokre av dei historisk grunna føresetnadene Marquand legg til grunn. Til dømes nyttar Fielding og McHugh historiske døme frå Manchester til å påvise at det er lite truleg at ei samling av Labour og det liberale partiet i mellomkrigstida nødvendigvis var mogleg,²⁶⁰ eller at det dermed ville ha stogga den konservative

²⁵⁶ Marquand (1999) s. 231.

²⁵⁷ «The social vision [of New Labour] is closer to neo-liberalism than any other tendency in post-war British history.» Marquand (1999) s. 235.

²⁵⁸ Marquand (2009)

²⁵⁹ Fielding/McHugh (2003) s. 134.

²⁶⁰ Fielding/McHugh (2003) s. 141-43.

ekspansjonen. Vidare aksepterer dei heller ikkje den underliggjande påstanden om at det var tilhøvet til fagrørsla som slo inn den avgjerande kilen mellom Labour og dei liberale.²⁶¹ Vi har i kapittel 2 vore inne på at Minkin grundig dokumenterte at den fagleg-politiske påverknaden i praktisk politikk er eit samansett spørsmål, og Fielding og McHugh trekkjer fram det same. Dei går ved at Marquands «sosialdemokratiske» forklaringsmodell har sine styrkar om ein vil forstå kva historieforståing som låg til grunn for mykje av tenkinga bakom New Labour. Dei er likevel kritiske til om Marquands tese om kontinuitet i samarbeid med liberalarane ville ha løyst Labours utfordringar, og til om dette kunne late seg gjennomføre.²⁶²

Radhika Desai og det sosialdemokratiske perspektivets intellektuelle grunnlag

Radhika Desai har levert eit litt annleis perspektiv på kva som kan forklare den historiske friksjonen mellom den sosialdemokratiske revisjonismen og det liberale.²⁶³ Ho ser på den sosialdemokratiske revisjonismen som del av «den dominerande intellektuelle tradisjonen i britisk historie»,²⁶⁴ i slekt med mellom anna mellomkrigstidas «New Liberalism». Samstundes teiknar ho opp korleis denne revisjonismen vaks fram innanfor rammene av eit anti-intellektuelt, labouristisk etos,²⁶⁵ som er ein del av hennar forklaring på kvifor Labour opphavleg opplevde ein viss motvilje frå leiande liberalarar.²⁶⁶ Her finn ho kjelda til Labour som klasseparti for arbeidarklassen, med djup lojalitet til det parlamentariske og korporative systemet. Såleis er ho på line med både Marquand og Miliband i påpeikinga av labourismens konservative trekk, sjølv om Miliband altså primært oppfatta denne som eit stengsel for ei brei mobilisering for sosialisme. Desai gjev elles Miliband rett i at labourismen kan nyttast som delforklaring på kvifor sosialismen etter hennar syn har fått så lite gjennomslag i partiet.²⁶⁷

Ettersom Desai forstår sosialdemokratar og liberalarar først og fremst som del av ein intellektuell tradisjon, blir det viktig å syne korleis marginaliseringa av desse går i hop med partiets tradisjonar, og med det intellektuelle klimaet i det britiske samfunnet i stort. Omgrepsbruken er i så måte interessant. «Intellektuell» blir jamt eitt og same som «sosialdemokratisk revisjonist». Det skuldast ikkje berre at ho i denne revisjonismen meiner å sjå ein slektskap med landets dominerande intellektuelle tradisjon, men også at 1950- og 60-talets sosialdemokratiske revisjonisme etter hennar

²⁶¹ Fielding/McHugh (2003) s. 144.

²⁶² Fielding/McHugh (2003) s. 146.

²⁶³ Desai (1994): *Intellectuals and Socialism. 'Social Democrats' and the Labour Party*

²⁶⁴ Desai (1994) s. 3.

²⁶⁵ Desai (1994) s. 6.

²⁶⁶ Desai (1994) s. 50-51.

²⁶⁷ Desai (1994) s. 99-100.

syn representerer den einaste seriøse freistnaden på grunding nytenking i Labour sidan 1930-talet.²⁶⁸ Revisjonist-generasjonen Roy Jenkins var del av, blir såleis erklært å representere den sosialdemokratiske revisjonismens sluttunkt; ikkje fordi den gjorde seg sjølv overflødig ved å sigre, men ved å gå fullstendig tom for kraft. Det blir argumentert for at dei mest vitale ideane i Labours historie er å finne i skjeringspunktet mellom det sosialdemokratiske og det liberale, på same tid som Desais analyse står som ein ganske sviande påtale av så vel 1950-talets «bevanisme»²⁶⁹ («Revisionism's apparent opponent»²⁷⁰), som Kinnocks reformer på 1980-talet («market-tested socialism»),²⁷¹ eller det sosialdemokratiske revisjonisme-prosjektet, som står tiltalt for å ha grunnstøytt idet grunnlaget for keynesianismen fall bort.²⁷²

Marquand og Desai er samde om mykje i sine respektive analysar av tilhøvet mellom Labour og liberalismen. Begge peikar ut labourismen som eit historisk grunna stengsel for tilnærming. Men innfallsvinkelen er også forskjellig. Fokuset på dei intellektuelle si rolle i framveksten av først den sosialdemokratiske revisjonismen og dinest det liberale oppbrotet i 1980-åra, gjev Desais framstilling eit meir idehistorisk preg, medan Marquand nærmar seg stoffet meir normativt og med blikk for realhistoria. I sum bidreg likevel begge med eit nyttig supplement til historia om det idehistoriske grunnlaget for den sosialdemokratiske revisjonismen, som kjem i fokus att når vi no skal sjå på Patrick Diamonds studium av New Labours «revisjonistiske» arv.

Patrick Diamond og dei historiske røtene til New Labour

Gjennom heile denne oppgåva har vi på ulikt vis freista å sirkle inn korleis New Labour-prosjektet har blitt forstått historiografisk, og nokre gonger har det vore vanskeleg å avgjere kva verk som høyrer heime kor. Patrick Diamonds *New Labour's Old Roots* (2004) er eit slikt verk. Det kunne utan problem ha vore inkludert i litteraturen i kapittel 1,²⁷³ ettersom det utan tvil kan lesast som eit innlegg i debatten om korleis New Labour kan historiserast. Når det likevel er plassert i dette kapittelet, skuldast det at Diamond så tydeleg skriv New Labour inn i ein sosialdemokratisk-

²⁶⁸ Desai (1994) s. 65.

²⁶⁹ I debatten om arven frå Attlee-regjeringane samla venstrekritikarane seg kring tidlegare helseminister Aneurin Bevan, i ein kritikk som mellom anna omfatta manglande vilje til sosialisering av økonomien og skepsis til den trans-atlantiske orienteringa i utanrikspolitikken.

²⁷⁰ Desai (1994) s. 100-102. Desai forklarar «bevanismens» manglande gjennomslag med eit for stort fokus på utanrikspolitikk, botna i kaldkrigsmentalitet og anti-amerikanisme. Dette tok energi bort frå eventuell nytenking kring det Desai noko nedlatande kalla «reellt eksisterande sosialisme», i ein implisitt referanse til den gamle definisjonsdebatten i kommunistiske land i Aust-Europa.

²⁷¹ Desai (1994) s. 8.

²⁷² Desai (1994) s. 72.

²⁷³ Sameleis kunne Steven Fieldings revisjonisme-perspektiv på New Labour sjølvsgatt vore teke med her, men han fekk i staden stå som representant for denne historiseringstradisjonen i kapittel 1.

revisjonistisk tradisjon, som gjer han naturleg å nemne i same andedrag som Jones og Marquand.

Diamond skil seg likevel ut på to måtar: For det første er han den av dei vi har omtalt her som har hatt den mest framstående posisjonen i partiapparatet. Han var rådgjevar for Tony Blair medan sistnemnte var statsminister, men har seinare vore tilsett i akademien. Dinest og viktigast i historiografisk forstand, er *New Labour's Old Roots* ein sjeldan blom i litteraturen vår. Diamond er inkludert på grunnlag av to lengre innleiande og avsluttande essay som freistar å historisere New Labour og argumentere for at vurderinga av prosjektet tener på å bli sedd i lys av den revisjonistiske tendensen i partihistoria. Storparten av verket består av historiske tekstar, taler og bokutdrag skrivne av framstående revisjonistar, som kastar lys over korleis den sosialdemokratiske revisjonismen har fått sitt uttrykk sidan 1931, med det føremål å illustrere ein langstrekt kontinuitet frå dei tidlegaste revisjonistane og fram til Labour slik det ser ut i skrivande stund. Kvar tekst er utstyrt med ei kortfatta innleiing som summerer opp synspunkta, omtaler verknadshistorie og argumenterer for kvifor vedkomande kan seiast å høyre til ein revisjonistisk tradisjon. Det ligg utanfor mitt kompetanseområde å vurdere avgrensingane Diamond har gjort i noko særleg djupne, men han går sjølv ved at somme prioriteringar kan oppfattast som overraskande eller kontroversielle, som til dømes inkluderinga av historikaren Bernard Crick, som i følge Diamond ikkje vanlegvis har namn på seg for å vere revisjonist.²⁷⁴ I ein freistnad på å plassere seg i høve til etablerte fagdisiplinar, omtaler Diamond sjølv boka si som ein idehistorisk studie, kor bøker og pamflettar har vore dei viktigaste kjeldene, supplert med intervju med nokre sentrale aktørar.²⁷⁵

Den antologiske innrettinga gjer elles at boka gjerne kan lesast sideløpande med *Paving the Third Way* (2003),²⁷⁶ redigert av David Coates, som trykte opp att innverknadsrike essay frå det venstreorienterte tidsskriftet *Socialist Register*. Den boka tok mål av seg å dokumentere debatten kring Ralph Milibands *Parliamentary Socialism* (1972), som altså blir handsama seinare i dette kapittelet, men i fokuset på kommenterte utgåver som legg vekt på primærtekstane og tolkinga av dei i ein historisk kontekst, liknar prosjekta til Diamond og Coates på kvarandre.

Etter at boka kom ut har Diamond halde fram med å bevege seg i grenselandet mellom politikk og akademien. Då han redigerte ei bok med den talande tittelen *Beyond New Labour* i 2009 var han «visiting fellow in Politics and Political Science» ved universitetet i Oxford, og han har halde fram med å påverke debatten kring både kva New Labour var og kva det eventuelt skal bli.

²⁷⁴ Diamond (2004) s. 183.

²⁷⁵ Diamond (2004) *Preface*, viii

²⁷⁶ Coates (2003, ed.): *Paving the Third Way. A Critique of Parliamentary Socialism*.

I ein slik samanheng blir påkallinga av omgrepet «the unfinished revolution» interessant.²⁷⁷ Det er ein openberr referanse til Labour-strategen og rådgjevaren Phillip Goulds bok med same namn frå 1998 (med den talande undertittelen «How the modernisers saved the Labour Party»), og passer inn som ein del av argumentasjonen for kvifor New Labour no har potensiale til å fullføre ei utvikling tidlegare tidars revisjonistar starta. Om ein tek med i vurderinga at revisjonismen i Diamonds definisjon nettopp er særmerkt ved at den er villig til aldri å betrakte ein politikk eller ein historisk situasjon som eit historisk endepunkt,²⁷⁸ kan retorikken likevel synast paradoksal. Ein kan få inntrykk av at det er «historias sigerherrar» som kjem til orde gjennom argumentasjonen til Diamond, samstundes som han sjølvsgatt må ha lov til å trekkje historiske konklusjonar basert på dei parametrane han har sett opp.

I det innleiande essayet om kvar New Labour plasserer seg i høve til den revisjonistiske tradisjonen, parafaserer Diamond Gareth Stedman-Jones' ord at ideologisk debatt i Labour altfor lenge har dreidd seg om kven som lukkast i å vinne retten til å skjønne måla fortida.²⁷⁹ Det kan oppfattast som ein kritikk frå Diamonds side, men det kan samstundes argumenterast for at han tek del i det same sjølv. Ein kan sjølvsgatt diskutere kor konstruktiv ein spissformulert debatt om fortida er, viss målet er å unngå å snakke forbi kvarandre, men det må likevel konstaterast at historisk minne og medvit er ein naturleg og naudsynt del av det som gjer eit politisk parti vitalt, ideologisk sjølvsgatt og attkjenneleg for veljarane. Det er også ein helt avgjerande del av sjøve historikargjeringa.

Revisjonisme som «haldning»

Det er i denne samanhengen det er naturleg å lese og forstå Diamonds drøfting av sjøve revisjonismeomgrepet. Vi har tidlegare sett at Tudor Jones freista å krinse inn revisjonismen gjennom å peike på nokre ideologiske fellessaker, som eit oppgjær med offentleg eigarskap, forsvar for ein sosial blandingsøkonomi, vektlegging av likskap, og i si tid dessutan keynesiansk motkonjunkturpolitikk som motsvar til ei planmessig organisering av økonomien. Diamond forstår dei felles verdiane til revisjonistane på omtrent same vis, og han strekar dessutan under at det til sjuande og sist er verdiane som må binde revisjonistar saman på tvers av generasjonar. Viktigast for han er det likevel at revisjonistane opnar for eit skilje mellom måla ein ønskjer å nå, og verkemidla

²⁷⁷ Diamond (2004) s. 26.

²⁷⁸ Det er mellom anna dette han hevdar at Crosland og 1950-talsrevisjonistane gjorde, då dei føresette at reguleringane og den økonomiske veksten under Attlee-regjeringane representerte ei permanent temming av kapitalismens usosiale utslag. (Diamond, 2004, s. 16)

²⁷⁹ «Labour has suffered in previous generations because as social historian Gareth Stedman-Jones has suggested, 'Rather than presenting a clear plan for the future, each faction in the party was too often concerned with winning the battle for the right to write the past more vividly than its opponents.» (Diamond 2004, s. 3)

ein nyttar seg av for å nå dei. Såleis blir det ifølgje Diamond mest fruktbart å handsame revisjonismen som «a cast of mind». På litt haltande norsk kan dette kan hende setjast om til ei «haldning», eller meir omfemnande som eit «verdssyn»:

We have to accept the revisionist premise that policies exist to be revised in light of changing circumstances. Revisionism can be better understood as a cast of mind. The revisionist account of one generation is the orthodoxy of the next, requiring a new revisionism to test it against the changes of time, keeping ossification at bay.²⁸⁰

Diamond hevdar at hans freistnad på å kople New Labour til historiske, revisjonistiske idear som likskap og eit parti som ikkje er basert på klassesamfunnet,²⁸¹ gjer hans forståing av revisjonismen til ein nyttigare og meir presis definisjon enn mange andres.²⁸² Definisjonen tek innover seg det utfordrande i å halde fram kontekstlause lakmustestar for å «prove» korleis politikk i ein særskilt historisk periode kan samanliknast med ein annan. Men den opnar for ei rekkje nye innvendingar. Dei færreste vil vere usamde i at det er ein god ting å jamleg stille spørsmål ved vedtekte ideologiske sanningar, men korleis skal ein til dømes halde seg til det at noko som framstår som radikalt og «revisjonistisk» i ein tidsepoke, kan framstå som ei vedtekte sanning i den neste? Vil ein ekte revisjonist då eigentleg vere forplikta til noko anna og meir enn å med eit ope sinn vurdere om synspunktet hennar samsvarer med røyndommen, eller ville det verkeleg revisjonistiske vere å gå inn for endring i seg sjølv? Diamond viser til at den sosialdemokratiske revisjonismen er verdibasert, men at skiljet mellom mål og middel alltid har vore grunnleggjande. Men likevel; finst det ikkje ein risiko for at også verkemiddelbruken kan ha innverknad på korleis ein oppnår politiske resultat som er i tråd med dei erklærte ønska? I så fall kan det kanskje hevdast at Diamond, istaden for å ha levert ein meir presis definisjon, kan ha gjeve ein definisjon som innbyr til ei form for revisjonisme som ikkje verkar klargjerande, men helst avpolitiserande. Gjennom å insistere på verkemiddelbrukens nøytrale karakter, har Diamond då snevra inn rommet for kva som kan betraktast som «politisk». Den knappe tekstmengda i innleiinga og konklusjonen signaliserer i seg sjølv at Diamond ikkje har ambisjonar om å gå i djupne i denne debatten, men konklusjonen om New Labours potensielt revolusjonerande kraft gjer det like fullt tydeleg kor han står.

I tråd med Diamonds revisjonismedefinisjon; kva har han så å seie oss om New Labours plass i partiets historie? Til liks med til dømes Steven Fielding, som vi presenterte nærare i kapittel 1, oppfattar Diamond New Labour som ei naturleg forlenging av det prosjektet tidlegare tidars

²⁸⁰ Diamond (2004) s. 17.

²⁸¹ Diamond (2004) s. 10-14.

²⁸² Diamond (2004) s. 17.

revisjonistar starta. Såleis er New Labour faktisk ikkje «nytt» i det heile.²⁸³ I eit lengre perspektiv trekkjer New Labour på innverknad frå gamle ideologiske straumdrag som etisk sosialisme, og ein grunnleggjande ide om at det britiske klassesamfunnet er noko som kan og må overskridast. Sett i eit slikt kontinuitetsperspektiv, meiner Diamond at New Labour kan bli den endelege slutføringa av det prosjektet Crosland og Gaitskell sjøsette tiår tidlegare.²⁸⁴

I så måte er det verd å merke seg noko Diamond skreiv saman med Roger Liddle i innleiinga til antologien *Beyond New Labour. The future of social democracy in Britain* (2009). Diamond står ved hovudtrekka i sin tidlegare analyse, men saman med medforfattaren sin trekkjer han fram New Labours uvilje mot å definere kva slags prosjekt det ville vere: Skulle det til dømes vere radikalt, og freiste å flytte midten mot venstre, eller heller satse på å avbøte utryggleiken ved globaliseringa? No heitte det såleis, med ein undertone av melankoli, at ein slik uvilje hadde forhindra partiet i å gjennomføre ei naudsynt politisk fornying.²⁸⁵ Om det ikkje direkte svarer på spørsmålet om i kva grad New Labour slutførte ein bestemt versjon av sosialdemokratisk revisjonisme, så tyder det iallfall på at Diamond er lojal mot ideen om kontinuerleg revisjon.

Hovudføremålet med denne delen av kapittelet har vore å undersøkje korleis historieskrivinga blir sjåande ut dersom vi tek utgangspunkt i fløyene. Det har variert i kor stor grad forfattarane har problematisert dette eksplisitt, men den politiske retninga vi her har kalla «sosialdemokratiske revisjonistar», har ofte blitt omtalt som del av Labours «høgreside». Steven Fielding har, som nemnt i samband med hans kritiske merknader til Marquands tese om «det progressive dilemmaet», påtalt ein viss tendens til at sosialdemokratar av hans skule legg seg på ei retorisk line som står fram som ei form for uuttalt konsensus. Ikkje alle eg har omtalt her sokner til denne skulen, og fleire av dei har ikkje nødvendigvis eit normativt siktemål med sine studium. Det er likevel interessant at det «sosialdemokratiske» eller «revisjonistiske» perspektivet i såpass stor grad oppfattar seg som meir eller mindre lausrive frå høgre-venstre-aksen. I tilfellet Patrick Diamond har eg dessutan freista å peike på korleis hans definisjon av revisjonismen som *haldning* kan bidra til å avpolitiserer diskusjonar om korleis Labour kan oppnå sine politiske mål.

Del II: «Venstrekritikk» som tema og perspektiv

²⁸³ Diamond (2004) s. 15. Sjå dessutan Fielding (2003) s. 217.

²⁸⁴ Diamond (2004) s. 246.

²⁸⁵ Diamond/Liddle (2009), *Introduction*, xxv-xxvi.

Når eg vender merksemda frå dei sosialdemokratiske revisjonistane og til det eg her kallar «det venstrekritiske perspektivet», kan det vere verd å ha med seg konklusjonen frå førre delkapittel i bakhovudet. Omgrepa «venstrekritisk» eller «sosialistisk» er sjølv sagt ikkje uproblematisk, men eg har vald å ta utgangspunkt i døme frå forskingslitteraturen som går i kritisk dialog med Ralph Milibands klassikar *Parliamentary Socialism* (1961, rev. 1972).²⁸⁶ Eg meiner ikkje med det å hevde at det ikkje finst ein omfangsrik og interessant litteratur som tek eit anna utgangspunkt, men eg måtte til slutt konkludere med at både tids- og plassomsyn hindra meg i å inkludere ei inngående drøfting av denne litteraturen i oppgåva. Istaden har eg teke utgangspunkt i Fieldings omgrep om den «den sosialistiske skulen» og eit ønskje om å undersøkje grunnlaget for Coates/Panitch' argumentasjon for «det milibandianske perspektivets» stadige relevans.²⁸⁷ Presentasjonen av Milibands perspektiv blir følgt av ei drøfting av Patrick Seyds freistnad på å skrive eit historieverk om og frå venstresida, i *The rise and fall of the Labour left*, før eg til slutt tek for meg Leo Panitch og Colin Leys' *The End of Parliamentary Socialism*, som nyttar Milibands omgrep i ein analyse av den lange skapingshistoria til New Labour. Forfattarane har det sams at dei tematiserer venstresidas eiga historie, og at dei problematiserer venstresidas føresetnader for å påverke partiet til ulike tider.

Det «milibandianske perspektivet»: Labour som konservativt systemparti?

Frå forskarhald herskar det brei semje om at den marxistiske sosiologen og statsvitaren Ralph Miliband har påverka delar av historieskrivinga om Labour på avgjerande vis. Vi har allereie nemnt at Steven Fielding sin freistnad på ei historiografisk grovskisse har utnemnt Miliband til den mest framstående eksponenten for ein såkalla «sosialistisk skule».²⁸⁸ Frå anna hald har samfunnsvitaren Colin Hay vore inne på det same.²⁸⁹ Men det tyder ikkje at semja har vore like brei når det gjeld kva Miliband faktisk har hatt å seie oss om partihistoria, eller kor relevant han er i dag, for den del.

Noko av dette kan, som Coates og Panitch peikar på, skuldast at den opphavlege verknadshistoria til Miliband heller ikkje var eintydig. Hovudverket *Parliamentary Socialism* tok eit oppgjær med Labours oppheng på det Miliband kalla «labourismen»,²⁹⁰ altså ei forplikting til å arbeide for

²⁸⁶ For andre «venstrekritiske» perspektiv på Labours nyare historie, sjå til dømes Heffernan/Marqusee (1992), Wainwright (1987).

²⁸⁷ Artikkelen «The Continuing Relevance of the Milibandian Perspective» finst så langt gt kan forstå i tre ganske like versjonar: Eit «paper» som vart presentert på ein forskarkonferanse om Labour-historiografi i 2001 (Tilgjengeleg frå heimesida til David Coates. URL: <http://www.davidcoates.net/publications/non-fiction/radical-politics/> (Besøkt:04.01.2014), og to lett omarbeidde versjonar til bruk i bøker.

²⁸⁸ Fielding (2003), s. 32-3.

²⁸⁹ Hay (1999, 2003)

²⁹⁰ Coates/Panitch (2001) argumenterer for at Milibands definisjon av «labourismen» i *Parliamentary Socialism* er ganske diffus, og i ei fotnote gjev dei difor att eit lengre Miliband-sitat frå artikkelen «Socialist Advance in Britain» (1983), kor Miliband utdjuvar sitt syn på labourismen. Artikkelen finst på nettsidene til tidsskriftet *The Socialist Register*. URL: <http://socialistregister.com/index.php/srv/article/view/5493/2391#.UtEpB9LuJgg> (Lasta opp

formell anerkjening og representasjon for fagforeiningar som legitime ombod for arbeidarklassen sine interesser. Ifølgje Miliband førte det «labouristiske» perspektivet til at partiet let seg fange i eit korporativt og parlamentarisk system,²⁹¹ og såleis sa frå seg høvet til breiare utanomparlamentarisk organisering. Vidare oppfatta han dette som ei form for endelig prov på at Labour aldri hadde vore, og heller ikkje hadde til å hensikt å vere, eit eigentleg sosialistisk parti. Den ibuande konservatismen som «labourismen» la for dagen, sette opp frivillige stengsel for dette. Slik vart «labourismen» i praktisk ei omfamning av sosial reformisme, meinte Miliband.²⁹²

Ved revideringa av boka elleve år seinare streka Miliband under at føremålet hadde vore å peike på veikskapar i partiets ideologiske fundament som gjorde det dårleg rusta til å ta til orde for sosialistisk samfunnsorganisering. Dette var også grunnlaget for hans noko kyniske seinare syn på tilsynelatande framgangar for venstresida, som valet av Harold Wilson til statsminister, eller av Michael Foot til partileiar. At han seinare forlet Labour og tok til orde for skiping av eit nytt parti som sto friare i høve til den «labouristiske» ideologien,²⁹³ tydde samstundes ikkje at Miliband trudde det britiske folket var godt skodd for å krevje ein sosialistisk politikk. Lojaliteten til det parlamentariske systemet og skrankane som her vart sett opp, hadde ifølgje Miliband avgrensa evna til å førestille seg alternative politiske strategiar.²⁹⁴ Dessutan såg Miliband på det britiske statsapparatet som dårleg eigna til å gjennomføre ein slik politikk.

Eit blikk på drøftingane i denne oppgåva vil gjere det tydeleg at Milibands forståing av «labourismen» har sett spor etter seg i seinare historieskriving, og at spora ikkje berre er å finne hjå «venstrekritikarar». Til liks med til dømes Lewis Minkins omgrepsapparat for analysar av tilhøvet mellom partiet og fagrørsla, har Milibands analyse blitt ein studie ein ikkje kjem utanom som referansepunkt. David Coates har til dømes gjort flittig bruk av rammeverket til Miliband gjennom fleire tiår.²⁹⁵ Coates' kontinuerlege arbeid med å vidareutvikle det milibandianske perspektivet plasserer han likevel i ein viss motstrid med til dømes Fielding og Robert Taylor.²⁹⁶ Coates strekar under at det er for enkelt å oppfatte Milibands syn dit at han hevdar Labour har «svikta sosialismen». Miliband meinte som nemnt at «labourismens» korporative og systemlojale ideologi gjorde at Labour aldri hadde til hensikt å gjennomføre noko slikt. Coates kritiserer difor somme av

04.01.2014)

²⁹¹ Miliband (1972), s. 13.

²⁹² Miliband (1972), s. 376.

²⁹³ Miliband (1976). Artikkelen «Moving On» finst på nettsidene til tidsskriftet *The Socialist Register*. URL: <http://socialistregister.com/index.php/srv/article/view/5397/2296#.UtDRXdLuJgg> (Lasta opp 04.01.2014.)

²⁹⁴ Newman (2003), s. 63-5.

²⁹⁵ Sjå Coates (1975): *The Labour Party and the Struggle for Socialism*

²⁹⁶ Sjå Fielding (2003), R. Taylor (2000, s. 10).

dei som kommenterer Miliband i historisk perspektiv for å redusere synspunkta hans til ein slik tese om «svik».²⁹⁷

Å skrive venstresidas historie: Patrick Seyd

Patrick Seyd²⁹⁸ kan på si side stå som ein illustrasjon på korleis ein kan skrive eit historieverk om ein epoke i Labours nyare historie som på nokre punkt står i motstrid til Miliband, samstundes som ein tek i vare venstresidas utsyn. Eg har tidlegare vist til at Jones lukkast med å gje oss innsikt i dei lange linene i den sosialdemokratiske revisjonismen, fordi han klart avgrensa kva saker og politiske miljø studien dreidde seg om. I *The rise and fall of the Labour left* (1987) går Seyd til oppgåva med ei litt anna tilnærming. Han er meir oppteken av dei organisatoriske og praktisk-politiske føresetnadene, og legg mindre vekt på ein idehistorisk vinkel. Han nikkar til Miliband i innleiingskapittelet, og slår fast at den perioden boka dekkjer - grovt sagt frå innsetjinga av Harold Wilson som statsminister i 1964 og til Kinnocks andre valnederlag i 1987 – i ein viss mon kan trekkjast fram som motdøme til Miliband.²⁹⁹ Særleg frå og med kring 1970 auka venstresida sin innverknad på både politikk og organisasjon, og i 1983 gjekk partiet til val på eit program som frå fleire hald har vore omtalt som det mest venstreorienterte i partiets historie.³⁰⁰

Likevel går det fram av tittelen at vi har med ei klassisk «vekst og fall»-historie å gjere – det Hayden White nok ville sjangernemnt som ein tragedie.³⁰¹ Det framstår som eit mogleg paradoks at ein i bakgrunnen for venstresidas suksesshistorier frå 1964 til 1983 kan sjå konturane av ei samtidig avmakt. Seyd peikar på korleis venstresida lukkast i å få statsminister Wilson til å leggje vekk fagforeiningslovene i 1969³⁰², noko som danna grunnlag for ein ny venstreallianse med delar av fagrørsla. Prosjektet er likevel symptomatisk for sin defensive karakter. I same leia går det meste av det politiske gjennomslaget. Venstresida lukkast i å dreie den programfesta politikken mange hakk i radikal retning, men stod likevel utan maktmiddel då Wilson på eiga hand avviste å gjennomføre nasjonaliseringsprogrammet partiet vedtok i 1973. Og som vi har omtalt i kapittel 2, var det Seyd trekkjer fram som venstrealliansens viktigaste sigrar først og fremst organisatoriske refomer. Og

²⁹⁷ Coates/Panitch (2003), s. 71.

²⁹⁸ Seyd har vore redaktør av det Labour-tilknytta magasinet *New Socialist*, undervist ved University of Sheffield, og har ilag med Paul Whiteley skrive bøkene *Labour's Grass Roots* (1992) og *New Labour's Grass Roots* (2002), som presenterte resultatane av omfattande spørjeundersøkingar av kva Labour-medlemmer faktisk meinte om politikk. *The rise and fall of the Labour left* nyttar noko av den same tilnærminga for å kaste lys over problemstillinga.

²⁹⁹ Seyd (1987) s.17

³⁰⁰ Labour-parlamentsmedleimen Gerald Kaufman, ei kjent kraft på høgrefløya i partiet, vart sågar sitert på at programmet var «historias lengste sjølvmondsbrev». (Pugh, 2010, s. 372.)

³⁰¹ Vi gav ein kort presentasjon av Hayden Whites skjema for sjangerinndeling av historietekstar i kapittel 2. Ifølgje White var tragedien som historiesjanger særmerkt av nett «vekst og fall»-historier. (White, 2003:31).

³⁰² I 1969 føreslo regjeringa å påleggje fagorganisasjonar å halde medlemsavrøysting før dei gjekk til streik. Framlegget møtte sterk motstand i fagrørsla, og vart trekt attende.

heller ikkje her er det semje om i kor stor grad dei kom i stand i opposisjon til leiinga.³⁰³ Det kan hevdast at dette gjennomgåande temaet viser at Milibands strukturelle grep framleis har relevans.

Når Seyd likevel markerer avstand til forståingsramma til Miliband, skuldast det mellom anna ei annleis og meir forsonleg tilnærming til føremålet med reformene på venstresida. Seyd nærmar seg heller seinare forskarar som Jones og Diamond når han legg vekt på at det å høyre til Labours venstreside i denne perioden mest kunne samanliknast med ei *livshaldning*,³⁰⁴ noko som i neste omgang stelte til problem i takt med at venstresida måtte halde seg til at dei i større grad vart ein integrert del av leiinga.³⁰⁵ Det minner om Jones' påminning om at lojaliteten til Labours «foundation myth» heile vegen har vore ei leiestjerne for venstrefløya, og frå motsett kant dessutan om Diamonds innramming av *revisjonisme som haldning*. Seyd strekar under at venstrefløya samla seg kring ei rekkje konkrete saker, - utanrikspolitisk opposisjon, offentleg eigarskap og liknande - men ei sams forståing av føremålet med venstreorientert organisering var også viktig.³⁰⁶

Det står sentralt i Seyds framstilling at det gjennom heile partihistoria har stått strid om kva og kven Labour er til for, og at den organisatoriske strukturen har lagt til rette for dette. Det gjeld interessene til fagrørsla andsynes partiet, og tilhøvet mellom parlamentsgruppa og medlemsmassen, men dessutan i kva grad partiet skulle vere ein reiskap for sosialisme eller ein pragmatisk forvaltar og forbetrar av det eksisterande, kapitalistiske systemet. Stundom har partileiinga slege ned på open fraksjonering, som med tiltaka mot Bevan-opposisjonen i 1950-åra³⁰⁷ og dei militante trotskistane i 1970- og 80-åra, men Seyd forklarar både veksten og fallet til den nye venstrefløya på 1970-talet med at partileiinga no var meir open for intern debatt og organisering.³⁰⁸ Det gjorde at venstresida lukkast i å byggje opp støtte til sine hjertesaker ved å rekruttere breiare enn før, noko Seyd dokumenterer ved å vise til ei spørjeundersøking om haldningane til partiaktivistane i to utvalde lokalparti. Seyd går ved at ein lyt vere varsam med å generalisere for mykje ut frå lokale døme, men strekar samstundes under at støtta til venstresidas kjernesaker såg ut til å overskride til dømes klasse- og utdanningsskilje.³⁰⁹ Med denne undersøkinga og den plassen den fekk i boka bidrog han dessutan til å gje ein plass i historia (og forståinga av denne) til ei gruppe som sjeldan får den same

³⁰³ Sjå drøftinga av Russell (2005) i kapittel 2.

³⁰⁴ Seyd (1987) s. 15

³⁰⁵ Seyd (1987) s. 165. Det at venstresidas leiarkandidat, Michael Foot, vart vald til partileiar i 1980, utløyste ifølgje Seyd ei splitting mellom støttespelarane til Foot og Tony Benn, noko som på sikt undergravde einskapen og difor gjennomslaget til venstresida.

³⁰⁶ Seyd (1987) s. 15

³⁰⁷ Aneurin Bevan var samlingspunkt for ei gruppe venstreopposisjonelle parlamentsmedlemer på 1950-talet. Han vart mellombels frådømt vervet som innpiskar i 1955, og var ein arg rival av partileiar Hugh Gaitskell. Martin Pugh (2010, s. 302-305) hevdar at den ideologiske konfliktlina var langt mindre synleg på grasrotnivået.

³⁰⁸ Seyd (1987) s. 8.

³⁰⁹ Seyd (1987) s. 70.

merksemda som partileinga, parlamentsgruppa eller sentralstyret.

Suksess som ein kime til nederlag

Seyds viktigaste funn i hans freistnad på å skrive venstresidas historie, er at han peikar på dei områda kor ein oppnådde resultat som samstundes skulle bli ein kime til nederlag. Kampen for å få oppretta eit valkollegium til leiarval opna opp for at Tony Benn kunne utfordre Denis Healy frå venstre i nestleiarstriden i 1981, og ein fekk dessutan gjennomslag for at parlamentskandidatar måtte stå formelt til attval («re-selection»), slik at aktivistane kunne halde dei ansvarlege for arbeidet dei hadde gjort. Her finn Seyd likevel den eine av to hovudårsaker til venstresidas avgrensa gjennomslag. Medan dei bygde alliansar internt og var opptekne med opprivande strider om kvar den formelle makta i partiet burde liggje, skusla venstrefløya ifølgje Seyd vekk sjansen til å vidareutvikle eit radikalt program med reellt politisk innhald som kunne utfordre partileinga.³¹⁰

Vidare peikar han på ytterlegare eit paradoks: Venstresidas agenda handla om å gjere politikken meir relevant for folk og lettare å påverke, men fokuset på interne partistrider gjorde at venstresida ikkje var istand til å registrere korleis veljarane sine preferansar endra seg.³¹¹ Dårlege røynsler med samsvar mellom vedtak og den politikken som faktisk vart ført, gjorde at venstresida vart meir oppteken av å syte for organisatoriske sanksjonsmynde for å halde dei tillitsvalde i øyra. Etter at fleire strake valnederlag hadde sett partiet utanfor politisk innverknad i mange år, lukkast det dessutan Neil Kinnock å skipe ein ny allianse mellom revisjonistane og ei gruppe av såkalla moderate venstreorienterte («soft left») medlemmer av sentralstyret.

I *The rise and fall of the Labour left* konkluderte Seyd med at det var mogleg for partiets venstreside å vinne veljarstøtte på ei meir venstreorientert line, så lenge ein vart betre til å byggje alliansar og forklare standpunkta sine til veljarane.³¹² Her gjekk han direkte i strid med Milibands påstand om at «labourismens» jerngrep nødvendigvis ville gjere eit slikt gjennomslag umogleg. I samband med to store studiar av kva Labour-medlemmene meinte om politikk, som han gjennomførte saman med Paul Whiteley nokre år seinare,³¹³ skulle Seyds konklusjon likevel endre seg litt. Han såg der ei klar utvikling i retning av større lojalitet til partileingas «moderniseringsline», og Colin Hay har peika han ut som ein av dei tydelege eksponentane for den såkalla «moderniseringstesen»³¹⁴ si forklaringskraft i nyare Labour-forsking.

³¹⁰ Seyd (1987) s. 102.

³¹¹ Seyd (1987) s. 102-103.

³¹² Seyd (1987) s. 180-181.

³¹³ Seyd/Whiteley (1992, 2002).

³¹⁴ Hay (1999) s. 58. Sjå elles kapittel 1.

Leo Panitch/Colin Leys: Den parlamentariske sosialismens svanesong?

Når Colin Leys og Leo Panitch valde *The End of Parliamentary Socialism* som tittel på ei bok om Labours utvikling frå 1973 og fram til utgangen av New Labours første regjeringsperiode i 2001, var det naturlegvis ein referanse til Ralp Milibands *Parliamentary Socialism*. Forfattarane gjer denne koplinga eksplisitt i føreordet, og dediserer boka til Milibands minne. Sidan vi alt har argumentert for Milibands rolle som ein sentral premissleverandør for ein type historieskriving som kombinerer venstresida som forskingsobjekt og tema med forfattarens venstreorienterte politiske syn, er det neppe trong for å gjenta mykje av det her. Men koplinga er likevel instruktiv for kva slags bok dette er, og tonen er symptomatisk for kva rolle Panitch/Leys ønskte at den skulle spele i debatten som vonleg ville følgje. I tråd med Milibands tese om at ein av dei grunnleggjande veikskapane til Labour som organisasjon var lojaliteten til det parlamentariske arbeidet og statsapparatet framfor mobiliseringa av eit utanomparlamentarisk press for meir djuptgåande samfunnsendringar, inntek Panitch og Leys eit perspektiv som set søkjelys på dei interne prosessane for å forstå kvifor dei store endringane ikkje materialiserte seg. Konklusjonen er då også klar nok, og eit tydeleg svar på og framhald av tesen Miliband i si tid fremja: «What has come to an end in the UK, we may suggest, is not socialism, but a particular kind of parliamentary socialism, and the idea that a party dedicated to it can be changed into a party of a different kind.»³¹⁵

Men om sosialismen ikkje er død, så er New Labour, ifølgje Panitch/Leys, altså prøvet på at den ikkje nødvendigvis utelukkande kan oppnåast innanfor Labour, sjølv om progressive element i partiet framleis fortener støtte. Dei avviser at ein lyt velje mellom parlamentarisk og utanomparlamentarisk organisering.³¹⁶ Også her tangerer dei som nemnt Miliband, som sjølv konkluderte med at Labour ikkje var eit eigna verkty for sosialismen.

Panitch og Leys trekkjer fram tre særdrag ved si forståing av den parlamentariske sosialismen: Motsetnadene står mellom ulike leiarskapselitar; parlamentsgruppas lojalitet går først og fremst oppover, til leiarskapen; og veljarane blir handsama som «veljarar», ikkje som aktive deltakarar i eit demokrati med fleire nivå.

³¹⁵ Panitch/Leys (2001), s. 263.

³¹⁶ Panitch/Leys (2001) s. 268: «The story recounted in this book suggests that the route to socialism does not [go] through transforming the Labour Party. This does not mean that progressive elements in it should not be supported, but supporting them should not be confused with the main task. New organisational forms must be developed, and a new conception of parliamentarism and its relation to extra-parliamentary policy needs to be worked out. It is not a question of parliamentarism versus extra-parliamentary struggle, but of what kind of parliamentary practices, complemented by what kind of extra-parliamentary practices, are capable of moving us forward.»

Å rehabilitere sosialismen

I føreordet set forfattarane seg ein ambisjon om å skrive ei bok om sosialismens moderne historie i Labour, og om korleis den spirande «New Left»-tendensen frå seint 1960-tal etter kvart vart avløyst av det som i dag er kjent som New Labour. Som ein del av denne ambisjonen går dei dessutan ved at boka kan lesast som ein freistnad på å rehabilitere sosialismen, både som eit oppnåeleg program og eit perspektiv på Labours historie, mellom anna fordi historia om «New Left» etter deira meining har blitt utsett for medviten fordreining og ignorering.³¹⁷ Det er såleis ikkje til å unngå at boka blir lesen som eit politisk innlegg i debatten om kva britisk sosialisme er og kan vere, men forfattarane held seg, så langt eg kan vurdere, oppe og reieleg til kjeldene. Det er sjølv sagt heller ikkje slik at berre forskarar som aktivt uttaler kva perspektiv dei skriv ut ifrå, eller kva dei ønskjer å oppnå, driv med politisk historieskriving. Skilnaden er kanskje snarare at Panitch og Leys, ved å vere så opne om dette, er lettare å vurdere kritisk på det grunnlaget. Om ein gjer det politiske eksplisitt eller implisitt får sjølv sagt også konsekvensar for kva spørsmål og problemstillingar som blir tekne opp.

Forfattarane held seg aktivt til omgrepet «the New Left», slik det etter kvart har kome i bruk, først om Aneurin Bevan's utanrikspolitiske venstreopposisjon i 1950-åra («Bevanite New Left»), og seinare om krinsen kring særleg Tony Benn på 1970- og 80-talet, som altså var oppteken av å halde partiet demokratisk ansvarleg overfor veljarane, og dinest meisle ut ein strategi for ein meir demokratisk stat. I det heile kan det verke som om det er ein sjølvstendig ambisjon å rehabilitere ryktet til Benn,³¹⁸ som såg si eiga stjerne slokne betydeleg etter at han stilte til leiarval som protestkandidat mot Neil Kinnock i 1987 og tapte klart. Panitch og Leys takkar Benn og fleire andre framståande venstrefløyprofilar i føreordet, noko som gjev ein peikepinn både om den politiske orienteringa til forfattarane, og kva munnlege kjelder dei i særleg grad har gjort seg avhengige av.

Vektlegginga av Tony Benn som samlingspunktet for «New Left» er elles interessant på fleire måtar. Fleire kronikørar av denne perioden i Labour-historia, anten dei har fokusert på og/eller representert eit «sosialdemokratisk-revisjonistisk» blikk, som David Marquand eller Radhika Desai, eller om dei har hatt eit særleg fokus på venstresida, som Patrick Seyd, har gjort det til eit uttalt poeng at venstrefløyas avgrensa suksess når det kom til reellt politisk gjennomslag i nokon grad kan forklarast med den persondyrkinga kring Benn som venstresida bar preg av.³¹⁹ Eg skriv ikkje dette for å påstå at Panitch og Leys nødvendigvis bidreg til det same her, men det har altså vore trekt

³¹⁷ Panitch/Leys (2001) s. 1-2.

³¹⁸ Panitch/Leys (2001) s. 39: «It is a mistake to put too much emphasis on the role of any individual, but it is also a mistake to deny it when an individual is exceptional – and not least when that individual has been so systematically misrepresented [as Tony Benn].»

³¹⁹ Sjø Seyd (1987)

fram at Benn i så måte kan seiast både å ha vore venstresidas største styrke og mest avgjerande veikskap: Han var som karismatisk politikar viktig og truleg ei heilt naudsynt kraft for å trekkje merksemd til at det fanst ein oppegåande venstreopposisjon internt i partiet. Spørsmålet for Panitch og Leys er om ikkje Benn med sin dominerande posisjon for det første kan ha bidrege til å sinke rekrutteringa av kampfeller og etterfølgjarar, og dessutan til at *sakene* i nokon grad kan ha blitt litt borte i personfokuset.³²⁰

Bruken av Benn som omdreiingspunkt gjer elles at framstillinga blir driven av hans overtyding om samanhengen mellom internt partidemokrati og trongen for større folkevald styring med økonomien og statsapparatet. Sjølv om det på sitt vis bidrog til ei demokratisering og til eit generelt sterkare sjølvmedvit på venstresida i partiet, er det eit sentralt underpoeng for Panitch og Leys at vendinga i retning organisatoriske spørsmål i ettertid også kan vere med på å forklare kvifor den praktiske påverknadskrafta til venstresida ikkje vart større. Om det var aldri så forståeleg at ein ønskte å halde partileiinga til ansvar for den politikken som vart ført, bidrog konsentrasjonen om intern organisering samstundes til at mykje energi vart overført frå utmeisling av eit konkret, alternativt politisk program, og til spørsmål som heller handla om kvar makta i partiet skulle liggje.³²¹ Forfattarane er ikkje blinde for at desse to tinga heng saman i nokon grad, men om målet var å forme folkemeininga til støtte for eit anna politisk program, var det utan tvil ei utfordring å få veljarar og vanlege medlemmer til å fatte interesse for samanhengen, hevdar dei.

Tilhøvet mellom fagforeiningane og venstrefløya er ei anna gjennomgåande spenning i heile framstillinga. På den eine sida representerer fagforeiningane, med si organisasjonsform og posisjon ein stad mellom arbeidarrørsla og sivilsamfunnet, eit døme på nett den utanomparlamentariske samfunnsmakta dei meiner Labour må tappe energi frå for å skape folkeleg oppbakking. På den andre sida har Panitch og Leys ved fleire høve tilskrive dei same fagforeiningsmiljøa ei sentral historisk rolle i å avgrense kva politiske og organisatoriske endringar som er oppnåelege for venstresida. Til liks med andre ser dei ei maktforskyving til venstre i fagrørsla i kjølvatnet av Harold Wilsons omstridde, føreslegne fagforeiningsreformer i 1969, men likevel finn dei ei uvilje frå fagforeiningshald til å ta direkte stilling til stridsspørsmål internt i partiet.³²² Dette materialiserer seg i politiske spørsmål, kor forfattarane peikar på skorten på oppbakking frå dei meir

³²⁰ Panitch/Leys (2001) s. 13.

³²¹ Panitch/Leys (2001) s. 13.

³²² Panitch/Leys (2001) s. 25: «The union leadership did not see themselves as rivals to the political leadership even when they had sharp strategic as well as political disagreements with the leadership of the [Parliamentary Labour Party]. And although many unions came to support constitutional reforms, even left-wing unions leaders still respected the autonomy of the political leadership, and saw the way forward in terms of 'elite accomodation' between the industrial and the political leadership.»

venstreorienterte fagforeiningane til Bennis «alternative økonomiske strategi» (AES) som industriminister i 1973.³²³ Det same gjeld også for organisatoriske reformer, kor fagforeiningane sin ibuande konservatisme og tiltru til korporative løysingar blir trekt fram som ein av grunnane til at dei organisatoriske reformene tok så lang tid å realisere.³²⁴ Fagforeiningane var ikkje særleg lydhøyre overfor argument frå venstresida om at organisatoriske reformer kunne og burde nyttast til å sikre gjennomslag for vedteken politikk, mellom anna grunna det gjensidige armslengdprinsippet.³²⁵

Panitch og Leys må såleis oppfattast i hovudsak å vere på line med Lewis Minkin når det gjeld forståinga av at fagrørsla ønskte å halde seg frå direkte innblanding, men dei strekar like fullt under at ikkje-innblanding også må sjåast på som eit medvite val, all den tid fagforeiningane si formelle makt var så stor at større involvering kunne ha vippa utviklinga i ei anna retning. Både i samband med opprøret mot Wilson-regjeringas fagforeiningslover og etter samanbrotet av «den sosiale kontrakten» og opptakta til «the winter of discontent» (1978-79), skjedde det ei radikalisering i fagrørsla. Når det likevel ikkje resulterte i slagkraftige alliansar, kan det ifølgje Panitch og Leys forklarast med at fagrørsla ved begge høve konkluderte med at omsynet til ro i partiet gjorde kostnaden ved open konflikt for høg.³²⁶ Sagt på ein annan måte, og i tråd med etoset i Milibands parlamentariske sosialisme; fagrørsla slo seg til ro med at dens rolle innanfor den korporative staten var å agere hovudsakleg som ein fagleg samanslutnad.

Det drivande for Panitch/Leys' grunnleggjande tese om at New Labour-prosjektet inneber dødsstøyten for ideen om den parlamentariske sosialismen, er fokuset på politisk og organisatorisk sentralisering. Døma frå Harold Wilsons tid er nemnde, men det går som ein raud tråd gjennom heile forteljinga. Til liks med mange andre ser også Panitch og Leys ei kraftig innskrenking av det politiske handlingsrommet når Neil Kinnock set i verk partiets såkalla «Policy Review» i 1987. Shaw har omtalt dette som den andre fasen av Kinnocks leiarskap,³²⁷ og prosessen vart sett igang som ein reaksjon på at den store veljarframgangen uteblei ved valet i 1987, trass i at partiet allereie hadde arbeidd målretta for å leggje om politikken i ei retning som ikkje skremte vekk så mange veljarar. Det som byrja som ein allianse mellom «høgrefløya» og moderat venstreorienterte medlemmer, utvikla seg snart til ein avgjerdsstruktur kor meir makt vart flytta over frå sentralstyret

³²³ Panitch/Leys (2001), s. 100, 122.

³²⁴ Panitch/Leys (2001) s. 173-9.

³²⁵ Panitch/Leys (2001) s. 143.

³²⁶ Panitch/Leys (2001) s. 89-90.

³²⁷ Shaw (1993, 1996)

og landsmøtet til arbeids- og programgrupper.³²⁸

Erfaringane med New Labour

I etterordet til andreutgåva, skrive ilag med David Coates, skjerpar Panitch og Leys tonen andsynes New Labour, og evaluerer resultatane frå den første regjeringssperioden. Dette kjem som ei forlenging av analysen og nokre meir normative merknader om partiets moglege framtidige kurs. Mellom dei meir overraskande punkta er kan hende at dei slår fast at partiet ikkje kan overleve utan eit framhald av alliansen med fagforeiningane.³²⁹ Ikkje berre er dei viktige som finansieringskjelder; dei er også viktige kjelder til innsikt i korleis vanlege folk ser på utfordringane i det britiske samfunnet.

Paradokset handlar i så fall om at Miliband (med grunnlag i kritikken av «labourismen») jo peika ut nett fagforeiningane som ei vesentleg hindring for dei endringane han ønskte seg, og Panitch og Leys si eiga framstilling har sjølv tydeleggjort at fagforeiningane ikkje alltid har vore ein tydeleg alliert. Når stoda ifølgje forfattarane no har endra seg, skuldast det mellom anna at partileiinga har teke sentraliseringa så langt at nye alliansar tvingar seg fram. Ein kan altså tolke forfattarane dit at den parlamentariske sosialismens sluttspunkt i denne konteksten faktisk krev ei *styrking* av banda mellom partiet og fagrørsla.

Viss vi skal samanlikne Panitch og Leys med Seyd, er likskapane i tilnærming fleire enn skilnadene. Begge har freista å skrive ikkje berre historia *om* venstresida, men også i nokon grad historia *frå* venstresida; Seyd med sin bakgrunn som aktivist, og Panitch/Leys med deira vilje til å drive «rehabilitering» av venstresida og korrigerer av det dei oppfatar som medvitne mistolkingar av den nyare historia. Panitch og Leys legg seg nærare rammeverket til Miliband enn det Seyd gjer, men har like fullt fått kritikk for at erklæringa av den parlamentariske sosialismens død berre blir utsett for ei summarisk handsaming.³³⁰ Kritikken verkar rimeleg i den forstand at dei to forfattarane nyttar langt meir plass på ein detaljert dokumentasjon av prosessane som leidde til «New Lefts» vekst og fall enn på å forklare samanhengen mellom New Labour og den parlamentariske sosialismens svanesong. I den forstand representerer boka til Panitch og Leys, på same vis som Seyd, først og fremst eit kronologisk oppbygd, tradisjonelt historieverk som freistar å rekonstruere eit forløp ved å leggje fram empiri, men det er eit verk som ikkje legg skjul på prioriteringane som

³²⁸ For meir om dette, sjå drøftinga av Quinn (2004) i kapittel 2.

³²⁹ Panitch/Leys (2001) s. 265.

³³⁰ Gary Teeple melde førsteutgåva av *The End of Parliamentary Socialism* i *The Canadian Journal of Sociology* (vol. 25:1, winter 2000), og formulerte denne kritikken slik: «(...) [W]hile there is a detailed, critical examination of the way the Labour Party conducted itself over the years, there is no clear conceptual analysis of what parliamentary socialism in theory was/is or how it can be said to have failed in practice.» URL: <http://www.jstor.org/pva.uib.no/stable/pdfplus/10.2307/3341920.pdf?acceptTC=true> (Lasta opp 04.01.2014) Ettersom andreutgåva hovudsakleg er den same som førsteutgåva, unntatt epilogen, meiner eg innvendinga framleis er relevant.

ligg til grunn, eller hensikten med dei.

Oppsummering

I dette kapitlet har eg freista å byggje vidare på funna frå dei to føregåande kapitla. I forlenginga av diskusjonen i kapittel 1 om kva slags parti Labour oppfattast å vere, har eg trekt opp ein lengre historisk horisont, gjennom å sjå på to distinkte innfallsvinklar til Labours historie. Med utgangspunkt i litteraturen om den såkalla «sosialdemokratiske revisjonismen» har eg, med døme frå Tudor Jones, David Marquand, Radhika Desai og Patrick Diamond drøfta styrkar og veikskapar ved revisjonistomgrepet. Medvit om historisk utvikling over tid kan gje opning for viktige nyanseringar, men fritek oss likevel ikkje for å reflektere over i kva grad, og på kva måte, det er oppnåeleg å trekkje historiske liner over lengre historiske tidsperiodar. Eg har drøfta kva følgjer det får for historia om den sosialdemokratiske revisjonismen om vi legg til grunn ein revisjonismedefinisjon som held seg til konkrete saker (Jones), samanlikna med ein som botnar i idear og verdiar som kan brukast til å ta stilling til dei sakene som er på dagsorden til ei kvar tid (Diamond).

Delkapitlet om den sosialdemokratiske revisjonismen tok dessutan opp tilhøvet mellom sosialdemokratiet og det liberale, slik dette har vore presentert av Marquand og Desai. Her vart omgrepet om «labourismen» sentralt for å forklare kvifor det har vist seg så vanskeleg å realisere eit nærare samarbeid mellom Labour og det liberale partiet. «Labourismens» sterke fokus på Labour som eit parlamentarisk basert parti for representasjon av arbeidarklassens interesser sameinte dessutan Marquand og Desai med den meir venstreorienterte kritikaren Ralph Miliband i ein kritikk av «labourismen» som ei grunnleggjande konservativ kraft, som korkje bidrog til samforstand mellom Labour og dei liberale, eller til å skape grobotn for ein folkeleg sosialisme.

Deretter freista vi å illustrere Milibands kontinuerlege innverknad som representant for det Fielding har kalla «den sosialistiske skulen» i Labour-forskinga, gjennom å syne korleis perspektivet hans har verka inn på tonegjevande verk frå forskarar som Patrick Seyd, Colin Leys og Leo Panitch. Patrick Seyds verk om venstresidas historie i perioden 1973-1987 kan i nokon grad kunne stå som motdøme til Milibands opphavlege skepsis til Labour som eit høveleg verktøy for politisk endring, samstundes som han gjekk ved at venstresida utøvde størst makt i interne organisatoriske spørsmål.

Panitch og Leys heldt seg på si side til si eiga forståing av Milibands omgrep «parlamentarisk sosialisme», og nådde halvanna tiår etter Seyd ein meir pessimistisk konklusjon. Sentralisering av

makt i partiet og politisk tilpassing til thatcherismen indikerte for dei at New Labour hadde vist seg som ein dårleg eigna reiskap for å oppnå gjennomslag for sosialismen.

Vi har sett at historieskriving om og frå fløyene kan gje verdifull innsikt i maktfordelinga i partiet og politisk utvikling over tid, men det fordrar at forfattarane har trekt klart opp korleis dei gjer avgrensingane. Tudor Jones' revisjonismeomgrep forankra revisjonismen i nokre konkrete ideologiske spørsmål som let seg følgje over tid, medan Patrick Diamonds definisjon av revisjonismen som ei «haldning» var vanskelegare å få grep om. På same vis som Patrick Seyd, botna Leo Panitch og Colin Leys sitt historieverk om venstresida i Labour i nokre saker som sameinte meiningsfeller, noko som gjorde det enklare å peike på skilnader og likskapar i deira respektive framstillingar.

Konklusjon

Kva lærdommar kan vi så trekkje av drøftingane på dei føregåande sidene? Viktigast er kanskje medvitet om at historieskriving er ein kontinuerleg prosess, kor fortida stadig blir utsett for nye tolkingar, og kor ny innsikt blir akkumulert fortløpande. Det gjeld å vere audmjuk i møte med materialet.

Funna i denne oppgåva kan bidra til å kaste lys over kva historiografi er for ei *handling*, i tydinga at den strekar under nokre moglegheiter og utfordringar som kjem særskilt til syne når forskingsobjektet er historia til eit politisk parti. Kven som fortel, kva som blir fortalt og korleis, er alle faktorar som verkar inn på historieforståinga. Det same gjeld kva faglege og metodologiske tilnæringsmåtar som blir nytta, og kva som blir definert som viktig nok til å forske på. Eg vil nytte denne konklusjonen til mellom anna å drøfte desse historiefaglege utfordringane nærmare. Samstundes har arbeidet avdekt nokre meir konkrete innsikter om dei forskingsområda eg har handsama på desse sidene; om historiseringa av New Labour, debatten kring «den tredje vegen», kva som har lege bak organisatoriske og politiske reformer, og historieskriving frå og om partiets respektive fløyer. Eg vil ta opp både desse aspekta, men fordi eg meiner at dei på sett og vis supplerer kvarandre, ser eg liten grunn til å gjere noko systematisk skilje mellom dei.

Å drive historieskriving om ei politisk rørsle er, anten ein vil eller ikkje, mest alltid ei politisk handling. Politiske rørsler hentar legitimitet og autoritet frå si eiga historie, og då blir oppfatninga av historia også viktig for korleis dei blir oppfatta i samtida. Tony Blair, Gordon Brown og andre sentrale strategar bak prosjektet «New Labour» forstod dette. Vi har sett at Blair og Brown var opptekne av å streke under kor «nytt» Labour var, samstundes som dei skreiv seg inn i ein lengre historisk kontekst, når det var opportunt. Forskarane på New Labour har, meir eller mindre medvite og meir eller mindre av eigen vilje, bidrege til å stadfeste denne historiseringa. Anten dei har konkludert med at New Labour er eit framhald av thatcherismen (Colin Hay), eit framhald av partiets eigen sosialdemokratisk-revisjonistiske tradisjon (Steven Fielding, Patrick Diamond) eller ein mellomting mellom desse to syna (Stephen Driver/Luke Martell), bidreg den akademiske interessa for kva New Labour «er» til å stadfeste forteljinga om at det i det minste representerer noko anna («nytt») enn det som kom føre. I denne tydinga er verka vi har drøfta her ikkje berre viktige tilskot til Labour-forskinga, men også med på å påverke korleis samtidas Labour-politikarar held seg til partiets historie. Den akademiske interessa verka på eit vis både som ei stadfesting og ei styrking av New Labour-leiinga sine eigne påstandar om at prosjektet representerte noko som ikkje var sett før.

Vi har sett at det varierer i kor stor grad forskarane gjer medvitet om denne politiske rolla eksplisitt, og kor komfortable dei er med den. Leo Panitch og Colin Leys trekte liner mellom 1970-talets «New Left» og New Labour, iallfall delvis for å «rehabiliterer sosialismen» frå det dei meinte var historiske fordreiingar, og Anthony Giddens var med på å gje Tony Blairs omfamning av omgrepet «den tredje vegen» intellektuell tyngd gjennom sin pamflett med same namn. Dette er bidrag til historiseringa av New Labour som har eit litt anna siktemål enn andre, meir «tradisjonelle» freistnader på historisering. Giddens la til grunn ei særskilt forståing av sosialdemokratiets historie, men sjølve historiseringa var mest innretta på å argumentere for at sosialdemokratar laut tilpasse seg nye ideologiske og materielle føresetnader. Tekstane hans fekk stor innverknad i fleire land, men dei gjekk ikkje grundig inn i dei nasjonale kontekstane for korleis sosialdemokratiet hadde utvikla seg fram til Giddens trekte sine konklusjonar mot slutten av det tjuande hundreåret.

Dette illustrerer også eit anna gjennomgåande poeng på dei føregåande sidene. Det er ikkje alltid heilt lett å vite kvar politikken sluttar og historieskrivinga byrjar, eller motsett. Særs mange av forskarane eg har teke for meg i denne oppgåva har politisk bakgrunn i ei eller anna form, anten som aktivistar, rådgjevarar, eller liknande. Eg har argumentert for at dette i utgangspunktet må sjåast på som ein potensiell føremon, ettersom det kan gje tilgong til kjelder som elles kanskje ville vore utilgjengelege for utanforståande. Å ha praktisk røynsle med korleis politiske organisasjonar fungerer bør heller ikkje reknast som ei forskingsmessig ulempe. Men i så tilfelle er det viktig å vere open og medviten om bindingane. Igjen viser bakgrunnen til faglege autoritetar som Meg Russell, Patrick Seyd, David Marquand, Lewis Minkin og Leo Panitch/Colin Leys at det å forske på politiske rørsler nærast per definisjon inneber å gå inn i ein løpande diskusjon ikkje berre om historia, men om den samtidige røyndommen.

Det same gjeld kva tema ein vel å ta opp. Viss det blir forska på Labour sine organisatoriske struktur (Russell, Quinn), eller på korleis New Labour held seg til arven frå thatcherismen (Hay, Driver/Martell), har det ikkje berre konsekvensar for historiografien på desse områda. Dersom forskinga bryt ny mark og elles er interessant, kan den også verke inn på den politiske samtalen om desse tema. Oppgåva har mellom anna vist at det på fleire felt går føre seg ein diskusjon om det er mest gjevande å vurdere New Labours framvekst i lys av thatcherismen, eller i lys av partiets eiga historie. Desse spørsmåla er på si side knytt nært saman med spørsmålet om «tilskjeringar» i stoffet. Det handlar om kva tema og forklaringar som blir vurdert å vere vektige nok til å forskast på, men også om det som til ei kvar tid forsvinn frå historia, eller den retoriske betoninga som gjev nokre omgrep eller forklaringar større autoritet enn andre. I kapittel 2 viste eg til dømes til skilnaden

mellom eit «parti-fagrørsle-perspektiv» (Russell, Quinn) på den eine sida, og eit «fagrørsle-parti-perspektiv» (A.J. Taylor, R. Taylor) på den andre. Kva historie som kom til syne endra seg ganske tydeleg etter om utgangspunktet var Labours organisatoriske strukturar, eller Labours medverknad i den nasjonale fagforeiningssamanslutnaden Trades Union Congress.

Her kjem også dei ulike fagtradisjonane inn. Labour-forskinga trekkjer på ei rekkje ulike fagfelt, frå sosiologi og statsvitskap til historie og politisk økonomi. Dei siste tiåra har gjeve nokre av desse faga tydelegare eigenart, samstundes som det illustrerer at glasklare skilje ikkje har vore regelen tidlegare. Ralph Miliband var til dømes utdanna sosiolog, men tilnærminga hans var sterkt historiefagleg inspirert. På same vis har Minkin etter eige utsegn bevega seg fritt mellom ei rekkje ulike fagfelt, sjølv om hans faglege utgangspunkt var sosiologien. Fielding, Ludlam og Callahan (2003) har også uttrykt ønskje om meir samarbeid på tvers av fagdisiplinar,¹ og eg trur at min freistnad på å trekkje trådar mellom ulike tema i Labour-forskinga kan bidra til å klargjere korleis og i kva grad dette skjer.

Alle tre kapitla problematiserer på ulikt vis endringsprosessar i politiske parti, anten det gjeld politiske og organisatoriske endringar, eller ideologisk utvikling. Drøftinga av den «sosialdemokratiske revisjonismen» slik den blir handsama av Steven Fielding og Tudor Jones har til dømes illustrert kor viktig det er å ha noko konkret å samanlikne med og mellom, dersom ein skal gjere samanlikningar eller følgje ei politisk utvikling over mange år. Fielding kritiserer andre forskarar for å gjere samanlikningar av politiske standpunkt til ulike tider, utan å ta omsyn til kontekst og ulike roller, til dømes skilnaden mellom å ha regjeringsmakt samanlikna med det å vere i opposisjon. Jones botna på si side sitt «revisjonisme»-omgrep i ei rekkje konkrete saker, noko som gjorde det lettare å følgje både korleis sakene utvikla seg, og korleis kva det ville seie å vere «sosialdemokratisk revisjonist» endra seg over tid. Eg kontrasterte dette med Diamonds formulering «revisjonisme som haldning», og åtvare mot at ei manglande forankring i konkrete saker risikerer å gjere omgrepet analytisk uskarpt, og såleis ende opp med å tilrå revisjon nærast for revisjonens eiga skuld.

På liknande vis er Russell oppteken av at organisatoriske endringar kjem istand gjennom «forhandlingar» mellom ulike fraksjonar, medan Quinn legg vekt på interessemotsetnader, økonomiske insentiv og «rasjonell aktør»-teori. Sjølv der dei er samde om kva hendingar som var viktigast, så inneber desse forskjellige forklaringsmodellane ei ulik vektlegging. Quinns historie blir ei forteljing om medviten sentralisering og maktkonsentrasjon, medan Russells fokus på skiftande alliansar og avvisning av ein overordna «meisterplan» gjev eit mindre eintydig plott. Viss vi ser på

det vi har kalla det «venstrekritiske» perspektivet, har det på same vis vore viktig at forskarar som Seyd, Panitch og Leys opererer med nokonlunde klare definisjonar av kva som har sameint Labours «venstreside». Det har gjort det mogleg å peike på kvar framstillingane deira er samanfallande, kvar dei skil seg frå kvarandre, og kva dette kan seie oss om historiseringa av denne tendensen i Labour-forskinga.

Eit siste hovudfunn dreier seg om korleis forskarane eg har vald ut held seg til «klassikarar» innanfor sine respektive forskingsområde. Dette er interessant ikkje berre fordi deira kontinuerlege dialog med etablerte verk kan seie oss noko om kanondanninga på feltet, men også fordi dei kan bidra med nye tolkingar av desse verka og deira notidige relevans. Vi såg til dømes at Milibands «labourisme»-omgrep er ein referanse som framleis er i bruk, både hjå til dømes Radhika Desai og David Marquand for å forklare revisjonismen og Labours tilhøve til liberale verdiar og -parti, og i den «venstrekritiske» historieskrivinga til Panitch/Leys. Miliband tok opp omgrepet første gong i sin mykje refererte *Parliamentary Socialism* (1961, rev. 1972), og med skisseringa av ulike retningar innanfor Labour-forskinga var Steven Fielding med på å stadfeste Miliband som ein autoritet, gjennom å gjere han til den fremste representanten for det han kalla ein «sosialistisk skule».

Den same langsiktige innverknaden gjeld for Anthony Croslands *The Future of Socialism* (1956). Boka var tenkt meir som eit partsinnlegg i Labours løpande ideologidebatt, men over tiår har den blitt ståande som ein naturleg inngangsport til korleis dei som seinare vart omtalt som sosialdemokratiske revisjonistar tenkte om ei rekkje spørsmål. Crosland er framleis med på å leggje premissane for korleis den sosialdemokratiske revisjonismen blir forstått. I kapittelet om partidemokrati og organisatoriske reformer kjem det på si side tydeleg fram at Minkins *The Contentious Alliance* (1992) er eit autoritativt verk som seinare forskarar har måtta halde seg til, anten dei er gjennomgåande kritiske, som Thomas Quinn, eller finn mykje å vere samde i, som Meg Russell og Eric Shaw. Kanondanninga kjem til uttrykk i kva verk som blir diskutert og viste til.

Slik eg avgrensa kjeldetilfanget mitt, med hovudfokus på akademiske bokverk, meiner eg at denne oppgåva har bidrege med noko nytt til Labour-historiografien. Kvar for seg har forskinga på sosialdemokratiske revisjonistar, venstresida, organisatoriske reformer og skapinga og forankringa av New Labour vore utsett for omfattande forskning, inkludert historiografiske oversyn. At alle desse forskingsfeltene innanfor Labour-forskinga her blir handsama side ved side, har likevel gjeve meg ein sjanse til å sjå nye strukturar i dei forskjellige historieforteljningane som blir skapte, og korleis dei stundom overlappar kvarandre, stundom skil seg åt, og kva grunnane til dette kan vere. I ei tid kor

Labour framleis arbeider med å finne eit nytt samlande prosjekt som kan overskride New Labour og appellere til veljarar i parlamentsvalet i 2015, er kjennskap til kva New Labour var, og kven og kva som påverkar den historiske forteljinga, viktigare enn på lenge. Då blir også kunnskap om historiografien - korleis denne forteljinga blir skapt, og kva effekt den får for historia som blir fortalt – ei viktig oppgåve for forskinga.

Målet med denne oppgåva har aldri vore å gje noko eintydig svar på kva New Labour er, var eller skal bli, men å drøfte korleis forskinga har freista å svare på desse spørsmåla. Det handlar om å forstå Labour og britisk politikk betre, men vel så mykje handlar det om å forstå historieskriving.

Vonleg har lesaren lært noko i lag med meg.

Litteratur:

- Blair, T. [1996] *The third way*. I: Heffernan, R. & Chadwick, A. (eds.) (2003): *The New Labour Reader*. Cambridge: Polity Press
- Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) (2003a) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History*. Manchester: Manchester University Press
- Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S (2003b) "Introduction" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester: Manchester University Press
- Callinicos, A. (2001) *Against the Third Way*. Cambridge: Polity Press
- Cammack, P. (2004) "Giddens's way with words" I: Hale, S., Leggett, W. & Martell, L. (eds.), *The third way and beyond. Criticisms, futures, alternatives*. Manchester: Manchester University Press
- Coates, D. (1975) *The Labour Party and the Struggle for Socialism*. London: Cambridge University Press
- Coates, D. (ed.) (2003) *Paving the Third Way. The Critique of Parliamentary Socialism*. London: The Merlin Press
- Coates, D. (2005) *Prolonged labour: the slow birth of New Labour Britain*. Basingstoke: Palgrave Macmillan
- Coates, D. & Panitch, L. (2003) "The continuing relevance of the Milibandian perspective" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester: Manchester University Press
- Coates, D. & Panitch, L. (2001) "The continuing relevance of the Milibandian perspective" Research paper. Tilgjengelig frå URL <http://www.davidcoates.net/publications/non-fiction/radical-politics> (Lasta opp 04.01.2014)
- Cronin, J. E. (2004) *New Labour's Pasts. The Labour Party and its Discontents*. Harlow: Pearson
- Crosland, A. [1956] (2006) *The Future of Socialism* London: Constable
- Davies, A. J. (1992) *To build a new Jerusalem. The Labour Movement from the 1880s to the 1990s*. London: Michael Joseph
- Desai, R. (1994) *Intellectuals and Socialism. 'Social Democrats' and the British Labour Party*. London: Lawrence and Wishart
- Diamond, P. (ed) (2004) *New Labour's Old Roots. Revisionist Thinkers in Labour's History 1931-1997* Exeter: Imprint Academic
- Diamond, P. & Liddle, R. (eds.) (2009): "Introduction" I: Diamond, P & Liddle, R. *Beyond New*

- Labour. The future of social democracy in Britain* London: Politico's
- Dorey, P. (1995) *The Conservative Party and the Trade Unions* London: Routledge
- Driver, S. & Martell, L. (1998) *New Labour. Politics after Thatcherism*. Cambridge: Polity Press
- Driver, S. & Martell, L. (2006) *New Labour*. Second edition Cambridge: Polity Press
- Drucker, H.M. (1979): *Discipline and ethos in the Labour Party* London: Allen & Unwin
- Fielding, S. (2003) *The Labour Party. Continuity and Change in the Making of New Labour*. Basingstoke: Palgrave Macmillan
- Fielding, S. & McHugh, D. (2003) "The Progressive Dilemma and the social democratic perspective" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester: Manchester University Press
- Foote, G. (1985) *The Labour Party's Political Thought. A History*. London: Croom Helm
- Giddens, A. (1994) *Beyond Left and Right. The Future of Radical Politics*. Cambridge: Polity Press
- Giddens, A. (1999) *Den tredje vei. Fornyelsen av sosialdemokratiet*. Oslo: Pax Forlag
- Giddens, A. (2000) *The Third Way and its critics*. Cambridge: Polity Press
- Giddens, A. (2002) *Where now for New Labour?* Cambridge: Polity Press
- Giddens, A. (2007) *Over to You, Mr. Brown: How Labour can win again* Cambridge: Polity Press
- Gould, P. [1998] (2007) *The unfinished revolution. How the modernisers saved the Labour Party*. London: Abacus
- Hale, S. (2004): "The communitarian 'philosophy' of New Labour" I: Hale, S., Leggett, W. & Martell, L. (eds.) *The third way and beyond. Criticisms, futures, alternatives*. Manchester: Manchester University Press
- Hale, S., Leggett, W. & Martell, L. (eds.) (2004): *The third way and beyond. Criticisms, futures, alternatives*. Manchester: Manchester University Press
- Harrison, M. (1960) *Trade Unions and the Labour Party since 1945*. London: George Unwin & Allen
- Hay, C. (1999) *The political economy of New Labour*. Manchester: Manchester University Press
- Hay, C. (2003) "How to study the Labour Party: contextual, analytical and theoretical issues" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester: Manchester University Press

- Heiret, J., Ryymin, T. & Skålevåg, S. (2013) "Innledning" I: Heiret, J., Ryymin, T. & Skålevåg, S. (red.) *Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970* Oslo: Pax Forlag
- Heffernan, R. & Marqusee, M. (1992) *Defeat from the jaws of victory. Inside Kinnock's Labour Party*. London: Verso
- Hughes, C. & Wintour, P. (1990) *Labour rebuilt. The new model party*. London: Fourth Estate.
- Howell, C. (2007) *Trade Unions and the State: The Construction of Industrial Relations Institutions in Britain, 1890-2000* Princeton: Princeton University Press
- Jones, T. (1996) *Remaking the Labour Party. From Gaitskell to Blair*. London: Routledge
- Joyce, P. (1999) *Realignment of the Left. A history of the relationship between the Liberal Democrat and Labour parties*. Basingstoke: Macmillan Press
- Laybourn, K. (2000) *A Century of Labour. A History of the Labour Party*. Gloucester: Sutton
- Leggett, W. (2005) *After the Third Way. Social Theory and Centre-Left Politics*. Basingstoke: Palgrave Macmillan
- Ludlam, S. (2003): "Too much pluralism or not enough socialism? Interpreting the party-unions link" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History*. Manchester: Manchester University Press
- Marquand, D. (1999) *The Progressive Dilemma. From Lloyd George to Tony Blair*. Second edition. London: Phoenix Giant
- Marquand, D. (2009) "After progress" I: Diamond, P. & Liddle, R. (eds.) *Beyond New Labour. The future of social democracy in Britain*. London: Politico's
- Miliband, R. (1972) *Parliamentary Socialism*. Second edition. London: Merlin Press
- Miliband, R. (1976) "Moving On" I: *Socialist Register*, 13:128-140 URL: http://socialistregister.com/index.php/srv/article/view/5397/2296#.Ut5C_NLsRnI (Lasta opp 04.01.2014)
- Miliband, R. (1983) "Socialist Advance in Britain" I: *Socialist Register*, 20:103-120 URL: http://socialistregister.com/index.php/srv/article/view/5493/2391#.Ut4_-tLsRnI (Lasta opp 04.01.2014)
- Minkin, L. (1980) *The Labour Party Conference. A Study in the Politics of Intra-Party Democracy*. Manchester: Manchester University Press
- Minkin, L. (1992): *The Contentious Alliance. Trade Unions and the Labour Party*. Edinburgh:

Edinburgh University Press

Minkin, L. (1997) *Exits and Entrances. Research as a Creative Art*. Sheffield: Sheffield Hallam University Press

Newman, M. (2003) "Ralph Miliband and the Labour Party: from *Parliamentary Socialism* to 'Bennism' I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester: Manchester University Press

Panitch, L. & Leys, C. (2001) *The End of Parliamentary Socialism. From New Left to New Labour* Second edition. London: Verso

Pelling, H. & Reid, A. J. (2005) *A Short History of the Labour Party*. 12th edition. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Pugh. (2010) *Speak for Britain! A New History of the Labour Party*. London: The Bodley Head

Reid, A. J. (2005) *United We Stand. A History of Britain's Trade Unions*. London: Penguin

Quinn, T. (2004) *Modernising the Labour Party. Organisational Change since 1983*. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Quinn, T. (2009) "Book Review" I: *Party Politics* 15:2, 243-247 URL:
<http://ppq.sagepub.com.pva.uib.no/content/15/2/243.full.pdf+html> (Lasta opp 08.02.2013)

Russell, M. (2005) *Building New Labour. The Politics of Party Organisation*. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Russell, M. (2008) "Book Review: Thomas Quinn: Modernising the Labour Party. Organisational Change since 1983" I: *Party Politics* 14:1, 138-141 URL:
<http://ppq.sagepub.com.pva.uib.no/content/14/1/138.full.pdf+html> (Lasta opp 08.02.2013)

Seyd, P. (1987) *The rise and fall of the Labour Left* Houndmills: Macmillan

Seyd, P. & Whiteley, P. (1992) *Labour's Grass Roots. The politics of party membership* Oxford: Clarendon Press

Seyd, P. & Whiteley, P. (2002) *New Labour's Grass Roots. The transformation of the Labour Party membership* Basingstoke: Palgrave Macmillan

Shaw, E. (1994) *The Labour Party since 1979. Crisis and Transformation*. London: Routledge

Shaw, E. (1996) *The Labour Party since 1945*. Oxford: Blackwell

Shaw, E. (2003) "Lewis Minkin and the party-unions link" I: Callahan, J., Fielding, S. & Ludlam, S. (eds.) *Interpreting the Labour Party. Approaches to Labour Politics and History* Manchester:

Manchester University Press

Shaw, E. (2008) *Losing Labour's Soul? New Labour and the Blair Government 1997-2007*. London: Routledge

Stevenson, J. (1993) *Third Party Politics since 1945. Liberals, Alliance and Liberal Democrats*. Oxford: Blackwell.

Taylor, A. J. (1987) *Trade Unions and the Labour Party* London: Croom Helm

Taylor, G. (1997): *Labour's Renewal? The Policy Review and Beyond*. Basingstoke: Macmillan Press

Taylor, R. (1993a) *The Trade Union Question in British Politics. Government and Unions since 1945*. Oxford: Blackwell

Taylor, R. (1993b) "Book Review" I: *Albion - A Quarterly Journal Concerned with British Studies* 25:1, 162-164 URL: <http://www.jstor.org/stable/4051101> (Lasta opp 04.01.2014.)

Taylor, R. (2000) "The trade unions and the formation of the Labour Party" I: Brivati, B. & Heffernan, R. (eds.) *The Labour Party: A Centenary History*

Teeple, G. (2000) "Leo Panitch and Colin Leys: *The End of Parliamentary Socialism. From New Left to New Labour*" I *Canadian Journal of Sociology* 25:1, 122-124. URL: <http://www.jstor.org/pva.uib.no/stable/pdfplus/10.2307/3341920.pdf?acceptTC=true> (Lasta opp 04.01.2014)

Thorpe, A. (2001): *A History of the British Labour Party* Second edition. Basingstoke: Palgrave

Wainwright, H. (1987) *Labour: A tale of two parties*. London: Hogarth Press

White, H. (2003) *Historie og fortelling. Utvalgte essay*. Oversatt av Kjell og Kari Risvik. Oslo: Pax Forlag

Digitale kjelder

"David Miliband: New Labour is dead. What counts now is next Labour», *Daily Mirror*, 18.05.2010. URL: <http://www.mirror.co.uk/news/uk-news/david-miliband-new-labour-dead-222138> (Lasta opp 04.01.2014)

«Ed Miliband's speech to Labour Party Annual Conference 2012» URL: <http://www.labour.org.uk/ed-miliband-speech-conf-2012> (Lasta opp 04.01.2014)

«Ed Miliband to put Labour union reform to vote at special conference», *The Guardian*, 23.07.2013. URL: <http://www.theguardian.com/politics/2013/jul/22/ed-miliband-labour-union-conference> (Lasta opp 29.11.2013.)